

Utval: Fylkestinget
Møtestad: Stord hotell, Leirvik
Dato: 12.06.2018 kl. 11:00-18:15
 13.06.2018 kl. 09:00-17:05

Følgjande faste medlemmer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer	Merknad
Anne Gine Hestetun	Fylkesordførar	A	
Siri Klokkestuen	Medlem	A	
Kari Sørensen Bernardini	Medlem	A	
Atle Kvåle	Medlem	A	
Mari Klokkestuen Kjellesvik	Medlem	A	Frå 12.06. kl. 15:50
Emil Lennart Pålikoff Gadolin	Medlem	A	
Kine Bratli Dale	Medlem	A	
Helge Nævdal	Medlem	A	
Synnøve Solbakken	Medlem	A	
Espen Berntsen	Medlem	A	
Linda Haugland Jondahl	Medlem	A	
Roald Kvamme	Medlem	A	
Katrin Innvær Ankervold	Medlem	A	
Per Lerøy	Medlem	A	
Kjell Gitton Håland	Medlem	A	
Torgeir Toppe	Medlem	A	
Roald Stenseide	Medlem	FRP	
Sigbjørn Framnes	Medlem	FRP	
Gustav Bahun	Medlem	FRP	
Gunnar Bakke	Medlem	FRP	
Renate Møgster Klepsvik	Medlem	FRP	Frå 12.06. kl. 15:30
Rosalind Fosse	Medlem	FRP	
Mona Røsvik Strømme	Medlem	H	
Silja Ekeland Bjørkly	Medlem	H	
Inge Reidar Kallevåg	Medlem	H	
Stein Inge Ryssdal	Medlem	H	
Ragnhild Fagerbakke	Medlem	H	Til 13.06. kl. 16:30
Nils Marton Aadland	Medlem	H	
Iiril Schau Johansen	Medlem	H	
Svein Halleraker	Medlem	H	
Dan Stian Femoen	Medlem	H	
May Eva Sandvik	Medlem	H	
Olav Kvinge	Medlem	H	
John Helge Gullaksen	Medlem	H	
Astrid Aarhus Byrknes	Medlem	KRF	Til 13.06. kl. 15:30
Pål Kårbø	Fylkesvaraordførar	KRF	
Beate Husa	Medlem	KRF	
Tor André Ljosland	Medlem	KRF	Til 13.06. kl. 15:30
Tom Sverre Tomren	Medlem	MDG	
Natalia Antonia Golis	Medlem	MDG	
Øyvind Strømmen	Medlem	MDG	
Terje Kollbotn	Medlem	R	
Benthe Bondhus	Medlem	SP	
Jon Askeland	Medlem	SP	12.06.
Sara Hamre Sekkingstad	Medlem	SP	
Alexander Fosse Andersen	Medlem	SP	
Aud Karin Oen	Medlem	SV	

Marthe Hammer	Medlem	SV
Anne Beth Njærheim	Medlem	V
Geir Kjell Andersland	Medlem	V
Geir Angeltveit	Medlem	V

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer	Merknad
Gunn Berit Lunde Aarvik	Medlem	A	
Rasmus Laupsa Rasmussen	Medlem	A	
Daniel Charles Hextall	Medlem	SV	
Gro Berge	Medlem	A	
Anita Garlid Johannessen	Medlem	FRP	
Åse Gunn Husebø	Medlem	A	

Følgjande varamedlemmer møtte:

Namn	Møtte for	Representerer	Merknad
Øyvind Hardeland	Rasmus Laupsa Rasmussen	A	Frå 13.06. kl. 15:45
Ellen Liljedahl Stavseth	Gro Berge	A	
Roberto Tanaia	Gunn Berit Lunde Aarvik	A	
Christoffer Thomsen	Anita Garlid Johannessen	FRP	
Einar Horvei	Daniel Charles Hextall	SV	
Bright Olav Gåsdaal	Mari Kjellesvik Klokkestuen	A	Til 12.06. kl. 15:50
Svein Otto Jacobsen	Renate Møgster Klepsvik	FRP	Til 12.06. kl. 15:30
Harald Rydland	Astrid Aarhus Byrknes	KRF	Frå 13.06. kl.15:30
Mette Heidi Bergsvåg Ekrheim	Jon Askeland	SP	13.06.
Dag Rune Mo	Åse Gunn Husebø	A	

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Rune Haugsdal	Fylkesrådmann
Ingrid Holm Svendsen	Fylkesdirektør økonomi og organisasjon
Svein Heggheim	Fylkesdirektør opplæring
Håkon Rasmussen	Fylkesdirektør samferdsel
Per Morten Ekerhovd	Kst. fylkesdirektør kultur og idrett
Bård Sandal	Fylkesdirektør regional utvikling
Arne Åsan	Fylkestannlege
Oddmund Sylta	Direktør Skyss
Janne Værnø	Kommunikasjonsdirektør
Bertil Søfteland	Leiar fylkessekretariatet
Sigrid Helene Aardal	Seniorrådgjevar fylkessekretariatet
Anita Fjellheim	Spesialkonsulent fylkessekretariatet
Jan Erik Angelskår	Rådgjevar lokasjonsdrift, IT-seksjonen
Jorge Ivan Charriar	Rådgjevar IT-service, IT-seksjonen
Bjarte Brask Eriksen	Seniorrådgjevar kommunikasjonsrådgjeving
Ingeborg Borgen Takle	Rådgjevar fylkessekretariatet

Anne Gine Hestetun

Underskrift

Underskrift

Ingeborg Borgen Takle
sekretær

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off.
PS 30/18	Godkjenning av møteinnkalling		
PS 31/18	Referatsaker (meldingar)		
RS 6/18	Rullering av skulebruksplan (SBP) 2017-2030	2016/4130	
RS 7/18	Løypemelding - verbalforslag PS 105/17	2018/10497	
RS 8/18	Årsmelding for Fagskolane i Hordaland 2017	2015/11453	
RS 9/18	Rapport frå elev- og lærlingombodet 2017	2018/10200	
RS 10/18	Årsmelding for Ungdommens fylkesting 2017	2014/560	
RS 11/18	Årsmelding 2017 for Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne.	2017/485	
RS 12/18	Årsrapport 2017	2018/7812	
RS 13/18	Årsrapport 2017 for mobbeombodet	2016/10915	
RS 14/18	Festspillene i Bergen og Festspillene i Nord-Norge - Brev om festivalstøtteordningen	2014/14136	
PS 32/18	Interpellasjonar/spørsmål		
FO 1/18	Interpellasjon frå Tor Andre Ljosland (KRF) - setebelter på buss	2017/16473	
FO 2/18	Interpellasjon frå Alexander Fosse Andersen (Sp) - Tannbehandling for pasientar i heimesjukepleia	2014/19439	
FO 3/18	Interpellasjon frå Aud Karin Oen (SV) - Handlingsplan mot plastforsøpling	2017/14885	
FO 4/18	Interpellasjon frå Iril Schau Johansen (H) - LHBT-politikk	2015/9679	
FO 5/18	Interpellasjon frå Terje Kollbotn (R) - Fagforeningsknusing på Sotra i Hordaland	2018/11622	
FO 6/18	Skriftleg spørsmål - Olav Kvinge (H) - Tilfluktsrom, «del 2»	2015/8272	
FO 7/18	Skriftleg spørsmål- Iril Schau Johansen (H) -Førebygging og tilrettelegging med tanke på allergiar	2017/17793	
FO 8/18	Skriftleg spørsmål - Aud Karin Oen (SV) - Tannhelsetenesta - samarbeid med barnevernet	2018/11655	
PS 33/18	Ymse		
PS 34/18	Forvaltningsrevisjon innan arkivering og journalføring - Revisjonsrapport	2017/13386	
PS 35/18	Godkjenning av årsrekneskap 2017	2016/4239	
PS 36/18	Finansrapport 1. tertial 2018	2014/927	
PS 37/18	Prosjektrekneskap - justert godkjenningsordning	2016/11221	
PS 38/18	Sykkel VM i Bergen2017 - motrekning av usikkerheitsavsetjing	2014/1636	
PS 39/18	Tertialrapport pr. april 2018 - rekneskapsprognose	2018/10860	
PS 40/18	Nytt fylkeshus - økonomi, eigarskap og mellombelse lokale	2018/6103	
PS 41/18	Forskrift om dekking av skyssutgifter for pasientar i den offentlege tannhelsetenesta i Hordaland	2017/835	
PS 42/18	Dimensjonering av fagskulen på Laksevåg i 2023	2015/11453	
PS 43/18	Mandat for elev- og lærlingombodet i Hordaland	2018/10227	
PS 44/18	Mandat for mobbeombodet i Hordaland	2018/10229	

PS 45/18	Evaluering av ny budsjettmodell og bærekraftig finansiering av dei vidaregåande skulane	2016/33942
PS 46/18	Utviding av musikktilbodet ved Langhaugen vgs	2016/4130
PS 47/18	Askøy vgs - romprogram	2018/10538
PS 48/18	Lokal forskrift - fleksibilitet i fag- og timefordeling i vidaregåande opplæring	2018/8642
PS 49/18	Sentralbadet scenekunsthuss. Medverknad frå Hordaland fylkeskommune	2015/4446
PS 50/18	Temaplan for landbruk i Hordaland 2018-2022 etter høyring	2017/14135
PS 51/18	Målform i Hordaland fylkeskommune	2017/3812
PS 52/18	Endingar i "Reglement om godtgjersle til folkevalde i Hordaland fylkeskommune"	2017/1229
PS 53/18	Bompengereforma - overføring av garantiar til Ferde AS	2018/7385
PS 54/18	Prinsipp for prising av kollektivtrafikken i Hordaland	2018/10723
PS 55/18	Revisjon av Bømlopakken	2018/10634
PS 56/18	Evaluering og endringar i rammeavtalen med Statens vegvesen	2014/12426
PS 57/18	Strategisk utviklingsplan for Vestland fylkeskommune - oppstart av førebuande arbeid for regional planstrategi	2015/7064
PS 58/18	Årsmelding 2017 Hordaland fylkeskommune	2014/15084
PS 59/18	Årsmeldingar for fylkesvegane i Hordaland og Bergensprogrammet 2017	2014/505
PS 60/18	Kollektivstrategi for Hordaland - årsrapport 2017	2014/278
PS 61/18	Regionalt forskingsfond Vestlandet - Årsmelding 2017	2018/11087
PS 62/18	Årsmelding for kontrollutvalet for 2017	2017/2535
PS 63/18	Årsmelding for klagenemnda - 2017	2016/2364
PS 64/18	Søknad om fritak frå politiske verv i Hordaland fylkeskommune grunna flytting	2017/732
PS 65/18	Søknad om permisjon frå politiske verv i Hordaland fylkeskommune	2017/732
PS 66/18	Søknad om fritak frå fylkeskommunale verv - Henriette Tyse Nygård	2017/732
PS 67/18	Søknad om fritak fra verv som varamedlem i utval for opplæring og helse	2017/732
PS 68/18	Søknad om fritak ut valperioden	2017/732
PS 69/18	Søknad om fritak frå verv som vararepresentant for Yrkesopplæringsnemnda	2017/732
PS 70/18	Verdsarvråd for verdsarvstaden Bryggen. Val av to medlem og to varamedlem	2018/10963
PS 71/18	Varsling for politikarar	2018/8138
PS 72/18	Flytting av bomstasjonar	2018/11652
PS 73/18	Godtgjersle til folkevalde - justering av satsane i 2018	2016/9267
PS 74/18	Tilsetjingssak - kst fylkesrådmann	2018/11351

PS 30/18 Godkjenning av møteinnkalling

Saksprotokoll i fylkestinget - 12. og 13.06.2018

Vedtak

Møteinnkallinga vart godkjent.

PS 31/18 Referatsaker (meldingar)

Saksprotokoll i fylkestinget - 12. og 13.06.2018

RS 6-14/18 vart referert.

PS 32/18 Interpellasjonar/spørsmål

FO 1/18 Interpellasjon frå Tor Andre Ljosland (KRF) - setebelter på buss

Saksprotokoll i fylkestinget - 12. og 13.06.2018

Fylkesordførar svarte slik:

«Skyss er i gong med førebuing til nye anbodskonkurransar for bussdrift i kontraktsonråda Bergen sentrum og Bergen nord. I samband med dette blir det no arbeid med utgreiing og vurderingar mellom anna knytt til krav til bussparken og sikkerheit/setebelte. Tilrådingar knytt til dette vert etter planen lagt fram til politisk handsaming over sommaren.»

Tor André Ljosland, KrF, sette fram slikt forslag:

«Alternativ:

Nye anbud skal inneholde krav om setebelter på buss.»

Sigbjørn Framnes, Frp, sette fram slikt oversendingsforslag:

«Nye anbud skal inneholde krav om setebelter på buss.»

Røysting

Det var 56 representantar til stades.

Framnes sitt forslag fekk 7 røystar, og vart med det ikkje vedteke oversendt.
Ljosland sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Nye anbud skal inneholde krav om setebelter på buss.

FO 2/18 Interpellasjon frå Alexander Fosse Andersen (Sp) - Tannbehandling for pasientar i heimesjukepleia

Saksprotokoll i fylkestinget - 12. og 13.06.2018

Fylkesordførar svarte slik:

«Lov om tannhelseteneste § 1-3 definerer kven som har rett på eit offentleg tannhelsetilbod. Ei av gruppene er «eldre, uføre og langtidssjuka i institusjon og i heimesjukepleie». I forskrift til lova er det vidare definert at personar som har vedtak om heimesjukepleie vil først ha rett til vederlagsfri tannbehandling på offentleg tannklinikkk når dei har hatt heimesjukepleie i 3 månader – og dei må ha besøk av sjukepleiar minst ei gong i veka.

Pasientgruppa som har vedtak om kommunal heimsjukepleie er ei svært samansett gruppe. Det er eldre menneske, og det er yngre menneske. Det er fysiske lidningar, og det er psykiatri. Nokre er alvorleg sjuke med stort pleiebehov, medan andre må ha hjelp til å sette ei sprøyte. Ein del av desse pasientane takkar nei takk til tilbodet om vederlagsfri tannbehandling ut frå den livssituasjonen dei er i. Nokre vel og å få utført tannbehandlinga hos sin private tannlege.

Tala som er publisert i Dagbladet 25. mai bygger på ein rapport frå Statistisk sentralbyrå (SSB). SSB har henta ut tal frå IPLOS-registeret over totalt personar som har heimsjukepleie, og brukt tal over behandla pasientar i denne gruppa som er rapportert inn av tannhelsetenesta. Sidan IPLOS-tala er totaltal for alle som har vedtak om heimesjukepleie, og ikkje skil ut dei som har hatt heimsjukepleie i meir enn 3 månader er SSB-tala misvisande. Denne feilkjelda har fylkestannlegane sitt arbeidsutval påpeika i samarbeidsmøter med SBB fleire gonger.

Representanten Alexander Fosse Andersen har stilt desse spørsmåla:

1. Kor stor del av eldre og langtidssjuke under tilsyn av heimesjukepleia vert undersøkt og behandla av den offentlege tannhelsetenesta i Hordaland?

Tannhelsetenesta i Hordaland har i løpet av 2017 registret 9433 personar i Hordaland som hadde heimesjukepleie. Av desse er 3276 pasienter ferdigbehandla av tannhelsetenesta, 892 pasienter er ved årsskiftet 2017/2018 under behandling og 1586 pasientar har av ulike grunnar bedt om å få venta til 2018 med innkalling til tannhelsetenesta.

Begrepet «under tilsyn» omfattar dei som er ferdigbehandla, dei som er under behandling og dei som står på innkallingsliste. Totalt hadde tannhelsetenesta i Hordaland i 2017 5754 pasientar «under tilsyn» innan gruppa heimesjukepleie. Dette utgjør 61%.

2. Kva samarbeid har den offentlege tannhelsetenesta i Hordaland med heimesjukepleia i kommunane for å sikre god tannhelsebehandling for den aktuelle gruppa?

For å sikra godt samarbeid mellom tannhelsetenesta og kommunehelsetenesta er det inngått samarbeidsavtaler med alle kommunar i fylket. Det er ein overordna avtale signert av rådmann og overtannlege i det aktuelle tannhelsedistriktet, og så sju avtalar for dei enkelte tenesteområda – til dømes samarbeidsavtale som omfattar helsestasjon og skulehelseteneste, barnevern, NAV sosialteneste, rus og psykiatri. Det er ein eigen avtale for pleie- og omsorgssektoren.

Alle desse avtalane klargjer kven som har ansvar for kva, til dømes er det pleie- og omsorgstenesta som har ansvar for å informere brukarane sine om kva rettar dei har til tannbehandling. I avtalen står det og at det minst ei gong årleg skal vera samarbeidsmøte mellom tannhelsetenesta og pleie- og omsorgstenesta. Fylkestannlegen har i 2018 starta arbeidet med å revidera alle samarbeidsavtalane.

3. Kva tiltak kan Hordaland fylkeskommune gjere for å sikre at eldre og langtidssjuke under tilsyn av heimesjukepleia får den tannhelsebehandlinga dei har rett på?

Lov om tannhelseteneste er frå 1984, og pleie- og omsorgstilbodet har endra seg mykje sidan då. Det er frå fagleg ståstad behov for at gjeldande lovverk vert gjennomgått og revidert. For å vurdere framtidige prioriteringar innan den kommunale helse – og omsorgstenesta og tannhelsetenesta har regjeringa sett ned det såkalla Blankenholm-utvalet. Det som skal koma med sine forslag til prioriteringar før 31.12.2018. Både fylkestannlegen i Hordaland og leiar på kompetansesenteret har delteke i møte med Blankenholm-utvalet og budskapet har vore at tannhelsetilbodet til eldre, uføre og langtidssjuke må generelt prioriterast høgare og ressursane aukast.

For å betra tilbodet har tannhelsetenesta i Hordaland initiert to prøveprosjekt:

- I samarbeid mellom Stord tannklinikk og Stord kommune blir pasientar som har heimesjukepleie grunna langvarig og alvorleg psykiatrisk sjukdom henta på bustaden av kommunalt pleiepersonell, og kjørt til og frå tannklinikken. Dette prosjektet har som mål å redusera «ikkje-møtt» i ei pasientgruppe som har lett for å utebli til avtala time. Prosjektet er midlertidig finansiert av statlege midlar. Alt tyder på at det bør bli ei fast ordning.
- I samarbeid mellom Utviklingssenter for sykehjem og hjemmetjenester i Hordaland, Sentrum tannhelsedistrikt og UiB er det eit prøveprosjekt i Årstad bydel der tannpleiar deltek saman med personell frå pleie- og omsorgstenesta i det første heimebesøket. Det er då tannpleiar si oppgåve å orientere om brukaren sine rettar til tannbehandling, samt gjera ei rask kartlegging av om i kva grad brukaren har behov for tannhelsetilbod. Også dette prosjektet er finansiert av statlege midlar.»

FO 3/18 Interpellasjon frå Aud Karin Oen (SV) - Handlingsplan mot plastforsøpling

Saksprotokoll i fylkestinget - 12. og 13.06.2018

Fylkesordførar svart slik:

«Interpellasjonen til SV beskriv på ein god måte dei utfordringar samfunnet vårt har med herrelaust avfall og plast i naturen. Mange aktørar er no på banen både nasjonalt og i fylket vårt for å jobba med problemstillinga.

Fylkesutvalet i Hordaland gjorde 23.02.2017 fylgjande vedtak:

Plast som er kasta i naturen er eit stort naturproblem. Det er eit problem i seg sjølv fordi mykje av plasten kan innehalde giftige tilsetningsstoff som kan leke ut. Eit anna problem er at fuglar og dyr kan skade seg på det, ved enten å ete det, eller setje seg fast i avfallet. Etter at ein sjeldan kval nyleg døde som fylgje av inntak av store mengder plast har mange frivillige engasjert seg for å samle inn plast som ligg slengt i naturen. Dette avfallet må handterast. Hordaland fylkeskommune ynskjer å bidra til dugnaden.

Fylkesutvalet set av 750 000 kroner til tiltaket, Midlane skal kanalisert gjennom Bergen og omland friluftsråd for tiltak i heile Hordaland.

For 2018 vart ytterlegare 1 million kroner gjeve frå Fylkestinget til BOF til same tiltak med opprydding av såkalla herreløst avfall på strender i Hordaland.

Desse midlane og arbeidet har gjeve resultat slik at «Vestlandsmodellen» til BOF har fått nasjonal merksemd og BOF har også fått fleire millionar kroner frå den nasjonale «ryddepotten» BOF driftar 230 friluftsområde for 17 kommunar i Hordaland, og er vorte ein viktig aktør i arbeidet med marin forsøpling. Fylkeskommunen gjev gjennom spelemiddelordningar tilskot til kunstgrasbanar, som er ein av dei store bidragsytarar av plastgranulat til naturen. Her blir det jobba med meir miljøvenlege løysingar på lokalt og nasjonalt nivå.

Hordaland fylkeskommune har i samarbeid med dei 3 andre fylkeskommunar i Vestlandsrådet sidan hausten 2017 jobba med marin forsøpling. Dette har gjort at Vestlandsrådet løyva kr 500 000 i 2018 til ein prosjektstilling til å samordna dette betre på Vestlandet. Hordaland fylkeskommune har alt i dag godt samarbeid med Bergen kommune og forskinga gjennom UNI Research om plastforsøpling og fleire av våre vidaregåande skular har vore involvert i forskings- og ryddeprosjekt. Det er sett av kr 100 000 på klimabudsjettet til at vidaregåande skular etter søknad skal få stønad til å setja i gang slike prosjekt i 2018-2019.

EU-kommisjonen har nett kome med sin plaststrategi der EU ønskjer å forby all plast til eingongsbruk der det er alternativ. Bergen er i desse dagar i ferd med å vedta sin eigen plaststrategi.

Slik SV foreslår er det eit godt forslag at Hordaland fylkeskommune utarbeider sin eigen plaststrategi. Dei kjem også med gode framlegg om moglege tiltak i ein slik handlingsplan og foreslår at planen skal vera klar innan 2018.

Når ein slik plan kan vera klar er litt avhengig av omfang og ressursbruk. Nedskjeringar i HFK har bl.a. medført at Klima- og naturressursseksjonen har redusert administrativ kapasitet med 0,4 stilling frå 1.1.2018 og får ytterlegare reduksjon med 0,4 stilling i november. Omfang av strategien og tid for ferdigstilling av plaststrategien vil avheng av ressursar i administrasjonen. Administrasjonen jobbar med sikte på å få Vestlandsrådets 50% engasjementstilling til Hordaland supplert med ein halv stilling slik at det kan lysast ut ei full stilling. Administrasjonen vil kunne ha framlegg til plaststrategi første del av 2019.»

FO 4/18 Interpellasjon frå Irlil Schau Johansen (H) - LHBT-politikk

Saksprotokoll i fylkestinget - 12. og 13.06.2018

Fylkesordførar svarte slik:

«LHBT-arbeidet i Hordaland fylkeskommune skjer i regi av temaplan for likeverd, som dekkar eit breiare felt enn interpellanten peikar på – mellom anna likestilling, universiell utforming, mobbing og trakassering. Temaplanen vart vedteken av fylkestinget i juni 2017, og skal gjelde for fire år. Planen omfattar ikkje tiltak, men han set opp fire mål med 13 tilhøyrande strategiar.

Fylkesrådmannen er i gang med å utarbeide eit samla oversyn over status for arbeidet knytt til temaplanen for likeverd og det europeiske charter for likestilling mellom kvinner og menn i lokalsamfunnet, som Hordaland tiltredde etter vedtak i 2017. Dette oversynet skal etter planen leggjast fram som ei orientering til fylkestinget hausten 2018.

Eg vil no gå gjennom det mest sentrale arbeidet som er gjort med planen, for å kome tilbake med ei meir uttømande oversikt i det samla oversynet som skal leggast fram i haust.

I tråd med temaplanen sin strategi for å førebygge mobbing og trakassering, er det etablert eit mobbeombod for elevar, og eigne retningslinjer for handtering av mobbing, trakassering og anna utilbørleg åtferd er innført i HFK.

Når det gjeld strategien for å skape trygge og gode psykososiale miljø for alle tilsette, gjennomførte vi i januar ei medarbeidarundersøking der tilsette gav uttrykk for høg grad av trivsel. I den årlege eigenkontrollen kartlegg vi om lokale leiarar følgjer opp overordna krav. I eigenkontrollen for 2017 tok ein også opp spørsmål om likeverdsplanen vert følgd opp med tiltak i lokal HMS-plan. 13 einingar svarte JA, medan 33 svarte NEI. Denne mangelen vert følgd opp mellom anna gjennom opplæring. Det er sendt ut ei påminning til alle einingar om at tiltak for likestilling og likeverd skal være med i lokal HMS-plan.

Når det gjeld strategien for inkluderande verksemd, ligg det føre ein eigen IA-handlingsplan som vert følgd opp i HAMU to gangar årleg.

I samarbeid med foreininga FRI (tidlegare kalla LLH) er det så langt avvikla LHBT-kursing av omlag 330 rektorar, tilsette og elevar på 14 vidaregåande skular, med fleire kurs under planlegging. Fylkesrådmannen si toppleiargruppe og HAMU har også fått slik opplæring.»

FO 5/18 Interpellasjon frå Terje Kollbotn (R) - Fagforeningsknusing på Sotra i Hordaland

Saksprotokoll i fylkestinget - 12. og 13.06.2018

Fylkesordførar svarte slik:

«Fylkesordføraren er einig med representanten Kollbotn at saka han syner til ved Norce Production i Sund kommune er svært alvorlig og eg vil sei uverdigg. Slik skal vi ikkje ha det i norsk arbeidsliv. Etter at dei tilsette har vunne kampen om å få oppretta tariffavtale gjennom ein lovleg streik opplever dei at verksemda slår seg konkurs og så er det berre uorganiserte som får arbeid i den nye verksemda, dette er uheldig. Sosial dumping og arbeidslivskriminalitet er mellom dei største samfunnsutfordringane Norge står framføre, og medverka til å forsterka inkluderingsutfordringane i arbeidsmarknaden.

«Den norske modellen» er tufta på tett samarbeid og dialog mellom myndigheiter og partane i arbeidslivet og formalisert i lov- og avtaleverk herunder kollektive landsomfattande tariffavtarar. Hovudavtalen som legg til rette for eit breidt og likeverdigg samarbeid mellom arbeidsgjevarar og arbeidstakarar er omtalt som «juvelen» i dette samarbeidet.

«Den norske modellen har» hausta internasjonal merksemd og anerkjenning og er bunnplanken i den norske velferdsmodellen med ein sterk offentlegg sektor, eit seriøst og regulert arbeidsliv, universelle velferdsordningar og små skilnader.

Men me ser at vår unike måte å organisera samfunnet og samarbeidet på er under angrep frå fleire kantar, både gjennom politiske vedtak og gjennom useriøse verksemdar. Stillingsvernet i Arbeidsmiljølova er svekka, endringar i regelverket for innleige har nær øydelagt fleire bransjar og det er stadig fleire eksempel på useriøse arbeidsgjevarar og verksemdar som undergrev velferdsordningane mellom anna gjennom sosial dumping, skatteundraging og andre brot på lov- og avtaleverk.

Ja sjølv i ei tilsynelatande velorganisert næring som finansnæringa opplevde me no nyleg at organiserte i LO forbunda HK og Postkom måtte gå ut i streik for retten til å oppretta tariffavtale.

Me har alle eit ansvar for å stogga ei utvikling som undergrev lover og faglege rettar og difor har eit fleirtal her i fylkestinget gjennom fleire vedtak sett strenge vilkår for verksemdar som skal levera varer og tenester til fylkeskommunen, no sist i budsjettvedtak for 2018 om innføring av «Oslomodellen». Strenge krav i alle innkjøpskontraktar – om lærlingar, fast tilsette, fagarbeidarar og tariffesta løns- og arbeidsvilkår – forebygger arbeidslivskriminalitet og sosial dumping.

Fleirtalet syner gjennom desse vedtaka at vi skal halde orden i eige hus og arbeida aktivt for eit seriøst og ryddigg arbeidsliv og mot sosial dumping og arbeidslivskriminalitet. Da nytta å stilla tøffe krav, da nytta å stykja kontrolltiltak, politikk verkar!

Med all respekt her kunne også regjeringa gjort meir men til all lukke så har stortingsfleirtalet - opposisjonen saman med KrF sytt før å stramma til gjennom vedtak om at såkalte "faste ansettelsar uten lønn mellom oppdrag" og nullprosentkontraktar nå vert fjerna!

Og dei vedtok ein langt strengere regulering av bemanningsbransjen! Fra 1. januar kan avtalar om innleie berre inngås i verksemdar som er bunden av en landsomfattande tariffavtale med fagforeining med innstillingsrett!! I tillegg stogga dei forslaget om at bemanningsselskapa skulle få utvida adgang til å tilsette midlertidig.

For min eigen er det sjølvsagt å stå opp for retten til å organisera seg og retten til tariffavtale. Kampen som dei tilsette ved Norce Production gjennom fagforbundet NNN fører er ein rettferdig og viktig kamp som er vi alle må stø opp om.

Eg vil utfordra alle i denne salen og alle dei politiske partia til å gjera det same. Dette handlar om lovfesta rettar, eit velorganisert og trygt arbeidsliv, vår eiga framtid og styrken i den norske velferdsmodellen.»

FO 6/18 Skriftleg spørsmål - Olav Kvinge (H) - Tilfluktsrom, «del 2»

Saksprotokoll i fylkestinget - 12. og 13.06.2018

Fylkesordførar svarte slik:

«HFK har ansvaret for tilfluktsrom i 23 skulebygg og i 5 bussanlegg. Oversikt over kva for skular og bussanlegg som har tilfluktsrom er vedlagt dette notatet – vedlegg 1. Kartlegginga knytt til tilfluktsrom, som Egedomsavdelinga no gjennomfører, gjev mellom anna svar på tilstanden på tilfluktsromma. Vedlegg 1 til notatet inneheld dei opplysningane som til no er innhenta. Arbeidet vil halde fram, og vedlegg 2 til notatet inneheld Egedomsavdelinga sin tiltaksplan med fristar for perioden frå mars 2018 og ut 2019, der målet er at tilfluktsromma innafor denne tidsperioden skal tilfredsstillast dei krava som er sett av Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap.

Samla kapasitet for tilfluktsromma i skulebygga er ca. 7000 personar og for bussanlegga er samla kapasitet ca. 800 personar.

I samband med kartlegginga har rektor på dei aktuelle skulane fått krav om å lage ein plan for klargjering av tilfluktsromma på 72 timar.»

Vedlegga vert sendt til spørsmålsstillar.

FO 7/18 Skriftleg spørsmål- Iiril Schau Johansen (H) -Førebygging og tilrettelegging med tanke på allergiar

Saksprotokoll i fylkestinget - 12. og 13.06.2018

Fylkesordførar svarte slik:

«Det vil teknisk vera rimeleg enkelt å byte såpeprodukt til eit som ikkje er tilsett parfyme.

Egedomsavdelinga vil i samarbeide med BHT undersøke om det er såpeprodukt tilgjengeleg som er tilfredsstillande og komma attende med ei melding om kostnader og anbefalingar.»

FO 8/18 Skriftleg spørsmål - Aud Karin Oen (SV) - Tannhelsetenesta - samarbeid med barnevernet

Saksprotokoll i fylkestinget - 12. og 13.06.2018

Fylkesordførar svarte slik:

«Kor mange meldingar har Hordaland samanlikna med andre fylke?

Tannhelsetenesta i Hordaland sendte i 2017 totalt 73 bekymringsmeldingar til barnevernet. Av desse var 52 grunna gjentakande «ikkje møtt», og 21 var grunna mistanke om ulike former for omsorgssvikt.

Tannhelsetenesta i Hordaland er den største offentlege tannhelsetenesta i landet. Sett i høve til innbyggjartal i fylket og tal tilsette i tannhelsetenesta er dette noko lågare tal på bekymringsmeldingar samanlikna med mange andre fylker.

Er det skilnad som ein kan sjå mellom einskilde tannhelsedistrikt?

Oversikten viser skilnad i meldingsfrekvens mellom tannhelsedistrikt og ikkje minst mellom tannklinikkar. Nokre tannklinikkar sender sjeldan eller tilnærma aldri bekymringsmelding. Dette indikerer at meldeplikta ikkje alltid blir oppfylt. Resultata frå doktorgradsarbeidet gir grunnlag for at fylkestannlegen må iverksetta tiltak både for tannhelsetenesta samla, på distriktsnivå og på klinikknivå.

Kva fokus og opplæring er det på dette området?

Tannhelsetenesta i Hordaland, tannhelsetenesta i Rogaland og tannhelsetenesta i Sogn og Fjordane har utforma felles rutinar og malar for sending av bekymringsmelding. Rutinar og malar er utarbeidd i samarbeid med Statens barnehus Bergen, Statens barnehus Stavanger og Ressurscenter for vold og traumatisk stress (RVTS vest).

Det er inngått samarbeidsavtalar mellom tannhelsetenesta og barnevernstenesta i alle kommunar i Hordaland. Samarbeidsavtalen er inngått mellom den lokale tannklinikken og tilhøyrande barnevernkontor. I samsvar med samarbeidsavtalen skal det vera minst årlege samarbeidsmøter mellom barnevernstenesta og tannhelsetenesta, og møtet skal fortrinnsvis haldast på tannklinikken slik at alle tilsette får høve til å delta og møta dei tilsette i barnevernstenesta.

Tannhelsetenesta i Hordaland har ein person tilsett i deltidsstilling som såkalla «ressursperson barnevern». Tilsette kan ta kontakt med vedkomande med spørsmål om meldeplikta og rutinar, samt på anonymt grunnlag drøfta si bekymring i enkeltsaker. Målsettinga med å ha ein «ressursperson – barnevern» er å senka terskelen for å senda bekymringsmelding.

Alle ny-tilsette i tannhelsetenesta får ei førelesning om omsorgssvikt, meldeplikt og rutinar som ein del av tannhelsetenesta sitt introduksjonskurs.

Om dette talet er lågt/lågare enn det ein ser i andre fylke, kva tiltak kan ein setje i verk?

Utøving av meldeplikt til barnevernet er komplekst, og det kan vera vanskeleg å avgjera når melding skal sendast. Fylkestannlegen i Hordaland er med utgangspunkt i resultatata frå doktorgradsarbeidet i ferd med å iverksetta tiltak. Tiltaka vil til dømes vera:

- I samarbeid med UiB styrke opplæringa innan samarbeid med barnevernet i grunnutdanninga for tannlegestudentar
- Gi generell opplæring til alle tilsette i tannhelsetenesta, og ei meir målretta opplæring på enkelte tannklinikkar
- Sikra at alle tannklinikkar gjennomfører samarbeidsmøter med barnevernet i tråd med føringane.

Det er viktig å påpeika at målet ikkje nødvendigvis er å senda flest mogleg bekymringsmeldingar. Målet er at tannhelsepersonell blir så trygg som mogleg når det gjeld å avdekkja ulike former for omsorgssvikt og senda bekymringsmelding slik at dei utøver meldeplikta i tråd med lova si intensjon og til beste for borna.»

PS 33/18 Ymse

Saksprotokoll i fylkestinget - 12. og 13.06.2018

OPNING AV FYLKESTINGET – 12.12.2017

Til å skrive under møteboka saman med fylkesordføraren vart Geir Angeltveit, V, og Synnøve Solbakken, A, valde.

Fylkesordføraren gjorde framlegg om at møteboka vert godkjend av fylkesordføraren og dei som vart oppnemnde til å skrive under møteboka. Fylkestinget slutta seg til dette.

Det var kulturinnslag ved Stord vidaregåande skule.

Fylkesordføraren heldt opningstalen sin til fylkestinget.

Fylkesrådmannen heldt sin tale.

ORDSKIFTET ETTER TALANE

Etter talane var det ordskifte. 19 representantar hadde ordet.

I samband med ordskiftet sette **Jon Askeland, Sp**, fram slikt forslag til fråsegn til statsråd, departement og Hordalandsbenken:

«Fråsegn E39 Vågsbotn-Klauvaneset

Fylkestinget i Hordaland krev at ny trasè for dagens E39 gjennom Åsane vert bygd så raskt råd er, og at det vert gjort naudsynnte vedtak og ekstraordinære løyvingar for å sikra framdrift i arbeidet.

Innbyggjarane i Åsane og Nordhordland har lenge kjempa for ny trasè for dagens E39 gjennom Åsane. I 2016 slo Statens Vegvesen endeleg fast at Nyborgtunnelen ikkje vert bygd, men at E39 i Åsane skal inngå i det heilskaplege Ringveg Aust med trasè tilpassa dette.

Det vart då presisert at Nordhordland ikkje skulle lida for denne endringa.

Likevel er det det som har skjedd. I gjeldande NTP er strekninga Klauvaneset berre tilgodesett med planmidlar i andre del av planperioden 2023-2029.

Etter stort lokalpolitisk engasjement, har Stortinget opna for at rekkefølga på oppstart av delprosjekta på Ringveg aust mellom Klauvaneset og Arna kan endrast, slik at Vågsbotn - Klauvaneset kan startast opp først.

Ingen annan veg har høgare trafikk på så smal og ulukkesutsett vegbane. E39 Vågsbotn – Klauvaneset har veldig låg standard, svært høge trafikktal og store køproblem med fare for ulukker, og tap av liv og helse. Trafikken gjennom tunnelen i Vågsbotn er passert 25000 bilar pr. døger og den aukar. På det smalaste er vegen under 6 meter og eigentleg ikkje godkjent for gul stripe etter Statens Vegvesen sin eigne krav til vegbreidde. Sidan 1994 er 13 menneske omkomne på dette vegstrekket, og det er utallige eksempel på ulukker med personskade og materielle skader. Vegen er i tillegg uoversiktleg med i alt 25 på- og avkøyrslar med mangelfull sikring og bustadhus kloss inn til vegbana.

Situasjonen har no gått frå vondt til verre, og i vår har innbyggjarar langs vegen i Åsane gått til aksjonar der dei markerer at tålegrensa for ulempene med dagens veg er overskriden.

Fylkestinget i Hordaland forventar at tidlegare løfte om å bygging av ein E39 til erstatning for Nyborgtunnelen vert haldne, og at stortingsfleirtalet sitt vedtak om å prioritera oppstart av ringveg aust med prosjektet Klauvaneset-Vågsbotn vert fylgd opp og får byggjearstart snarast.

Fylkestinget i Hordaland krev at planprogram, kommunedelplan og reguleringsplanarbeid for strekninga får høgste prioritet slik at prosjektet kan prioriterast opp i samband med rulleringa av NTP og i handsaming av statsbudsjettet.»

Fylkestinget tok stilling til om forslaget skulle realitetsbehandlast.

Fylkestinget vedtok samrøystes å realitetsbehandle forslaget.

Marthe Hammer, SV, sette på vegner av SV fram slik protokollmerknad:

«SV prioriterer ny veg og bane Voss- Arna først. Denne må også komme først, og vil legge føringar for framtidig vegenett ringveg aust og E39 Vågsbotn - Klauvaneset. Det vert jobba med å betre buss- og båtforhold frå nord, som saman med trafikk-restriksjonar, kontinuerlege tiltak for trafikktryggleik, framkommelegheit for kollektiv og sykkel og gange, vil vere løysingar på kort sikt. På lengre sikt, og i samanheng med ny bane og veg Voss - Arna, og deretter ny ringveg aust, vil større endringar og tiltak for ytterlegare trafikktryggleik, betre gang- og sykkelveg, samt utbygging av kollektivfelt Vågsbotn - Klauvaneset kunne gjennomførast.»

Tom Sverre Tomren, MDG, sette på vegner av MDG fram slik protokollmerknad:

«Slik vi i MDG oppfattar fråsegna handlar den om rekkefølga av prosjektet Åsane-Arna versus Åsane-Klauvaneset. I denne prioriteringa er det etter vårt syn riktig å prioritera Åsane-Klauvaneset. Når det gjeld dimensjoneringa av dei omtalte vegtraseane, meiner Miljøpartiet Dei Grøne at denne er for stor i NTP.»

Røysting

Det var 55 representantar til stades.

Askeland sitt forslag vart vedteke mot 3 røyster (SV).

Vedtak

Fråsegn E39 Vågsbotn-Klauvaneset

Fylkestinget i Hordaland krev at ny trasè for dagens E39 gjennom Åsane vert bygd så raskt råd er, og at det vert gjort naudsynte vedtak og ekstraordinære løyvingar for å sikra framdrift i arbeidet.

Innbyggjarane i Åsane og Nordhordland har lenge kjempa for ny trasè for dagens E39 gjennom Åsane. I 2016 slo Statens Vegvesen endeleg fast at Nyborgtunnelen ikkje vert bygd, men at E39 i Åsane skal inngå i det heilskaplege Ringveg Aust med trasè tilpassa dette.

Det vart då presisert at Nordhordland ikkje skulle lida for denne endringa.

Likevel er det det som har skjedd. I gjeldande NTP er strekninga Klauvaneset berre tilgodesett med planmidlar i andre del av planperioden 2023-2029.

Etter stort lokalpolitisk engasjement, har Stortinget opna for at rekkefølga på oppstart av delprosjekta på Ringveg aust mellom Klauvaneset og Arna kan endrast, slik at Vågsbotn - Klauvaneset kan startast opp først.

Ingen annan veg har høgare trafikk på så smal og ulukkesutsett vegbane. E39 Vågsbotn – Klauvaneset har veldig låg standard, svært høge trafikktal og store køproblem med fare for ulukker, og tap av liv og helse. Trafikken gjennom tunnelen i Vågsbotn er passert 25000 bilar pr. døger og den aukar. På det smalaste er vegen under 6 meter og eigentleg ikkje godkjent for gul stripe etter Statens Vegvesen sin eigne krav til vegbreidde. Sidan 1994 er 13 menneske omkomne på dette vegstrekket, og det er utallige eksempel på ulukker med personskade og materielle skader. Vegen er i tillegg uoversiktleg med i alt 25 på- og avkøyrslar med mangelfull sikring og bustadhus kloss inn til vegbana.

Situasjonen har no gått frå vondt til verre, og i vår har innbyggjarar langs vegen i Åsane gått til aksjonar der dei markerer at tålegrensa for ulempene med dagens veg er overskriden.

Fylkestinget i Hordaland forventar at tidlegare løfte om å bygging av ein E39 til erstatning for Nyborgtunnelen vert haldne, og at stortingsfleirtalet sitt vedtak om å prioritera oppstart av ringveg aust med prosjektet Klauvaneset-Vågsbotn vert fylgd opp og får byggjearstart snarast.

Fylkestinget i Hordaland krev at planprogram, kommunedelplan og reguleringsplanarbeid for strekninga får høgste prioritet slik at prosjektet kan prioriterast opp i samband med rulleringa av NTP og i handsaming av statsbudsjettet.

Protokollmerknad frå SV

SV prioriterer ny veg og bane Voss- Arna først. Denne må også komme først, og vil legge føringar for framtidig vegnett ringveg aust og E39 Vågsbotn - Klauvaneset. Det vert jobba med å betre buss- og båtforhold frå nord, som saman med trafikk-restriksjonar, kontinuerlege tiltak for trafikktryggleik, framkommelegheit for kollektiv og sykkel og gange, vil vere løysingar på kort sikt. På lengre sikt, og i samband med ny bane og veg Voss - Arna, og deretter ny ringveg aust, vil større endringar og tiltak for ytterlegare trafikktryggleik, betre gang- og sykkelveggar, samt utbygging av kollektivfelt Vågsbotn - Klauvaneset kunne gjennomførast.

Protokollmerknad frå MDG

Slik vi i MDG oppfattar fråsegna handlar den om rekkefølga av prosjektet Åsane-Arna versus Åsane-Klauvaneset. I denne prioriteringa er det etter vårt syn riktig å prioritera Åsane-Klauvaneset. Når det gjeld dimensjoneringa av dei omtalte vegtraseane, meiner Miljøpartiet Dei Grøne at denne er for stor i NTP.

I samband med ordsiftet sette **Geir Angeltveit, V**, fram slikt forslag til fråsegn til statsråd, departement og Hordalandsbenken:

«La gaupa få leve i Hordaland!

I mars i år vart ei gaupe skoten og drepen på Voss. For første gong i moderne tid er ei gaupe skoten i Hordaland. Gaupa hadde ikkje skada husdyr så langt ein veit, så ho er ganske enkelt skoten fordi ho var på feil stad til feil tid. Hordaland Fylkeskommune meiner det er urovekkjande at me har ei rovdyrforvaltning som tillét jakt på raudlista dyr, slik gaupa er.

I Noreg er det dei regionale rovviltnemndene som styrer slik jakt, og der det vert tilléte er det kvotefri jakt på gaupe. I Hordaland, som ligg i region 1, skal det ikkje vere gaupekull. Her har den regionale rovviltnemnda bestemt at det er fritt fram for gaupejakt i jakttida februar og mars, sjølv einslege streifdyr som ikkje får ungekull. HFK meiner at bestandmålet for region 1 bør endras til at det vert opna for å etablere gaupekull i Hordaland og at rovviltnemnda bør tillate streifdyr å ferdast i Hordaland uavhengig av bestandmåla på gaupekull. Gaupa er raudlista i Noreg og bestanden er lågare enn dei nasjonale bestandmåla. HFK meiner ein bør vurdera totalforbod på jakt på gaupe slik situasjonen er.

Gaupa som vart skoten var ein einsleg omstreifar og ville dermed ikkje påverka ei etablering av gaupekull i Hordaland. HFK ønskjer totalforbod mot jakt på raudlista rovdyr i Noreg, også i Hordaland. Så lenge alle instansar er samde om at bestanden er altfor låg til å være berekraftig, burde ikkje lokale rovviltnemnder kunne opna for jakt.

Bakgrunn:

Det er ikkje dokumentert at gaupa tar mykje sau og andre husdyr. Av rundt 6000 årlige erstatningsutbetalingar for sau teken av gaupe i Noreg er berre rundt 7% faktiske dokumenterte gaupedrap, ein langt lågare andel enn for andre rovdyr. Gaupe går enkeltvis og har store territorium. Dei tar berre einskilddyr og det er sjeldan gaupeindivid er observert i å spesialisera seg på husdyr. Gaupa bidreg derimot til å halde nede bestanden av rådyr, hjort og småvilt. I Hordaland har vi eit problem med for store bestander av fleire slike arter. Vinteren 2017/18 har mykje hjort stroke med av svolt i Hordaland. Ein viktig grunn til dette er at hjorten manglar naturlege fiendar i vestlandsnaturen. Også av slike omsyn burde vi la gaupe få etablere seg her.»

Fylkestinget tok stilling til om forslaget skulle realitetsbehandlast.

Fylkestinget vedtok samrøystes å realitetsbehandle forslaget.

Røysting

Det var 55 representantar til stades.

Angeltveit sitt forslag fekk 30 røyster (A, MDG, SV, R, V) og vart vedteke.

Vedtak

La gaupa få leve i Hordaland!

I mars i år vart ei gaupe skoten og drepen på Voss. For første gong i moderne tid er ei gaupe skoten i Hordaland. Gaupa hadde ikkje skada husdyr så langt ein veit, så ho er ganske enkelt skoten fordi ho var på feil stad til feil tid. Hordaland Fylkeskommune meiner det er urovekkjande at me har ei rovdyrforvaltning som tillét jakt på raudlista dyr, slik gaupa er.

I Noreg er det dei regionale rovviltneemdene som styrer slik jakt, og der det vert tilléte er det kvotefri jakt på gaupe. I Hordaland, som ligg i region 1, skal det ikkje vere gaupekull. Her har den regionale rovviltnemnda bestemt at det er fritt fram for gaupejakt i jakttida februar og mars, sjølv einslege streifdyr som ikkje får ungekull. HFK meiner at bestandmålet for region 1 bør endras til at det vert opna for å etablere gaupekull i Hordaland og at rovviltnemnda bør tillate streifdyr å ferdast i Hordaland uavhengig av bestandmåla på gaupekull. Gaupa er raudlista i Noreg og bestanden er lågare enn dei nasjonale bestandmåla. HFK meiner ein bør vurdera totalforbod på jakt på gaupe slik situasjonen er.

Gaupa som vart skoten var ein einsleg omstreifar og ville dermed ikkje påverka ei etablering av gaupekull i Hordaland. HFK ønskjer totalforbod mot jakt på raudlista rovdyr i Noreg, også i Hordaland. Så lenge alle instansar er samde om at bestanden er altfor låg til å være berekraftig, burde ikkje lokale rovviltneemder kunne opna for jakt.

Bakgrunn:

Det er ikkje dokumentert at gaupa tar mykje sau og andre husdyr. Av rundt 6000 årlige erstatningsutbetalingar for sau teken av gaupe i Noreg er berre rundt 7% faktiske dokumenterte gaupedrap, ein langt lågare andel enn for andre rovdyr. Gaupe går enkeltvis og har store territorium. Dei tar berre einskilddyr og det er sjeldan gaupeindivid er observert i å spesialisera seg på husdyr. Gaupa bidreg derimot til å halde nede bestanden av rådyr, hjort og småvilt. I Hordaland har vi eit problem med for store bestander av fleire slike arter. Vinteren 2017/18 har mykje hjort stroke med av svolt i Hordaland. Ein viktig grunn til dette er at hjorten manglar naturlege fiendar i vestlandsnaturen. Også av slike omsyn burde vi la gaupe få etablere seg her.

I samband med ordsiftet sette **Roald Kvamme, A**, fram slikt forslag til fråsegn til statsråd, departement og Hordalandsbenken:

«Fylkestinget i Hordaland er sterkt uroa over regjeringa sitt framlegg til revidert budsjett og anslag for kommunesektoren sine inntekter for 2019 i kommuneøkonomiproposisjonen.

I samsvar med dei overordna måla stortinget har sett, mellom anna for reduksjon av klimautslepp, gjennom nye krav til ferjetrafikk og kollektivtransport, samt opprusting av fylkesvegnettet, ber Hordaland fylkesting Stortinget syta for at fylkeskommunen har tilstrekkelig inntekt som sikrar naudsynt drift og investeringar.

I revidert nasjonalbudsjett for 2018, som regjeringa la fram 15. mai, vart overslaget for skatteinntektene i kommunesektoren for 2018 sett ned med 500 mill. kr. Om det skulle slå til kan Hordaland fylkeskommune få opp mot 10 mill. kr lågare skatteinnang.

I kommuneproposisjonen for 2019 får ein signal om kring 50 mill. nedtrekk i inntektsramma for Hordaland fylkeskommune. Dette vil få store konsekvensar i forhold til det som er lagt til grunn i økonomiplanen.

Framlegget til inntekter gjev ikkje høve til naudsynt satsing innanfor vidaregåande skule, kollektivtrafikk, vedlikehald av fylkesveggar med tunnelar og bruer, gang- og sykkelveggar eller andre områder som fylkeskommunen har ansvar for.

Hordaland fylkeskommune/Vestland fylkeskommune står overfor sterk vekst i driftskostnadene for ferjedrift ved overgang til elektrisk drift frå 2020. Førebels prognose er ein vekst i driftskostnadene på 240 mill. kr frå 2019 til 2020. Kombinasjonen av å ta miljøansvar og null- eller negativ vekst i dei frie inntektene, er ein umogeleg kombinasjon.

Klimaforliket på Stortinget må visa att i dei økonomiske overføringane til fylkeskommunane når det grønne skiftet skal operasjonaliserast i kollektivtransporten. Det gjeld akutt for ferjedrifta i Hordaland/Vestland frå 2020, men vil om kort tid gjelde elektrifisering av bussparken i dei største byane og elektrifisering av snøggåtar. Det er teikn på at det vil koma ein sterk kostnadsvekst også i busstransporten.

Eit samla storting er einige om at det er behov for ein særskilt innsats for å redusera vedlikehaldsetterslepet på fylkesvegane. KS synte i si høyringsfråsegn til kommunalkomiteen at fylkeskommunane kvart år har prioritert auka vekst til drift og vedlikehald av fylkesveggar, enn det ein har auka til i sine øvrige ansvarsområde. Likevel anslo KS at 40 pst. av fylkesvegane har dårleg eller svært dårleg dekketilstand og at løyvingane må auka men minst 1,5 mrd. kroner årleg for å hindre auka vedlikehaldsetterslep.

Fylkeskommunane har stort vedlikehaldsetterslep på fylkesvegane, etterslepet er kostnadsrekna til ca. 7,5 milliardar kroner og det er særskilde utfordringar knytt til tunnelopprusting og vedlikehald av bruer. Hordaland har nær 25% av alle riks- og fylkesvegtunnelar, heile 259 tunnelar. Ekstraløyvinga til tunnelsikring vil halda fram også i 2019. Det er skapt usikkerheit om denne løyvinga vil halda fram i dei komande åra. Dette må stortinget avklara og setja av tilstrekkeleg med midlar til sikringsarbeidet i åra som kjem. Det er også avdekka store etterslep på vedlikehald av bruer i heile landet. Hordaland har til saman 1149 bruer med stort og smått og vil ikkje klara å finansiera naudsynt vedlikehald slik inntektsutviklinga no ser ut.

Dersom Hordaland fylkeskommune ikkje får auka inntektene vil det få dramatiske konsekvensar for tenestilbodet til innbyggjarane i heile fylket.»

Fylkestinget tok stilling til om forslaget skulle realitetsbehandlast.

Fylkestinget vedtok samrøystes å realitetsbehandle forslaget.

Røysting

Det var 54 representantar til stades.

Kvamme sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Fylkestinget i Hordaland er sterkt uroa over regjeringa sitt framlegg til revidert budsjett og anslag for kommunesektoren sine inntekter for 2019 i kommuneøkonomiproposisjonen.

I samsvar med dei overordna måla stortinget har sett, mellom anna for reduksjon av klimautslepp, gjennom nye krav til ferjetrafikk og kollektivtransport, samt opprusting av fylkesvegnettet, ber Hordaland fylkesting Stortinget syta for at fylkeskommunen har tilstrekkelig inntekt som sikrar naudsynt drift og investeringar.

I revidert nasjonalbudsjett for 2018, som regjeringa la fram 15. mai, vart overslaget for skatteinntektene i kommunesektoren for 2018 sett ned med 500 mill. kr. Om det skulle slå til kan Hordaland fylkeskommune få opp mot 10 mill. kr lågare skatteinngang.

I kommuneproposisjonen for 2019 får ein signal om kring 50 mill. nedtrekk i inntektsramma for Hordaland fylkeskommune. Dette vil få store konsekvensar i forhold til det som er lagt til grunn i økonomiplanen.

Framlegget til inntekter gjev ikkje høve til naudsynt satsing innanfor vidaregåande skule, kollektivtrafikk, vedlikehald av fylkesveggar med tunnelar og bruer, gang- og sykkelveggar eller andre områder som fylkeskommunen har ansvar for.

Hordaland fylkeskommune/Vestland fylkeskommune står overfor sterk vekst i driftskostnadene for ferjedrift ved overgang til elektrisk drift frå 2020. Førebels prognose er ein vekst i driftskostnadene på 240 mill. kr frå 2019 til 2020. Kombinasjonen av å ta miljøansvar og null- eller negativ vekst i dei frie inntektene, er ein umogeleg kombinasjon.

Klimaforliket på Stortinget må visa att i dei økonomiske overføringane til fylkeskommunane når det grøne skiftet skal operasjonaliserast i kollektivtransporten. Det gjeld akutt for ferjedrifta i Hordaland/Vestland frå 2020, men vil om kort tid gjelde elektrifisering av bussparken i dei største byane og elektrifisering av snøggåtar. Det er teikn på at det vil koma ein sterk kostnadsvekst også i busstransporten.

Eit samla storting er einige om at det er behov for ein særskilt innsats for å redusera vedlikehaldsetterslepet på fylkesvegane. KS synte i si høyringsfråsegn til kommunalkomiteen at fylkeskommunane kvart år har prioritert auka vekst til drift og vedlikehald av fylkesvegar, enn det ein har auka til i sine øvrige ansvarsområde. Likevel anslo KS at 40 pst. av fylkesvegane har dårleg eller svært dårleg dekketilstand og at løyvingane må auka men minst 1,5 mrd. kroner årleg for å hindre auka vedlikehaldsetterslep.

Fylkeskommunane har stort vedlikehaldsetterslep på fylkesvegane, etterslepet er kostnadsrekna til ca. 7,5 milliardar kroner og det er særskilde utfordringar knytt til tunnelopprusting og vedlikehald av bruer. Hordaland har nær 25% av alle riks- og fylkesvegtunnelar, heile 259 tunnelar. Ekstraløyvinga til tunnelsikring vil halda fram også i 2019. Det er skapt usikkerheit om denne løyvinga vil halda fram i dei komande åra. Dette må stortinget avklara og setja av tilstrekkeleg med midlar til sikringsarbeidet i åra som kjem. Det er også avdekka store etterslep på vedlikehald av bruer i heile landet. Hordaland har til saman 1149 bruer med stort og smått og vil ikkje klara å finansiera naudsynt vedlikehald slik inntektsutviklinga no ser ut.

Dersom Hordaland fylkeskommune ikkje får auka inntektene vil det få dramatiske konsekvensar for tenestilbodet til innbyggjarane i heile fylket.

I samband med ordskiftet sette **Terje Kollbotn, R**, fram slikt forslag til fråsegn til statsråd, departement og Hordalandsbenken:

«Hordaland fylkesting vil arbeide for å utvikle eit seriøst og organisert arbeidsliv.

Difor er fylkestinget i Hordaland sterkt kritisk til utviklinga ved Sund Laksepakkeri (tidlegare Norse Production) på Sotra.

Hordaland fylkesting vil på denne bakgrunn oppmode partane i arbeidslivet om å finne fram til ei løysing der respekten for tariffavtalesystemet og retten til fagleg organisering blir ivaretatt.

Hordaland fylkesting vil og oppmode regjeringa og Stortinget om å styrke lov- og regelverket verket for å hindre useriøse verksemdar i å omgå regelverket gjennom stråselskap eller konkurs.»

Fylkestinget tok stilling til om forslaget skulle realitetsbehandlast.

Fylkestinget vedtok samrøystes å realitetsbehandle forslaget.

Røysting

Det var 55 representantar til stades.

Kollbotn sitt forslag fekk 29 røyster (A, SV, R, Sp, 1MDG) og vart vedteke.

Vedtak

Hordaland fylkesting vil arbeide for å utvikle eit seriøst og organisert arbeidsliv.

Difor er fylkestinget i Hordaland sterkt kritisk til utviklinga ved Sund Laksepakkeri (tidlegare Norse Production) på Sotra.

Hordaland fylkesting vil på denne bakgrunn oppmode partane i arbeidslivet om å finne fram til ei løysing der respekten for tariffavtalesystemet og retten til fagleg organisering blir ivaretatt.

Hordaland fylkesting vil og oppmode regjeringa og Stortinget om å styrke lov- og regelverket verket for å hindre useriøse verksemdar i å omgå regelverket gjennom stråselskap eller konkurs.

I samband med ordskiftet sette **Terje Kollbotn, R**, fram slikt forslag:

«Hordaland fylkesting vil gratulere Odda sjukehus og dei tilsette med 100-årsjubileet ved å sende ei blomem helsing.

Hordaland fylkesting vil ynskje Odda sjukehus lukke til med det vidare arbeidet for å styrke Odda sjukehus.»

Fylkesordfører informerte om at ei blome vert sendt til Odda sjukehus. **Kollbotn** trekte forslaget sitt.

I samband med ordskiftet sette **Pål Kårbø, KrF**, på vegner av KrF, H og V fram slikt forslag til fråsegn til statsråd, departement og Hordalandsbenken:

«Byvekstavtale

Fylkestinget merker seg at det er invitert til, og starta opp nye forhandlingar om ein framtidig byvekstavtale mellom Bergen, omegnskommunane Lindås, Os og Fjell, Askøy, Hordaland fylkeskommune og staten. Lindås, Os og Fjell er alle kommunar som skal slå seg saman frå 1.1.2020. For desse kommunane vil det vere viktig at dei nye kommunane er med i desse forhandlingane rundt same bord. Det er lagt opp til at avtalen skal gjelda i ein 12 års periode og forhandlingane skal slutførast i løpet av 2018.

Samanslåingskommunane ynskjer at alle er med, og Hordaland fylkesting vil sterkt oppmode Samferdselsdepartementet og Kommunal- og moderniseringsdepartementet at kommunane Alver, Nye Øygarden og Bjørnefjorden blir invitert direkte eller indirekte inn i forhandlingane.»

Fylkestinget tok stilling til om forslaget skulle realitetsbehandlast.

Fylkestinget vedtok samrøystes å realitetsbehandle forslaget.

Tom Sverre Tomren, MDG, sette fram slikt forslag til fråsegn til statsråd, departement og Hordalandsbenken:

«Byvekstavtale

Fylkestinget merker seg at det er invitert til, og starta opp nye forhandlingar om ein framtidig byvekstavtale mellom Bergen, omegnskommunane Lindås, Os og Fjell, Askøy, Hordaland fylkeskommune og staten. Lindås, Os og Fjell er alle kommunar som skal slå seg saman frå 1.1.2020. I tillegg tilsluttende kommuner som Samanger, Vaksdal og Osterøy blir berørt av avtalen. For desse kommunane vil det vere viktig at dei nye kommunane er med i desse forhandlingane rundt same bord. Det er lagt opp til at avtalen skal gjelda i ein 12 års periode og forhandlingane skal slutførast i løpet av 2018.

Samanslåingskommunane ynskjer at alle er med, og Hordaland Fylkesting vil sterkt oppmode Samferdselsdepartementet og Kommunal- og moderniseringsdepartementet at kommunane Alver, Nye Øygarden og Bjørnefjorden samt ei fellesrepresentant for Osterøy, Vaksdal og Samnanger blir invitert direkte eller indirekte inn i forhandlingane.»

Tomren trekte forslaget sitt.

Røysting

Det var 55 representantar til stades.

Kårbø sitt forslag fekk 48 røyster (KrF, H, A, SV, R, Sp, MDG, V) og vart vedteke.

Vedtak

Byvekstavtale

Fylkestinget merker seg at det er invitert til, og starta opp nye forhandlingar om ein framtidig byvekstavtale mellom Bergen, omegnskommunane Lindås, Os og Fjell, Askøy, Hordaland fylkeskommune og staten. Lindås, Os og Fjell er alle kommunar som skal slå seg saman frå 1.1.2020.

For desse kommunane vil det vere viktig at dei nye kommunane er med i desse forhandlingane rundt same bord. Det er lagt opp til at avtalen skal gjelda i ein 12 års periode og forhandlingane skal slutførast i løpet av 2018.

Samanslåingskommunane ynskjer at alle er med, og Hordaland Fylkesting vil sterkt oppmode Samferdselsdepartementet og Kommunal- og moderniseringsdepartementet at kommunane Alver, Nye Øygarden og Bjørnefjorden blir invitert direkte eller indirekte inn i forhandlingane.

ORIENTERINGAR

Leiar i kontrollutvalet, Inge Reidar Kallevåg, presenterte forvaltningsrevisjonen av arkivering og journalføring.

Mobbeombodet Mari-Kristine Morberg presenterte Årsrapport 2017 for mobbeombodet.

Elev- og lærlingombodet Sigrid Isdal presenterte Årsrapport 2017 for Elev- og lærlingombodet.

PS 34/18 Forvaltningsrevisjon innan arkivering og journalføring - Revisjonsrapport

Forslag til innstilling

På bakgrunn av forvaltningsrevisjon innan arkiv og offentlegheit ber fylkestinget fylkesrådmannen syta for å:

1. Sikre at arkivplanen er fullstendig jf. krava i arkivforskrifta og riksarkivaren si forskrift og at arbeidet med å oppdatere planen blir gjennomført.
2. Sikre at retningsliner og rutinar for journalføring og arkivering av ulike typar inn- og utgåande dokument er eintydige, oppdaterte og samla på ein plass.
3. Utarbeide utfyllande rutinar for registrering av organinterne dokument og sikre at desse følgjer krava i regelverket
4. Sikre at all inngåande og utgåande korrespondanse blir journalført i samsvar med krav i regelverket, samt at:
 - a. det blir utarbeidd rutinar som sikrar at journalpostar ikkje blir liggjande opne utover det som er naudsynt for sakshandsaminga og at
 - b. arbeidet med å inkludere alle journaleiningane i fylkeskommunen i postlista blir gjennomført
5. Utarbeide utfyllande retningsliner og rutinar for skjerming av informasjon i postlista
6. Sikre at retningsliner og rutinar for meirinnsyn er i samsvar med relevante føresegner
7. Gjennomgå retningsliner og rutinar for førehandsklassifisering, og sikre at desse er i samsvar med føresegna i regelverket
8. Sikre at retningslinene og rutinane for handsaming av innsynskrav i saksdokument blir følgt, og at dei som handsamar innsynskrav har tilgang til tilstrekkeleg kompetanse
9. Gjennomgå reglement for sakshandsaming i folkevalde organ og sikre at dette er i samsvar med gjeldande regelverk, t.d. med omsyn til kunngjering av politiske møte
10. Sikre at reglane og prosedyrane for lukking av politiske møte blir utfyllande og tydelege, samt gjort kjende blant dei folkevalde, t.d. gjennom tilbod om ytterlegare opplæring
11. Sikre at tilsette mottar tilstrekkeleg opplæring i tema knytt til journalføring, arkivering og offentlegheit, og informere om kvar ein kan finne gjeldande rutinar og retningsliner for dette arbeidet
12. Å laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 29.10.2018 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 07.05.2018

Handsaming i møte

Forvaltningsrevisor i Deloitte, Frode Løvlie, presenterte revisjonsrapport gjeldande forvaltningsrevisjon innan arkiv og offentlegheit og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Det vart semje om at kontrollutvalet ber om at leiar i kontrollutvalet, Inge Reidar Kallestå, får 15 minuttar i fylkestinget 12. – 13.06.18 for å presentere forvaltningsrevisjonsrapport innan arkiv og offentlegheit.

Forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Innstilling

På bakgrunn av forvaltningsrevisjon innan arkiv og offentlegheit ber fylkestinget fylkesrådmannen syta for å:

1. Sikre at arkivplanen er fullstendig jf. krava i arkivforskrifta og riksarkivaren si forskrift og at arbeidet med å oppdatere planen blir gjennomført.
2. Sikre at retningsliner og rutinar for journalføring og arkivering av ulike typar inn- og utgåande dokument er eintydige, oppdaterte og samla på ein plass.
3. Utarbeide utfyllande rutinar for registrering av organinterne dokument og sikre at desse følgjer krava i regelverket
4. Sikre at all inngåande og utgåande korrespondanse blir journalført i samsvar med krav i regelverket, samt at:
 - a. det blir utarbeidd rutinar som sikrar at journalpostar ikkje blir liggjande opne utover det som er naudsynt for sakshandsaminga og at
 - b. arbeidet med å inkludere alle journaleiningane i fylkeskommunen i postlista blir gjennomført

5. Utarbeide utfyllande retningslinjer og rutinar for skjerming av informasjon i postlista
6. Sikre at retningslinjer og rutinar for meirinnsyn er i samsvar med relevante føresegner
7. Gjennomgå retningslinjer og rutinar for førehandsklassifisering, og sikre at desse er i samsvar med føresegna i regelverket
8. Sikre at retningslinjene og rutinane for handsaming av innsynskrav i saksdokument blir følgt, og at dei som handsamar innsynskrav har tilgang til tilstrekkeleg kompetanse
9. Gjennomgå reglement for sakshandsaming i folkevalde organ og sikre at dette er i samsvar med gjeldande regelverk, t.d. med omsyn til kunngjering av politiske møte
10. Sikre at reglane og prosedyrane for lukking av politiske møte blir utfyllande og tydelege, samt gjort kjende blant dei folkevalde, t.d. gjennom tilbod om ytterlegare opplæring
11. Sikre at tilsette mottar tilstrekkeleg opplæring i tema knytt til journalføring, arkivering og offentlegheit, og informere om kvar ein kan finne gjeldande rutinar og retningslinjer for dette arbeidet
12. Å laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 29.10.2018 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

Saksprotokoll i fylkestinget - 12. og 13.06.2018

Røysting

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

På bakgrunn av forvaltningsrevisjon innan arkiv og offentlegheit ber fylkestinget fylkesrådmannen syta for å:

1. Sikre at arkivplanen er fullstendig jf. krava i arkivforskrifta og riksarkivaren si forskrift og at arbeidet med å oppdatere planen blir gjennomført.
2. Sikre at retningslinjer og rutinar for journalføring og arkivering av ulike typar inn- og utgåande dokument er eintydige, oppdaterte og samla på ein plass.
3. Utarbeide utfyllande rutinar for registrering av organinterne dokument og sikre at desse følgjer krava i regelverket.
4. Sikre at all inngåande og utgåande korrespondanse blir journalført i samsvar med krav i regelverket, samt at:
 - a. det blir utarbeidd rutinar som sikrar at journalpostar ikkje blir liggjande opne utover det som er naudsynt for sakshandsaminga og at
 - b. b. arbeidet med å inkludere alle journaleiningane i fylkeskommunen i postlista blir gjennomført
5. Utarbeide utfyllande retningslinjer og rutinar for skjerming av informasjon i postlista.
6. Sikre at retningslinjer og rutinar for meirinnsyn er i samsvar med relevante føresegner.
7. Gjennomgå retningslinjer og rutinar for førehandsklassifisering, og sikre at desse er i samsvar med føresegna i regelverket.
8. Sikre at retningslinjene og rutinane for handsaming av innsynskrav i saksdokument blir følgt, og at dei som handsamar innsynskrav har tilgang til tilstrekkeleg kompetanse.
9. Gjennomgå reglement for sakshandsaming i folkevalde organ og sikre at dette er i samsvar med gjeldande regelverk, t.d. med omsyn til kunngjering av politiske møte.
10. Sikre at reglane og prosedyrane for lukking av politiske møte blir utfyllande og tydelege, samt gjort kjende blant dei folkevalde, t.d. gjennom tilbod om ytterlegare opplæring.
11. Sikre at tilsette mottar tilstrekkeleg opplæring i tema knytt til journalføring, arkivering og offentlegheit, og informere om kvar ein kan finne gjeldande rutinar og retningslinjer for dette arbeidet.

12. Å laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 29.10.2018 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

PS 35/18 Godkjenning av årsrekneskap 2017

Forslag til innstilling

1. Årsrekneskapen for Hordaland fylkeskommune for 2017 vert godkjend.

2. Overskotet vert disponert slik:

Finansiering av investeringar / redusert låneopptak	53 500 000
Disposisjonsfond (fritt)	53 585 341
<u>SUM</u>	<u>107 085 341</u>

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 31.05.2018

Roald Stenseide, Frp, sette på vegner av Frp, H, V og MDG, fram slikt forslag:

«Fylkestinget henviser til tidligere vedtak vedrørende regnskapsoverskudd hvor 50% skal avsettes til fremtidig investering. Øvrige 50% avsettes til veivedlikehold.»

Tom Sverre Tomren, MDG, sette fram slik protokollmerknad:

«Med omgrepet «veg» forstår MDG både sykkelveggar og dei eksisterande fylkesvegane.»

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart vedteke som innstilling til fylkestinget med 8 røyster (A/Sp/KrF/SV) mot 7 røyster (H/Frp/V/MDG) for Stenseide sitt forslag.

Innstilling til fylkestinget

1. Årsrekneskapen for Hordaland fylkeskommune for 2017 vert godkjend.

2. Overskotet vert disponert slik:

Finansiering av investeringar / redusert låneopptak	53 500 000
Disposisjonsfond (fritt)	53 585 341
<u>SUM</u>	<u>107 085 341</u>

Protokollmerknad frå MDG

Med omgrepet «veg» forstår MDG både sykkelveggar og dei eksisterande fylkesvegane.

Saksprotokoll i fylkestinget - 12. og 13.06.2018

Tom Sverre Tomren, MDG, sette fram slikt forslag:

«Fylkestinget henviser til tidligere vedtak vedrørende regnskapsoverskudd hvor 50% skal avsettes til fremtidig investering. Øvrige 50% avsettes til veivedlikehold.»

Roald Kvamme, A, sette på vegner av A, H, Frp, KrF, Sp, MDG, SV og V slikt forslag:

«Alternativ:

Punkt 2

Overskotet vert disponert slik:

Finansiering av investeringar / redusert låneopptak	53 500 000
Disposisjonsfond (fritt)	3 085 341
50 mill til vegopprusting og trafikksikring	50 000 000
Auka stemmestøtte*	500 000
<u>SUM</u>	<u>107 085 341</u>

*Ekstraordinære midlar til partiorganisasjonane:

- Botnsats: kr. 20 000 x 9 parti = kr. 180 000
- Kr. 320 000 fordelt på 57 representantar

Prioritering av tiltak vert gjort i utvala.»

Tomren trekte sitt forslag.

Røysting

Kvamme sitt forslag vart samrøystes vedteke.
Innstillinga punkt 1 vart samrøystes vedteken.

Vedtak

1. Årsrekneskapen for Hordaland fylkeskommune for 2017 vert godkjend.

2. Overskotet vert disponert slik:

Finansiering av investeringar / redusert låneopptak	53 500 000
Disposisjonsfond (fritt)	3 085 341
50 mill til vegopprusting og trafikksikring	50 000 000
Auka stemmestøtte*	500 000
<hr/> SUM	<hr/> 107 085 341

*Ekstraordinære midlar til partiorganisasjonane:

- Botnsats: kr. 20 000 x 9 parti = kr. 180 000
- Kr. 320 000 fordelt på 57 representantar

Prioritering av tiltak vert gjort i utvala.

PS 36/18 Finansrapport 1. tertial 2018

Forslag til innstilling

Fylkestinget tek finansrapporten for 1. tertial 2018 til orientering.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 31.05.2018

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

Innstilling til fylkestinget

Fylkestinget tek finansrapporten for 1. tertial 2018 til orientering.

Saksprotokoll i fylkestinget - 12. og 13.06.2018

Røysting

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

Fylkestinget tek finansrapporten for 1. tertial 2018 til orientering.

PS 37/18 Prosjektrekneskap - justert godkjenningsordning

Forslag til innstilling

1. Fylkestinget godkjenner at prosjekt med budsjett ved byggestart på over 50 mill. kr skal leggjast fram for godkjenning i det politiske organet som har godkjent budsjettet.
2. Fylkestinget godkjenner at prosjektrekneskap med budsjett ved byggestart på over 25 mill. kr og der rekneskapen har avvik på meir enn 10% samanlikna med budsjett ved byggestart, skal leggjast fram for godkjenning i det politiske organet som har godkjent budsjettet.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 31.05.2018

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

Innstilling til fylkestinget

1. Fylkestinget godkjenner at prosjekt med budsjett ved byggestart på over 50 mill. kr skal leggjast fram for godkjenning i det politiske organet som har godkjent budsjettet.
2. Fylkestinget godkjenner at prosjektrekneskap med budsjett ved byggestart på over 25 mill. kr og der rekneskapen har avvik på meir enn 10% samanlikna med budsjett ved byggestart, skal leggjast fram for godkjenning i det politiske organet som har godkjent budsjettet.

Saksprotokoll i fylkestinget - 12. og 13.06.2018

Røysting

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

1. Fylkestinget godkjenner at prosjekt med budsjett ved byggestart på over 50 mill. kr skal leggjast fram for godkjenning i det politiske organet som har godkjent budsjettet.
2. Fylkestinget godkjenner at prosjektrekneskap med budsjett ved byggestart på over 25 mill. kr og der rekneskapen har avvik på meir enn 10% samanlikna med budsjett ved byggestart, skal leggjast fram for godkjenning i det politiske organet som har godkjent budsjettet.

PS 38/18 Sykkel VM i Bergen2017 - motrekning av usikkerheitsavsetjing

Forslag til innstilling

1. Fylkestinget viser til fylkesrådmannen si saksutgreiing og avviser krav frå konkursbuet for Bergen 2017 AS v/advokatfirmaet SteenstrupStordrange DA om utbetaling av usikkerheitsavsetjing på 5,2 mill. kr.
2. Fylkestinget godkjenner at summen på 5,2 mill. kr vert motrekna mot Bergen 2017 AS si manglande istandsetjing av fylkesvegane, slik det er avtalefesta mellom partane.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 31.05.2018

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

Innstilling til fylkestinget

1. Fylkestinget viser til fylkesrådmannen si saksutgreiing og avviser krav frå konkursbuget for Bergen 2017 AS v/advokatfirmaet SteenstrupStordrange DA om utbetaling av usikkerheitsavsetjing på 5,2 mill. kr.
2. Fylkestinget godkjenner at summen på 5,2 mill. kr vert motrekna mot Bergen 2017 AS si manglande istandsetjing av fylkesvegane, slik det er avtalefesta mellom partane.

Saksprotokoll i fylkestinget - 12. og 13.06.2018

Geir Kjell Andersland, V, sette fram slikt forslag:

«Alternativ:

Fylkestinget aksepterar kravet frå Konkursboet for Bergen 2017 AS om utbetaling av usikkerhetsavsetjing på 5,2 mill. kr.»

Terje Kollbotn, R, sette fram slikt forslag:

«Tillegg:

Punkt 3

Hordaland fylkesting ber fylkesrådmannen leggje fram ei evaluering av sykkel-VM og ein samla oversikt over fylkeskommunen sine direkte og indirekte utgifter i samband med gjennomføring av arrangementet.»

Roald Kvamme, A, sette fram slikt forslag:

«Fylkestinget delegerer til fylkesutvalet å fatta vedtak i saka.»

Kvamme trekker sitt forslag.

Røysting

Andersland sitt forslag fekk 17 røyster (V, 2MDG, H) og fall.
Innstillinga fekk 40 røyster (A, 1MDG, SV, Sp, KrF, Frp, R) og vart vedteken.
Kollbotn sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Fylkestinget viser til fylkesrådmannen si saksutgreiing og avviser krav frå konkursbuget for Bergen 2017 AS v/advokatfirmaet SteenstrupStordrange DA om utbetaling av usikkerheitsavsetjing på 5,2 mill. kr.
2. Fylkestinget godkjenner at summen på 5,2 mill. kr vert motrekna mot Bergen 2017 AS si manglande istandsetjing av fylkesvegane, slik det er avtalefesta mellom partane.
3. Hordaland fylkesting ber fylkesrådmannen leggje fram ei evaluering av sykkel-VM og ein samla oversikt over fylkeskommunen sine direkte og indirekte utgifter i samband med gjennomføring av arrangementet.

PS 39/18 Tertialrapport pr. april 2018 - rekneskapsprognose

Forslag til innstilling

Fylkestinget tek tertialrapporten til orientering

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 31.05.2018

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

Innstilling til fylkestinget

Fylkestinget tek tertialrapporten til orientering

Saksprotokoll i fylkestinget - 12. og 13.06.2018

Røysting

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Fylkestinget tek tertialrapporten til orientering

PS 40/18 Nytt fylkeshus - økonomi, eigarskap og mellombelse lokale

Forslag til innstilling

1. Fylkestinget vedtek at fylkeshuset i Agnes Mowinckels gate 5 blir totalrehabilitert og utvida, samt eigd, av Hordaland fylkeskommune (alternativ 2a)
2. Fylkestinget ber fylkesrådmannen greie ut fordeler og ulemper med at fylkeshuset blir bygd, drifta og eigd av eit eigedomsselskap 100 % eigd av Hordaland fylkeskommune innan byggearbeida startar
3. Fylkestinget godkjenner Sandslihaugen 30 som mellombels kontorlokale for fylkesadministrasjonen i byggeperioden for nytt fylkeshus.

Saksprotokoll i administrasjonsutvalet - 30.05.2018

Dagmar Reutz Hillestad LO-K sette fram slikt forslag på vegner av LO-K, YS-K, UNIO og Akademikerne:

«Nytt pkt 3:

Fylkestinget godkjenner Nøstegt 72-78 som mellombels kontorlokale for fylkesadministrasjonen i byggeperioden for nytt fylkeshus».

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 1 og 2 vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet. Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 3 vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet mot 4 røyster (LO-K, YS-K, UNIO og Akademikerne).

Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkestinget vedtek at fylkeshuset i Agnes Mowinckels gate 5 blir totalrehabilitert og utvida, samt eigd, av Hordaland fylkeskommune (alternativ 2a).
2. Fylkestinget ber fylkesrådmannen greie ut fordeler og ulemper med at fylkeshuset blir bygd, drifta og eigd av eit eigedomsselskap 100 % eigd av Hordaland fylkeskommune innan byggearbeida startar.
3. Fylkestinget godkjenner Sandslihaugen 30 som mellombels kontorlokale for fylkesadministrasjonen i byggeperioden for nytt fylkeshus.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 31.05.2018

Aud Karin Oen, SV, sette fram slikt forslag A):

«Alternativ:

Punkt 3

Fylkestinget godkjenner Nøstegt. 72-78 som mellombels kontorlokale for fylkesadministrasjonen i byggeperioden for nytt fylkeshus.»

Aud Karin Oen, SV, sette fram slikt forslag B):

«Tillegg:

Nytt punkt 4

Skulle likevel Sandslihaugen 30 verte valgt må ein vurdere:

- a. Det må setjast opp pendlarbuss frå fylkesbygget.
- b. Det må opnast opp for større fleksibilitet som for eksempel heimekontor for tilsette med lang reiseveg.
- c. Vurdere inn reisetid sentrum - Sandsli som ein del av arbeidstida
- d. Være lengst muleg i noverande lokale- flytting for alle årsskiftet 19/20

Synnøve Solbakken, A, sette på vegner av A, Sp, KrF og SV fram slikt forslag:

«Endring (markert med understrek):

Punkt 1

Fylkestinget vedtek at fylkeshuset i Agnes Mowinckels gate 5 blir totalrehabilitert/nybygg og utvida, samt eigd, av Hordaland fylkeskommune (alternativ 2a).»

Tom Sverre Tomren, MDG, sette på vegner av MDG, Frp, V og H fram slikt forslag:

«Tillegg:

Nytt punkt 4

Fylkestinget vil presisere viktigheita av at Hordaland fylkeskommune går i dialog med dei tilsette om kompenserande tiltak for dei tilsette som vert påført stor meirbelastning på grunn av flyttinga.»

Røysting

Solbakken sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget mot ingen røyster for innstillinga sitt punkt 1.

Innstillinga punkt 2 vart samrøystes vedteken som innstilling til fylkestinget.

Innstillinga punkt 3 vart vedteken som innstilling til fylkestinget med 14 røyster (A/Sp/KrF/MDG/V/Frp/H) mot 1 røyst (SV) for Oen sitt forslag A).

Oen sitt forslag B) fekk 1 røyst (SV) og fall.

Tomren sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

Innstilling til fylkestinget

1. Fylkestinget vedtek at fylkeshuset i Agnes Mowinckels gate 5 blir totalrehabilitert/nybygg og utvida, samt eigd, av Hordaland fylkeskommune (alternativ 2a).
2. Fylkestinget ber fylkesrådmannen greie ut fordelar og ulemper med at fylkeshuset blir bydd, drifta og eigd av eit eigedomsselskap 100 % eigd av Hordaland fylkeskommune innan byggearbeida startar.
3. Fylkestinget godkjenner Sandslihaugen 30 som mellombels kontorlokale for fylkesadministrasjonen i byggeperioden for nytt fylkeshus.
4. Fylkestinget vil presisere viktigheita av at Hordaland fylkeskommune går i dialog med dei tilsette om kompenserande tiltak for dei tilsette som vert påført stor meirbelastning på grunn av flyttinga.

Saksprotokoll i fylkestinget - 12. og 13.06.2018

Roald Stenseide, Frp, sette på vegner av Frp, V og H slikt forslag:

«Endring (markert ved stryking):

1. Fylkestinget vedtek at fylkeshuset i Agnes Mowinckels gate 5 blir totalrehabilitert og utvida, ~~samt eigd, av Hordaland fylkeskommune (alternativ 2a).~~

2. Fylkestinget ber fylkesrådmannen greie ut fordeler og ulemper med at fylkeshuset blir bydt, drifta og eigd av eit eigedomsselskap ~~100 % eigd av Hordaland fylkeskommune innan byggearbeida startar.~~»

Aud Karin Oen, SV, sette fram slikt forslag:

«Alternativ:

Punkt 3

Fylkestinget godkjenner Nøstegt. 72-78 som mellombels kontorlokale for fylkesadministrasjonen i byggeperioden for nytt fylkeshus.»

Aud Karin Oen, SV, sette fram slikt forslag B):

«Tillegg:

Nytt punkt 4

Skulle likevel Sandslihaugen 30 verte valgt må ein vurdere:

- a. Det må setjast opp pendlarbuss frå fylkesbygget.
- b. Det må opnast opp for større fleksibilitet som for eksempel heimekontor for tilsette med lang reiseveg.
- c. Vurdere inn reisetid sentrum - Sandsli som ein del av arbeidstida
- d. Være lengst muleg i noverande lokale- flytting for alle årsskiftet 19/20

Røysting

Oen sitt forslag A fekk 4 røyster (SV, R) og fall.

Innstillinga punkt 3 fekk 53 røyster (A, KrF, Sp, V, MDG, H, Frp) og vart vedteken.

Stenseide sitt forslag punkt 1 fekk 22 røyster (Frp, H, V) og fall.

Innstillinga punkt 1 fekk 35 røyster (A, KrF, Sp, SV, MDG, R) og vart vedteken.

Stenseide sitt forslag punkt 2 fekk 22 røyster (Frp, H, V) og fall.

Innstillinga punkt 2 fekk 35 røyster (A, KrF, Sp, SV, MDG, R) og vart vedteken.

Innstillinga punkt 4 vart samrøystes vedteken.

Oen sitt forslag B fekk 4 røyster (SV, R) og fall.

Vedtak

1. Fylkestinget vedtek at fylkeshuset i Agnes Mowinckels gate 5 blir totalrehabilitert/nybygg og utvida, samt eigd, av Hordaland fylkeskommune (alternativ 2a).
2. Fylkestinget ber fylkesrådmannen greie ut fordeler og ulemper med at fylkeshuset blir bydt, drifta og eigd av eit eigedomsselskap 100 % eigd av Hordaland fylkeskommune innan byggearbeida startar.
3. Fylkestinget godkjenner Sandslihaugen 30 som mellombels kontorlokale for fylkesadministrasjonen i byggeperioden for nytt fylkeshus.
4. Fylkestinget vil presisere viktigheita av at Hordaland fylkeskommune går i dialog med dei tilsette om kompenserande tiltak for dei tilsette som vert påført stor meirbelastning på grunn av flyttinga.

PS 41/18 Forskrift om dekking av skyssutgifter for pasientar i den offentlege tannhelsetenesta i Hordaland

Forslag til innstilling

Fylkesrådmannen gjer framlegg om ny forskrift om dekking av skyssutgifter for pasientar i tannhelsetenesta i Hordaland. Forskrifta skal gjelda frå 1. januar 2018.

1. Forskrifta er gitt av Hordaland fylkeskommune og er heimla i lov om tannhelsetenester § 5-1 tredje ledd.
2. Forskrift for dekking av skyssutgifter for pasientar i den offentlege tannhelsetenesta gjeld berre dersom pasienten ikkje får dekka reisa på anna måte.
3. Det er den rimelegaste reisemåten (buss, båt) som vert dekka. Bil kan nyttast dersom helsetilstanden til pasienten eller rutetider for offentleg transport tilseier at dette er mest hensiktsmessig.

4. Pasienten/ føresette må sjølv betale reisekostandane og få refundert desse i etterkant.
5. Eigenandelen på kr. 1000,- er per kalenderår.
6. Ved bruk av privat bil vil taksten pr km følgje **Helsenorge.no** sin standardsats for transport, fastsatt årleg av Stortinget.
7. Overnatting vert ikkje dekkja.
8. Utlegg for følgje etter at pasienten har fylt 12 år vert ikkje dekkja.
9. Tapt arbeidsforteneste for personar som må følgje pasienten vert ikkje dekkja.
10. Søknad om dekking av reiseutgifter må som hovudregel vere innsendt innan utgangen av året.
11. Klagenemda i Hordaland fylkeskommune er klageinstans.
12. Forskrifta tek til å gjelde frå 1. januar 2018.

Saksprotokoll i Utval for opplæring og helse - 07.11.2017

Emil Gadolin (A) sette fram slikt forslag:

«Ny innstilling:

Saka vert utsett til neste møte i utval for opplæring og helse.

Det politiske sekretariatet vert beden om å vurdere om forskrifta bør sendast ut på høyring i forkant av den politiske handsaminga."

Røysting

Gadolin sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

Saka vert utsett til neste møte i utval for opplæring og helse.

Det politiske sekretariat vert beden om å vurdere om forskrifta bør sendast ut på høyring i forkant av den politiske handsaminga.

Saksprotokoll i Utval for opplæring og helse - 15.05.2018

Emil Gadolin (A) sette fram slikt forslag:

«Fylkestinget kan ikkje støtte saka. Fleire aspekt i saka vil gjere det dyrare for befolkninga å nytte seg av det offentlege tannhelsetilbodet. Samtidig ønskjer vi ikkje å legge opp til ein helt annan praksis no, då dette bør behandlast i det nye fylkestinget. Inntil vidare beheld vi gjeldande praksis.»

Dan Femoen (H) sette på vegner av H fram slikt oversendingsforslag til fylkesrådmannen:

«Når nye retningslinjer skal vedtas av det nye fylket, bør det vurderes om barn i grunnskolen skal være fritatt for egenandel ved skysstreiser i forbindelse med tannhelsetjenester.»

Røysting

Gadolin sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Det vart ikkje røysta over fylkesrådmannen sitt forslag.

Femoen sitt forslag vart samrøystes vedteke oversendt.på vegner av forslagsstillaren utan realitetsbehandling.

Innstilling til fylkesutvalet

Fylkestinget kan ikkje støtte saka. Fleire aspekt i saka vil gjere det dyrare for befolkninga å nytte seg av det offentlege tannhelsetilbodet. Samtidig ønskjer vi ikkje å legge opp til ein helt annan praksis no, då dette bør behandlast i det nye fylkestinget. Inntil vidare beheld vi gjeldande praksis.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 31.05.2018

Innstillinga vart samrøystes vedteken som innstilling til fylkestinget.

Innstilling til fylkestinget

Fylkestinget kan ikkje støtte saka. Fleire aspekt i saka vil gjere det dyrare for befolkninga å nytte seg av det offentlege tannhelsetilbodet. Samtidig ønskjer vi ikkje å legge opp til ein helt annan praksis no, då dette bør behandlast i det nye fylkestinget. Inntil vidare beheld vi gjeldande praksis.

Saksprotokoll i fylkestinget - 12. og 13.06.2018

Røysting

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Fylkestinget kan ikkje støtte saka. Fleire aspekt i saka vil gjere det dyrare for befolkninga å nytte seg av det offentlege tannhelsetilbodet. Samtidig ønskjer vi ikkje å legge opp til ein helt annan praksis no, då dette bør behandlast i det nye fylkestinget. Inntil vidare beheld vi gjeldande praksis.

PS 42/18 Dimensjonering av fagskolen på Laksevåg i 2023

Forslag til innstilling

Følgjande framtidig dimensjonering av Fagskolen i Hordaland vert lagt til grunn for nytt fagskulebygg på Laksevåg i 2023:

Fagområde	2023				
	Studenttal	Tilbod	Klassar	Klasser deltid	Heiltid
Bygg	300	6	12	6	6
Petroleum og prosess	200	3	8	3	5
Maskin	175	3	7	3	4
Elektro	375	4	15	9	6
Maskinoffiser	125	1	5	3	2
Dekksoffiser	125	1	5	3	2
Helse	200	8	8	6	2
Havromsteknologi	100	3	4	2	2
Kortere utdanningar (30 stp)	100	4	4	4	0
Kurs og utdanningssenter			4	4	
Sum	1700	33	72	43	29

Saksprotokoll i Styret for fagskolen i Hordaland - 08.05.2018

Røysting

Administrasjonen sitt framlegg vart samrøystes vedteke med følgjande tilleggsforslag:

Dimensjoneringa må også ta omsyn til framtidig tilbod om 3 –årig høgare yrkesfagleg utdanning, jfr. komande endring i fagskulelova.

Vedtak

Følgjande framtidig dimensjonering av Fagskolen i Hordaland vert lagt til grunn for nytt fagskulebygg på Laksevåg i 2023:

Fagområde	2023				
	Studenttal	Tilbod	Klassar	Klasser deltid	Heiltid
Bygg	300	6	12	6	6
Petroleum og prosess	200	3	8	3	5
Maskin	175	3	7	3	4
Elektro	375	4	15	9	6
Maskinoffiser	125	1	5	3	2
Dekksoffiser	125	1	5	3	2
Helse	200	8	8	6	2
Havromsteknologi	100	3	4	2	2
Kortere utdanningar (30 stp)	100	4	4	4	0
Kurs og utdanningssenter			4	4	
Sum	1700	33	72	43	29

Dimensjoneringa må også ta omsyn til framtidig tilbod om 3 –årig høgare yrkesfagleg utdanning, jfr. komande endring i fagskulelova.

Saksprotokoll i Yrkesopplæringsnemnda - 08.05.2018

Roger Pilskog sette fram slikt forslag på vegne av LO :

Yrkesopplæringsnemnda tiltrer innstillingen fra rådmannen. Nemda viser ellers til at dimensjonering frem i tid er vanskelig, da det er arbeidslivets skiftende behov som skal være styrende for fagskolens tilbud. Det er derfor viktig som det og beskrives i saken, at det ikke legges bindinger eller føringer i dag som kan hemme fagskolens fleksibilitet i fremtiden.

Røysting

Pilskog sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Tilråding frå Yrkesopplæringsnemnda

Yrkesopplæringsnemnda tiltrer innstillingen fra rådmannen. Nemda viser ellers til at dimensjonering frem i tid er vanskelig, da det er arbeidslivets skiftende behov som skal være styrende for fagskolens tilbud. Det er derfor viktig som det og beskrives i saken, at det ikke legges bindinger eller føringer i dag som kan hemme fagskolens fleksibilitet i fremtiden.

Saksprotokoll i Utval for opplæring og helse - 15.05.2018

Rosalind Fosse (FrP) sette fram slikt forslag på vegner av Frp, H, MDG, V, A, Sp, SV og R:

«Nytt punkt:

2. Dimensjoneringa må også ta omsyn til framtidig tilbod om 3-årig høgare yrkesfagleg utdanning Jfr. kommande endring i fagskulelova.»

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet. Fosse sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

Følgjande framtidig dimensjonering av Fagskolen i Hordaland vert lagt til grunn for nytt fagskulebygg på Laksevåg i 2023:

Fagområde	2023				
	Studenttal	Tilbod	Klassar	Klasser deltid	Heiltid
Bygg	300	6	12	6	6
Petroleum og prosess	200	3	8	3	5
Maskin	175	3	7	3	4
Elektro	375	4	15	9	6
Maskinoffiser	125	1	5	3	2
Dekksfiser	125	1	5	3	2
Helse	200	8	8	6	2
Havromsteknologi	100	3	4	2	2
Kortere utdanningar (30 stp)	100	4	4	4	0
Kurs og utdanningssenter			4	4	
Sum	1700	33	72	43	29

2. Dimensjoneringa må også ta omsyn til framtidig tilbod om 3-årig høgare yrkesfagleg utdanning Jfr. kommande endring i fagskulelova.»

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 31.05.2018

Innstillinga vart samrøystes vedteken som innstilling til fylkestinget.

Innstilling til fylkestinget

1. Følgjande framtidig dimensjonering av Fagskolen i Hordaland vert lagt til grunn for nytt fagskulebygg på Laksevåg i 2023:

Fagområde	2023				
	Studenttal	Tilbod	Klassar	Klasser deltid	Heiltid
Bygg	300	6	12	6	6
Petroleum og prosess	200	3	8	3	5
Maskin	175	3	7	3	4
Elektro	375	4	15	9	6
Maskinoffiser	125	1	5	3	2
Dekksfiser	125	1	5	3	2
Helse	200	8	8	6	2
Havromsteknologi	100	3	4	2	2
Kortere utdanningar (30 stp)	100	4	4	4	0
Kurs og utdanningssenter			4	4	
Sum	1700	33	72	43	29

2. Dimensjoneringa må også ta omsyn til framtidig tilbod om 3-årig høgare yrkesfagleg utdanning jfr. kommande endring i fagskulelova.

Saksprotokoll i fylkestinget - 12. og 13.06.2018

Rosalind Fosse, Frp, sette fram slikt forslag:

«Fylkestinget er sterkt urolig for dimensjoneringen av antall studenter slik det fremkommer i saken. Fylkestinget er av den oppfatning at denne må økes betydelig og ber om at det fremlegges en sak for fylkestinget som hensyntar dette.»

Røysting

Fosse sitt forslag fekk 7 røyster (Frp) og fall.
Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

1. Følgjande framtidig dimensjonering av Fagskolen i Hordaland vert lagt til grunn for nytt fagskulebygg på Laksevåg i 2023:

Fagområde	2023				
	Studenttal	Tilbod	Klassar	Klasser deltid	Heiltid
Bygg	300	6	12	6	6
Petroleum og prosess	200	3	8	3	5
Maskin	175	3	7	3	4
Elektro	375	4	15	9	6
Maskinoffiser	125	1	5	3	2
Deksoffiser	125	1	5	3	2
Helse	200	8	8	6	2
Havromsteknologi	100	3	4	2	2
Kortere utdanningar (30 stp)	100	4	4	4	0
Kurs og utdanningscenter			4	4	
Sum	1700	33	72	43	29

2. Dimensjoneringa må også ta omsyn til framtidig tilbod om 3-årig høgare yrkesfagleg utdanning jfr. kommande endring i fagskulelova.

PS 43/18 Mandat for elev- og lærlingombodet i Hordaland

Forslag til innstilling

Fylkestinget godkjenner mandat for elev- og lærlingombodet slik det går fram av saksutgreiinga.

Saksprotokoll i Yrkesopplæringsnemnda - 08.05.2018

Tilråding frå Yrkesopplæringsnemnda

Fylkestinget godkjenner mandat for elev- og lærlingombodet slik det går fram av saksutgreiinga.

Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 14.05.2018

Vegard Tobias Kvalheim Kleppe sette fram slikt forslag:

«Tillegg (markert med understrek):

3. Målgruppe

Elev- og lærlingombodet sitt arbeidsområde omfattar alle elevar, lærlingar, lærekandidatar og opplæringsinstitusjonar, samt liknande private tilbod.»

Røysting

Kleppe sitt forslag vart samrøystes vedteke.
Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Tilråding

Fylkestinget godkjenner mandat for elev- og lærlingombodet slik det går fram av saksutgreiinga med slik merknad:

3. Målgruppe

Elev- og lærlingombodet sitt arbeidsområde omfattar alle elevar, lærlingar, lærekandidatar og opplæringsinstitusjonar, samt liknande private tilbod.»

Saksprotokoll i Utval for opplæring og helse - 15.05.2018

Jeanette Syversen (R) sette på vegner av R fram slikt oversendingsforslag til fylkesrådmannen:

«Kan det lages et infomateriell til yrkesfagelever i samarbeid med fagopplæringskontor og lærlingeombudet? Det bør inneholde kort og konkret info med eks. tittel: «Hva du må tenke på, når du blir lærling?»
- Arbeidskontrakt
- Arbeidsmiljølovens rettigheter og plikter o.l.»

Røysting

Syversen sitt forslag var samrøystes vedteke oversendt på vegner av forslagsstillaren utan realitetsbehandling. Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

Fylkestinget godkjenner mandat for elev- og lærlingombodet slik det går fram av saksutgreiinga.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 31.05.2018

Sara Hamre Sekkingstad, Sp, sette på vegner av Sp, A, KrF og SV fram slikt forslag:

«Endring (markert med understrek):

Fylkestinget godkjenner mandat for elev- og lærlingombodet slik det går fram av saksutgreiinga med følgjande endring:

3. Målgruppe

Elev- og lærlingombodet sitt arbeidsområde omfattar alle elevar, lærlingar, lærekandidatar og opplæringsinstitusjonar, i Hordaland.»

Røysting

Sekkingstad sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget mot ingen røyster for innstillinga.

Innstilling til fylkestinget

Fylkestinget godkjenner mandat for elev- og lærlingombodet slik det går fram av saksutgreiinga med følgjande endring:

3. Målgruppe

Elev- og lærlingombodet sitt arbeidsområde omfattar alle elevar, lærlingar, lærekandidatar og opplæringsinstitusjonar, i Hordaland.

Saksprotokoll i fylkestinget - 12. og 13.06.2018

Røysting

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

Fylkestinget godkjenner mandat for elev- og lærlingombodet slik det går fram av saksutgreiinga med følgjande endring:

3. Målgruppe

Elev- og lærlingombodet sitt arbeidsområde omfattar alle elevar, lærlingar, lærekandidatar og opplæringsinstitusjonar, i Hordaland.

PS 44/18 Mandat for mobbeombodet i Hordaland

Forslag til innstilling

Fylkestinget godkjenner mandat for mobbeombodet slik det går fram av saksutgreiinga.

Saksprotokoll i Yrkesopplæringsnemnda - 08.05.2018

Tilråding frå Yrkesopplæringsnemnda

Fylkestinget godkjenner mandat for mobbeombodet slik det går fram av saksutgreiinga.

Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 14.05.2018

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Tilråding

Fylkestinget godkjenner mandat for mobbeombodet slik det går fram av saksutgreiinga.

Saksprotokoll i Utval for opplæring og helse - 15.05.2018

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

Fylkestinget godkjenner mandat for mobbeombodet slik det går fram av saksutgreiinga.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 31.05.2018

Røysting

Innstillinga vart samrøystes vedteken som innstilling til fylkestinget.

Innstilling til fylkestinget

Fylkestinget godkjenner mandat for mobbeombodet slik det går fram av saksutgreiinga.

Saksprotokoll i fylkestinget - 12. og 13.06.2018

Christoffer Thomsen, Frp, sette fram slikt oversendingsforslag til fylkesrådmannen:

«Fylkestinget henstiller til kommuner om at de avsetter en stillingsressurs som kan være tett tilknyttet mobbeombudet.»

Røysting

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Thomsen sitt forslag vart samrøystes vedteke oversendt på vegner av forslagsstillaren utan realitetsbehandling.

Vedtak

Fylkestinget godkjenner mandat for mobbeombodet slik det går fram av saksutgreiinga.

PS 45/18 Evaluering av ny budsjettmodell og bærekraftig finansiering av dei vidaregåande skulane

Forslag til innstilling

Den vedtekne budsjettmodellen vert vidareført med følgjande endringar med verknad frå hausten 2018:

1. Det kan unntaksvis bli oppretta halve klassar som vert budsjettert til redusert sats etter særskilde avtaler.

2. Driftsbudsjettet vert tildelt med ein sats pr. klasse basert på 85% oppfylling og ein sats pr. elev for elevar utover 85% (opp til 100%).
3. Tilrettelagt opplæring i eigne grupper får tildeling basert på ein sats pr. gruppe, men med korrigeringar ut frå gruppestorleik.

Saksprotokoll i Yrkesopplæringsnemnda - 08.05.2018

Roger Pilskog sette fram slikt forslag på vegne av LO :

Yrkesopplæringsnemnda støtter innstillingen, med et nytt punkt 4: Det forutsettes at arbeidslivets behov og tilgang til læreplass blir ivaretatt.

Nemda registrerer ellers i saken at rådmannen bruker økonomiske insentiv for å bedre måloppnåelsen. Nemda ber rådmannen vurdere om slike insentiver bør brukes for å oppnå bedre overgang fra VG2 yrkesfag til læreplass.

Røysting

Pilskog sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Tilråding frå Yrkesopplæringsnemnda

Yrkesopplæringsnemnda støtter innstillingen, med et nytt punkt 4: Det forutsettes at arbeidslivets behov og tilgang til læreplass blir ivaretatt.

Nemda registrerer ellers i saken at rådmannen bruker økonomiske insentiv for å bedre måloppnåelsen. Nemda ber rådmannen vurdere om slike insentiver bør brukes for å oppnå bedre overgang fra VG2 yrkesfag til læreplass.

Saksprotokoll i Utval for opplæring og helse - 15.05.2018

Rosalind Fosse (Frp) sette fram slik protokollmerknad:

«Frp tar evalueringen til etterretning og konstaterer at overgangen til ny modell, som også i prinsipp også baserer seg på en form for stykkpris, ikke har tilført skolene flere ressurser. Heller tvert imot.

Frp er av den oppfatning at her brukes det store administrative ressurser med liten uttelling, da budsjettmodellen må gjennomgås med tanke på nytt fylke.»

Dan Femoen (H) sette fram slikt forslag på vegner av H, Frp og V:

«Nytt punkt 1 erstatter punkt 1, 2 og 3. Den vedtatte budsjettmodellen blir ikke videreført.»

Emil Gadolin (A) sette fram slikt forslag:

«Nytt punkt:

«Økonomisk insentiv» endres til «insentiv».»

Røysting

Dan Femoen sitt forslag fekk 5 røyster (H, FrP og V) og fall.

Fylkesrådmannen sitt forslag vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Gadolin sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

Den vedtekne budsjettmodellen vert vidareført med følgjande endringar med verknad frå hausten 2018:

1. Det kan unntaksvis bli oppretta halve klassar som vert budsjettert til redusert sats etter særskilde avtalar.
2. Driftsbudsjettet vert tildelt med ein sats pr. klasse basert på 85% oppfylling og ein sats pr. elev for elevar utover 85% (opp til 100%).
3. Tilrettelagt opplæring i eigne grupper får tildeling basert på ein sats pr. gruppe, men med korrigeringar ut frå gruppestorleik.
4. «Økonomisk insentiv» endres til «insentiv.»

Protokollmerknad frå Frp

Frp tar evalueringen til etterretning og konstaterer at overgangen til ny modell, som også i prinsipp også baserer seg på en form for stykkpris, ikke har tilført skolene flere ressurser. Heller tvert imot.

Frp er av den oppfatning at her brukes det store administrative ressurser med liten uttelling, da budsjettmodellen må gjennomgås med tanke på nytt fylke.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 31.05.2018

Silja Ekeland Bjørkly, H, sette på vegner av H og Frp fram slikt forslag:

«Alternativ til punkt 1, 2 og 3 i innstillinga:

Nytt punkt 1

Den vedtatte budsjettmodellen blir ikke videreført.»

Roald Stenseide, Frp, sette fram slik protokollmerknad:

«Frp tar evalueringen til etterretning og konstaterer at overgangen til ny modell, som også i prinsipp også baserer seg på en form for stykkpris, ikke har tilført skolene flere ressurser. Heller tvert imot.

Frp er av den oppfatning at her brukes det store administrative ressurser med liten uttelling, da budsjettmodellen må gjennomgås med tanke på nytt fylke.»

Røysting

Innstillinga punkt 1-3 vart vedteken som innstilling til fylkestinget med 10 røyster (A/Sp/KrF/SV/MDG/V) mot 5 røyster (H/Frp) for Bjørkly sitt forslag.

Innstillinga punkt 4 vart vedteken som innstilling til fylkestinget mot 5 røyster (H/Frp).

Innstilling til fylkestinget

Den vedtekte budsjettmodellen vert vidareført med følgjande endringar med verknad frå hausten 2018:

1. Det kan unntaksvis bli oppretta halve klassar som vert budsjettert til redusert sats etter særskilde avtalar.
2. Driftsbudsjettet vert tildelt med ein sats pr. klasse basert på 85% oppfylling og ein sats pr. elev for elevar utover 85% (opp til 100%).
3. Tilrettelagt opplæring i eigne grupper får tildeling basert på ein sats pr. gruppe, men med korrigeringar ut frå gruppestorleik.
4. «Økonomisk insentiv» endres til «insentiv.»

Protokollmerknad frå Frp

Frp tar evalueringen til etterretning og konstaterer at overgangen til ny modell, som også i prinsipp også baserer seg på en form for stykkpris, ikke har tilført skolene flere ressurser. Heller tvert imot.

Frp er av den oppfatning at her brukes det store administrative ressurser med liten uttelling, da budsjettmodellen må gjennomgås med tanke på nytt fylke.»

Saksprotokoll i fylkestinget - 12. og 13.06.2018

Dan Stian Femoen, H, sette på vegner av H og Frp fram slikt forslag:

«Alternativ til punkt 1, 2 og 3 i innstillinga:

Nytt punkt 1

Den vedtatte budsjettmodellen blir ikke videreført.»

Rosalind Fosse, Frp, sette fram slik protokollmerknad:

«Frp tar evalueringen til etterretning og konstaterer at overgangen til ny modell, som også i prinsipp også baserer seg på en form for stykkpris, ikke har tilført skolene flere ressurser. Heller tvert imot.

Frp er av den oppfatning at her brukes det store administrative ressurser med liten uttelling, da budsjettmodellen må gjennomgås med tanke på nytt fylke.»

Røysting

Femoen sitt forslag fekk 19 røyster (H, Frp) og fall.
Innstillinga punkt 1-3 fekk 38 røyster (KrF, Sp, SV, R, V, A, MDG) og vart vedteken.
Innstillinga punkt 4 vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Det kan unntaksvis bli oppretta halve klassar som vert budsjettert til redusert sats etter særskilde avtalar.
2. Driftsbudsjettet vert tildelt med ein sats pr. klasse basert på 85% oppfylling og ein sats pr. elev for elevar utover 85% (opp til 100%).
3. Tilrettelagt opplæring i eigne grupper får tildeling basert på ein sats pr. gruppe, men med korrigeringar ut frå gruppestorleik.
4. «Økonomisk insentiv» endres til «insentiv.»

Protokollmerknad frå Frp

Frp tar evalueringen til etterretning og konstaterer at overgangen til ny modell, som også i prinsipp også baserer seg på en form for stykkpris, ikke har tilført skolene flere ressurser. Heller tvert imot.

Frp er av den oppfatning at her brukes det store administrative ressurser med liten uttelling, da budsjettmodellen må gjennomgås med tanke på nytt fylke.

PS 46/18 Utviding av musikktilbudet ved Langhaugen vgs

Forslag til innstilling

1. Fylkestinget tek saka til orientering.
2. Løyvde midlar på kr. 500 000 blir nytta til frikjøp av avdelingsleiar og å dekkje vikarkostnadar for plasstillitsvald, samt finansiere studietur til aktuelle skular. Eventuelle restmidlar går til investering i naudsynt utstyr.

Saksprotokoll i Utval for opplæring og helse - 15.05.2018

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkestinget tek saka til orientering.
2. Løyvde midlar på kr. 500 000 blir nytta til frikjøp av avdelingsleiar og å dekkje vikarkostnadar for plasstillitsvald, samt finansiere studietur til aktuelle skular. Eventuelle restmidlar går til investering i naudsynt utstyr.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 31.05.2018

Aud Karin Oen, SV, sette fram slikt forslag:

«Alternativ:

Punkt 2

Løyvde midlar på kr. 500 000 blir går til investering i naudsynt utstyr.»

Røysting

Innstillinga punkt 1 vart samrøystes vedteken som innstilling til fylkestinget.

Oen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget mot ingen røyster for innstillinga punkt 2.

Innstilling til fylkestinget

1. Fylkestinget tek saka til orientering.
2. Løyvde midlar på kr. 500 000 blir går til investering i naudsynt utstyr.

Saksprotokoll i fylkestinget - 12. og 13.06.2018

Røysting

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

1. Fylkestinget tek saka til orientering.
2. Løyvde midlar på kr. 500 000 går til investering i naudsynt utstyr.

PS 47/18 Askøy vgs - romprogram

Forslag til innstilling

1. Fylkestinget godkjenner det framlagte rom- og funksjonsprogrammet.
2. Det er ønskjeleg med samlokalisering og sambruk med vaksenopplæringa til Askøy kommune og felles løysingar med kommunen for tekniske anlegg for energi, boss og parkering. Fylkestinget ber rådmannen setje i verk arbeidet med å etablera ein avtale med Askøy kommune for desse områda inkludert avtale for leige av idrettsareal i det planlagde idrettsbygget.

Saksprotokoll i Utval for opplæring og helse - 15.05.2018

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkestinget godkjenner det framlagte rom- og funksjonsprogrammet.
2. Det er ønskjeleg med samlokalisering og sambruk med vaksenopplæringa til Askøy kommune og felles løysingar med kommunen for tekniske anlegg for energi, boss og parkering. Fylkestinget ber rådmannen setje i verk arbeidet med å etablera ein avtale med Askøy kommune for desse områda inkludert avtale for leige av idrettsareal i det planlagde idrettsbygget.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 31.05.2018

Pål Kårbø, KrF, sette fram slikt forslag:

«Alternativ:

Punkt 1

Fylkestinget godkjenner det framlagte rom – og funksjonsprogrammet med følgjande endring: Studiespesialisierende vert redusert med 1 parallell, dvs frå 540 elevplasser til 450 elevplasser.»

Røysting

Kårbø sitt forslag vart vedteke som innstilling til fylkestinget med 8 røyster (A/Sp/KrF/SV) mot 7 røyster (H/Frp/V/MDG) for innstillinga punkt 1.

Innstillinga punkt 2 vart samrøystes vedteken som innstilling til fylkestinget.

Innstilling til fylkestinget

1. Fylkestinget godkjenner det framlagte rom – og funksjonsprogrammet med følgende endring: Studiespesialiserande vert redusert med 1 parallell, dvs frå 540 elevplasser til 450 elevplasser.
2. Det er ønskeleg med samlokalisering og sambruk med vaksenopplæringa til Askøy kommune og felles løysingar med kommunen for tekniske anlegg for energi, boss og parkering. Fylkestinget ber rådmannen setje i verk arbeidet med å etablera ein avtale med Askøy kommune for desse områda inkludert avtale for leige av idrettsareal i det planlagde idrettsbygget.

Saksprotokoll i fylkestinget - 12. og 13.06.2018

Emil Gadolin, A, sette på vegner av A, Sp, SV, Frp, H, R, KrF, V, MDG frem slikt forslag:

«Alternativ:

1. Fylkestinget godkjenner det framlagte rom- og funksjonsprogrammet.
2. Det er ønskeleg med samlokalisering og sambruk med vaksenopplæringa til Askøy kommune og felles løysingar med kommunen for tekniske anlegg for energi, boss og parkering. Fylkestinget ber rådmannen setje i verk arbeidet med å etablera ein avtale med Askøy kommune for desse områda inkludert avtale for leige av idrettsareal i det planlagde idrettsbygget.

Røysting

Gadolin sitt forslag vart samrøystes vedteke mot ingen røyster for innstillinga.

Vedtak

1. Fylkestinget godkjenner det framlagte rom- og funksjonsprogrammet.
2. Det er ønskeleg med samlokalisering og sambruk med vaksenopplæringa til Askøy kommune og felles løysingar med kommunen for tekniske anlegg for energi, boss og parkering. Fylkestinget ber rådmannen setje i verk arbeidet med å etablera ein avtale med Askøy kommune for desse områda inkludert avtale for leige av idrettsareal i det planlagde idrettsbygget.

PS 48/18 Lokal forskrift - fleksibilitet i fag- og timefordeling i videregående opplæring

Forslag til innstilling

1. Fylkestinget vedtar lokal forskrift om fleksibilitet i fag- og timefordeling i videregående opplæring i Hordaland fylkeskommune, 3-årig opplæringsløp til generell studiekompetanse innan utdanningsprogrammet helse- og oppvekstfag ved Nordahl Grieg videregående skole for skuleåret 2018.
2. Fylkestinget vedtar lokal forskrift om fleksibilitet i fag- og timefordeling i videregående opplæring i Hordaland fylkeskommune, 3-årig opplæringsløp til generell studiekompetanse innan utdanningsprogrammet helse- og oppvekstfag ved Olsvikåsen videregående skole for skuleåret 2018.

Saksprotokoll i Yrkesopplæringsnemnda - 29.05.2018

Tilråding frå Yrkesopplæringsnemnda

1. Fylkestinget vedtar lokal forskrift om fleksibilitet i fag- og timefordeling i videregående opplæring i Hordaland fylkeskommune, 3-årig opplæringsløp til generell studiekompetanse innan utdanningsprogrammet helse- og oppvekstfag ved Nordahl Grieg videregående skole for skuleåret 2018.
2. Fylkestinget vedtar lokal forskrift om fleksibilitet i fag- og timefordeling i videregående opplæring i Hordaland fylkeskommune, 3-årig opplæringsløp til generell studiekompetanse innan

utdanningsprogrammet helse- og oppvekstfag ved Olsvikåsen videregående skole for skuleåret 2018.

Saksprotokoll i Utval for opplæring og helse - 05.06.2018

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling.

Innstilling

1. Fylkestinget vedtar lokal forskrift om fleksibilitet i fag- og timefordeling i vidaregåande opplæring i Hordaland fylkeskommune, 3-årig opplæringsløp til generell studiekompetanse innan utdanningsprogrammet helse- og oppvekstfag ved Nordahl Grieg vidaregåande skole for skuleåret 2018.
2. Fylkestinget vedtar lokal forskrift om fleksibilitet i fag- og timefordeling i vidaregåande opplæring i Hordaland fylkeskommune, 3-årig opplæringsløp til generell studiekompetanse innan utdanningsprogrammet helse- og oppvekstfag ved Olsvikåsen vidaregåande skole for skuleåret 2018.

Saksprotokoll i fylkestinget - 12. og 13.06.2018

Røysting

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Fylkestinget vedtar lokal forskrift om fleksibilitet i fag- og timefordeling i vidaregåande opplæring i Hordaland fylkeskommune, 3-årig opplæringsløp til generell studiekompetanse innan utdanningsprogrammet helse- og oppvekstfag ved Nordahl Grieg vidaregåande skole for skuleåret 2018.
2. Fylkestinget vedtar lokal forskrift om fleksibilitet i fag- og timefordeling i vidaregåande opplæring i Hordaland fylkeskommune, 3-årig opplæringsløp til generell studiekompetanse innan utdanningsprogrammet helse- og oppvekstfag ved Olsvikåsen vidaregåande skole for skuleåret 2018.

PS 49/18 Sentralbadet scenekunsthuss. Medverknad frå Hordaland fylkeskommune

Forslag til innstilling

1. Avsetting på kr 5 millionar i budsjettet for 2018 til lokale for Carte Blanche vert nytta til Sentralbadet scenekunsthuss.
2. Med atterhald om dekning i det enkelte årsbudsjett gjev Hordaland fylkeskommune tilsegn om løyving av ytterlegare kr 100 millionar fordelte på 20 år frå og med 2019. Fylkesrådmannen må koma attende til dette i budsjettframlegget for 2019.
3. Det skal stillast vilkår om at bruk og føremål ikkje vert endra. Tilskotet står fast og skal ikkje aukast for endringar i kroneverdi, prosjektkostnader og innhald. Dersom investeringskostnadene vert lågare, kan tilskotet bli redusert.
4. Fylkestinget føreset at Hordaland fylkeskommune sitt tilskot til tiltaket vert gjeve som direkte tilskot til investeringa. Det skal ikkje seinare løyvast auka driftstilskot til leigetakarane som indirekte dekking av investeringa. Husleige for Carte Blanche og BIT Teatergarasjen må i det vidare berre bereknast på grunnlag av reelle forvaltnings-, drifts- og vedlikehaldskostnader, og i samsvar med institusjonane sin faktiske bruk av lokala. Dette prinsippet må og leggest til grunn for berekning av leigekostnader til eventuelle andre brukarar.

Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 24.05.2018

Geir Kjell Andersland (V) sette fram slikt forslag:

«I forslag til vedtak punkt 3: 2. setning vedrørende kroneverdi m.m. sløyfes.»

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 1 og 2 vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Andersland sitt forslag punkt 3 fekk 1 røyst (V) og fall.

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 3 vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet mot 6 røyster (H, Frp, V).

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 4 vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Avsetting på kr 5 millionar i budsjettet for 2018 til lokale for Carte Blanche vert nytta til Sentralbadet scenekunsthuss.
2. Med atterhald om dekning i det enkelte årsbudsjett gjev Hordaland fylkeskommune tilsegn om løyving av ytterlegare kr 100 millionar fordelte på 20 år frå og med 2019. Fylkesrådmannen må koma attende til dette i budsjettframlegget for 2019.
3. Det skal stillast vilkår om at bruk og føremål ikkje vert endra. Tilskotet står fast og skal ikkje aukast for endringar i kroneverdi, prosjektkostnader og innhald. Dersom investeringskostnadene vert lågare, kan tilskotet bli redusert.
4. Fylkestinget føreset at Hordaland fylkeskommune sitt tilskot til tiltaket vert gjeve som direkte tilskot til investeringa. Det skal ikkje seinare løyvast auka driftstilskot til leigetakarane som indirekte dekning av investeringa. Husleige for Carte Blanche og BIT Teatergarasjen må i det vidare berre bereknast på grunnlag av reelle forvaltnings-, drifts- og vedlikehaldskostnader, og i samsvar med institusjonane sin faktiske bruk av lokala. Dette prinsippet må og leggest til grunn for berekning av leigekostnader til eventuelle andre brukarar.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 31.05.2018

Anne-Beth Njærheim, V, stilte spørsmål om ho var inhabil fordi ho er styremedlem i Carte Blanche AS. Njærheim gjekk frå under vurderinga av spørsmålet om ho var inhabil. Fylkesutvalet vedtok samrøystes at Anne-Beth Njærheim var inhabil etter forvaltningslova § 6, 1. ledd e).

Anne-Beth Njærheim gjekk frå under behandlinga av saka. Det var 14 representantar til stades.

Røysting

Innstillinga punkt 1, 2 og 4 vart samrøystes vedteken som innstilling til fylkestinget.

Innstillinga punkt 3 vart vedteken som innstilling til fylkestinget mot 2 røyster (Frp).

Innstilling til fylkestinget

1. Avsetting på kr 5 millionar i budsjettet for 2018 til lokale for Carte Blanche vert nytta til Sentralbadet scenekunsthuss.
2. Med atterhald om dekning i det enkelte årsbudsjett gjev Hordaland fylkeskommune tilsegn om løyving av ytterlegare kr 100 millionar fordelte på 20 år frå og med 2019. Fylkesrådmannen må koma attende til dette i budsjettframlegget for 2019.
3. Det skal stillast vilkår om at bruk og føremål ikkje vert endra. Tilskotet står fast og skal ikkje aukast for endringar i kroneverdi, prosjektkostnader og innhald. Dersom investeringskostnadene vert lågare, kan tilskotet bli redusert.
4. Fylkestinget føreset at Hordaland fylkeskommune sitt tilskot til tiltaket vert gjeve som direkte tilskot til investeringa. Det skal ikkje seinare løyvast auka driftstilskot til leigetakarane som indirekte dekning av investeringa. Husleige for Carte Blanche og BIT Teatergarasjen må i det vidare berre bereknast på grunnlag av reelle forvaltnings-, drifts- og vedlikehaldskostnader, og i samsvar med institusjonane sin faktiske bruk av lokala. Dette prinsippet må og leggest til grunn for berekning av leigekostnader til eventuelle andre brukarar.

Saksprotokoll i fylkestinget - 12. og 13.06.2018

Følgjande representantar stilte spørsmål om dei var inhabile:

- Anne-Beth Njærheim, V, styremedlem i Carte Blanche AS
- Svein Halleraker, H, styremedlem i Carte Blanche AS
- Renate Møgster Klepsvik, Frp, varamedlem i Carte Blanche AS

Njærheim, Halleraker og Klepsvik gjeikk frå under vurderinga av spørsmålet om dei var inhabile. Fylkestinget vedtok samrøystes at Anne-Beth Njærheim og Svein Halleraker var inhabile etter forvaltningslova § 6, 1. ledd e).

Fylkestinget vedtok samrøystes at Renate Møgster Klepsvik ikkje var inhabil.

Anne-Beth Njærheim og Svein Halleraker gjeikk frå under behandlinga av saka.

Elizabeth Toft Erichsen stilte som vara for Anne-Beth Njærheim.

Det var 56 representantar til stades.

Terje Kollbotn, R, sette på vegner av R fram slikt oversendingsforslag til utval for kultur, idrett og regional utvikling:

«Tillegg:

Hordaland fylkesting går inn for at opprustning og framtidig drift blir fullfinansiert av staten. Båda Carte blanche og BIT Teatergarasjen er institusjonar av både internasjonal og nasjonal karakter. Carte blanche er dessutan definert som det nasjonale kompaniet for samtidsdans, og bør difor bli finansiert 100% av staten på lik linje med andre statlege institusjonar. Denne finansieringa bør ikkje berre dekkje drifta, men og opprustning av bygget kompaniet skal vere i.»

Røysting

Innstillinga punkt 3 vart vedteke mot 7 røyster (Frp).

Innstillinga punkt 1, 2 og 4 vart samrøystes vedteke.

Kollbotn sitt forslag vart samrøystes vedteke oversendt på vegner av forslagsstillaren utan realitetsbehandling.

Vedtak

1. Avsetting på kr 5 millionar i budsjettet for 2018 til lokale for Carte Blanche vert nytta til Sentralbadet scenekunsthuss.
2. Med atterhald om dekning i det enkelte årsbudsjett gjev Hordaland fylkeskommune tilsegn om løyving av ytterlegare kr 100 millionar fordelte på 20 år frå og med 2019. Fylkesrådmannen må koma attende til dette i budsjettframlegget for 2019.
3. Det skal stillast vilkår om at bruk og føremål ikkje vert endra. Tilskotet står fast og skal ikkje aukast for endringar i kroneverdi, prosjektkostnader og innhald. Dersom investeringskostnadene vert lågare, kan tilskotet bli redusert.
4. Fylkestinget føreset at Hordaland fylkeskommune sitt tilskot til tiltaket vert gjeve som direkte tilskot til investeringa. Det skal ikkje seinare løyvast auka driftstilskot til leigetakarane som indirekte dekning av investeringa. Husleige for Carte Blanche og BIT Teatergarasjen må i det vidare berre bereknast på grunnlag av reelle forvaltnings-, drifts- og vedlikehaldskostnader, og i samsvar med institusjonane sin faktiske bruk av lokala. Dette prinsippet må og leggest til grunn for berekning av leigekostnader til eventuelle andre brukarar.

PS 50/18 Temaplan for landbruk i Hordaland 2018-2022 etter høyring

Forslag til innstilling/vedtak

1. Fylkestinget vedtek «Temaplan for landbruk i Hordaland 2018-2022» med tilrådde endringar slik det kjem fram av saksframlegget og ber om at fylkesrådmannen set i verk arbeidet med innsatsområda.

2. Fylkesrådmannen får fullmakt til å gjere språklege endringar, samt rett opp og oppdatere tal og statistikk i tekst og figurar/tabellar.
3. Fylkestinget ber fylkesrådmannen vurdere kva tiltak som må bli gjennomført for at Hordaland skal bidra til at nasjonal jordvernmål blir realisert og ber fylkesrådmannen presentere forslag til tiltak i ei politisk sak.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 31.05.2018

Kari Bernardini, A, sette fram slikt forslag:

«Tillegg:

Punkt 4

For å sikre god rekruttering og gode arbeidsforhold i landbruket er det også viktig å jobbe mot sosial dumping.»

Tom Sverre Tomren, MDG, sette fram slikt forslag:

«Tillegg:

Punkt 1

Fylkestinget har likevel følgende endringskommentarer:

- a. Fylkestinget understreker at klimaplanen skal være overordnet andre planer inklusiv landsbruksplanen. Dette må komme fram i planen.
- b. Planen må løfte fram urbant landbruk som eget tema.
- c. Det skal komme tydelig fram i planen at sikagran utgjør en trussel mot biologisk mangfold.
- d. Planen skal inneholde en formulering om at HFK vil stimulere til mindre bruk av kraftfor og importert soya.
- e. Dyrevelferd skal omtales som et eget og viktig tema.»

Aud Karin Oen, SV, sette på vegner av A, Sp, KrF, SV, MDG, V, Frp og H fram slik protokollmerknad:

«Partia vil sjå på framlegget frå MDG fram mot fylkestinget.»

Røysting

Innstillinga punkt 1-3 vart samrøystes vedteken som innstilling til fylkestinget.

Tomren sitt forslag fekk 1 røyst (MDG) og fall.

Bernardini sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

Innstilling til fylkestinget

1. Fylkestinget vedtek «Temaplan for landbruk i Hordaland 2018-2022» med tilrådde endringar slik det kjem fram av saksframlegget og ber om at fylkesrådmannen set i verk arbeidet med innsatsområda.
2. Fylkesrådmannen får fullmakt til å gjere språklege endringar, samt rett opp og oppdatere tal og statistikk i tekst og figurar/tabellar.
3. Fylkestinget ber fylkesrådmannen vurdere kva tiltak som må bli gjennomført for at Hordaland skal bidra til at nasjonal jordvernmål blir realisert og ber fylkesrådmannen presentere forslag til tiltak i ei politisk sak.
4. For å sikre god rekruttering og gode arbeidsforhold i landbruket er det også viktig å jobbe mot sosial dumping.

Protokollmerknad frå A, Sp, KrF, SV, MDG, V, Frp og H

Partia vil sjå på framlegget frå MDG fram mot fylkestinget.

Saksprotokoll i fylkestinget - 12. og 13.06.2018

Sara Hamre Sekkingstad, Sp, sette på vegner av Sp, SV, A og KrF fram slikt forslag:

«Alternativ:

Punkt 3

Fylkestinget ber fylkesrådmannen vurdere konkrete tiltak som kan bidra til å oppnå innsatsområda i planen og ber fylkesrådmannen presentere forslag til tiltak i ei politisk sak.»

Geir Angeltveit, V, sette fram slikt forslag A:

«Tillegg:

Nytt punkt

Fylkestinget ønskjer desse endringane i temaplan for landbruk.

a.

- Primært: Endra indikator på innsatsområde (s.24) frå «kjøt» til «grønsaker».
- Sekundært: Endra indikator på innsatsområde (s.24) til «Auke i produksjon av frukt, grønnsaker, berekraftig kjøt, og skog. Auke i leveringsgraden for mjølk i Hordaland. Auke i talet på landbruksverksemdar.»

Geir Angeltveit, V, sette fram slikt forslag B:

«Tillegg:

Nytt punkt

Ved neste rullering skal følgjande tema takast inn i planen:

- Folkehelsa må inn som innsatsområde
- Utfordringar med monokultur artsmangfald
- Potensiale for bruk av berekraftig norsk forproduksjon (frå t.d. havnæringa)»

Iril Schau Johansen, H, sette fram slikt forslag:

«Tillegg:

Tillegg etter siste setning på side 10:

«I tilfelle der eigar ikkje driv jorda sjølv, og ynskjer å selje til leigetakar som tilleggsjord, bør det leggest til rette for at den som faktisk driv landbruksjorda, får høve til å eige framfor å leige jorda han driv, i tråd med jordlova.»»

Tom Sverre Tomren, MDG, sette fram slikt forslag:

«Tillegg:

Punkt 1

Fylkestinget vil likevel komme med tillegg:

- Fylkestinget understreker at klimaplanen skal være overordnet andre planer, inklusiv landsbruksplanen. Dette må komme tydeligere fram i planen.
- Det skal komme tydelig fram i planen at fylkeskommunen er oppmerksom på at sitkagran og ein del andre treslag kan utgjøre en trussel mot biologisk mangfold. Regjeringa er i ferd med å utrede problemstillingen og planen må justeres og oppdateres når utredningsarbeidet er gjennomført.
- Planen skal inneholde en formulering om at Hordaland fylkeskommune vil oppmode til større bruk av eige produsert fôr og mindre bruk av kraftfôr og importert soya.
- Ved framtidige rulleringer av planen skal "Dyrevelferd" omtales som et eget og viktig tema.»

Geir Angeltveit, V, sette fram slikt forslag C:

«Tillegg:

Nytt punkt

Det må utarbeidast ein handlingsplan for innsatsområda i temaplan for landbruk. Lagt fram til politisk handsaming.»

Gustav Bahus, Frp, sette på vegner av Frp fram slikt oversendingsforslag til fylkesrådmannen:

«I Hordaland har forskjellige planverk sett strenge rammer for arealbruk samtidig som jordvern i regionsentra er svekka. Difor vil det vera nyttig å inkludera urbant landbruk i planen.

Temaplanen må leggja større vekt på miljøproblema plast og mikroplast skaper i husdyrhaldet.

Temaplanen må understreka vanskane dei nye reglane om ikkje å få byggja hus nr 2 på garden utgjør for å halda drift på garden ved generasjonsskifte.

Temaplanen seier svært lite eller ingenting om satsing på skogbruk og hogst av hogstmoden skog særleg på vestlandet. Det er inga beskriving av den naudsynte satsinga på infrastruktur som skogsbilvegar, velteplassar, utskipningskaiar og tilknytning til offentleg vegnett. Planen må ta opp i seg utfordringane KIP-kjøyring og mangelen på flaskehalsutbetringar gjer for skogbruksnæringa og miljøet. Sitkagrana har vore ein viktig ressurs i norsk skogbruk og byggeverksemd i etterkrigsåra. Den står òg for ein stor del av naturleg co2-fangst, men grana kan vera ein trugsel mot biologisk mangfald, spesielt rik lauvskog, som også er naturleg for våre områder. Dette bør bli omtalt i planen der ein diskuterer skogbruk.

Temaplanen må leggja større vekt på alternativ- og tilleggsdrift som til dømes:

- Inn på tunet
- Gardsmatsal/butikk
- Natur og jakt/fiske-opplevingar
- Generell utleigeverksemd

Temaplanen må styrkjast med eit eige kapittel om dyrevelferd.

Det er positivt at klimarekneskap er med i temaplanen.»

Røysting

Innstillinga punkt 1 vart samrøystes vedteken.

Tomren sitt forslag punkt a) fekk 10 røyster (MDG, SV, V, R) og fall.

Tomren sitt forslag punkt b) fekk 17 røyster (MDG, SV, V, R, Frp) og fall.

Tomren sitt forslag punkt c) fekk 17 røyster (MDG, SV, V, R, Frp) og fall.

Tomren sitt forslag punkt e) fekk 17 røyster (MDG, SV, V, R, Frp) og fall.

Innstillinga punkt 2 vart samrøystes vedteken.

Sekkingstad sitt forslag vart vedteke med 51 røyster (A, KrF, Sp, SV, R, Frp, H) mot 6 røyster (V, MDG) for innstillinga punkt 3.

Innstillinga punkt 4 vart samrøystes vedteken.

Johansen sitt forslag fekk 30 røyster (H, Frp, Sp, SV, R, MDG) og vart vedteke.

Angeltveit sitt forslag A primært fekk 6 røyster (V, MDG) og fall.

Angeltveit sitt forslag A sekundært fekk 10 røyster (V, MDG, R, SV) og fall.

Angeltveit sitt forslag B sekundært fekk 22 røyster (V, MDG, R, SV, H) og fall.

Angeltveit sitt forslag C sekundært fekk 10 røyster (V, MDG, R, SV) og fall.

Bahus sitt forslag vart samrøystes vedteke oversendt på vegner av forslagsstillaren utan realitetsbehandling.

Vedtak

1. Fylkestinget vedtek «Temaplan for landbruk i Hordaland 2018-2022» med tilrådde endringar slik det kjem fram av saksframlegget og ber om at fylkesrådmannen set i verk arbeidet med innsatsområda.
2. Fylkesrådmannen får fullmakt til å gjere språklege endringar, samt rett opp og oppdatere tal og statistikk i tekst og figurar/tabellar.
3. Fylkestinget ber fylkesrådmannen vurdere konkrete tiltak som kan bidra til å oppnå innsatsområda i planen og ber fylkesrådmannen presentere forslag til tiltak i ei politisk sak.

4. For å sikre god rekruttering og gode arbeidsforhold i landbruket er det også viktig å jobbe mot sosial dumping.
5. Tillegg etter siste setning på side 10:
«I tilfelle der eigar ikkje driv jorda sjølv, og ynskjer å selje til leigetakar som tilleggsjord, bør det leggest til rette for at den som faktisk driv landbruksjorda, får høve til å eige framfor å leige jorda han driv, i tråd med jordlova.»

PS 51/18 Målform i Hordaland fylkeskommune

Forslag til innstilling

1. Fylkestinget stadfestar at nynorsk er administrasjonsmålet i Hordaland fylkeskommune slik det er innarbeidd i reglement og retningslinjer.
2. Fylkestinget ber om at målvedtak og språk meir generelt i den nye fylkeskommunen vert teke opp i samanslåingsprosessen som er i gang
3. Fylkestinget oppmodar den nye fylkeskommunen om å gjera vedtak om målform så snart som råd er etter samanslåinga 1.2.2020.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 31.05.2018

Aud Karin Oen, SV, sette fram slikt oversendingsforslag til fylkesordførar:

«4. Fylkestinget vedtek at Skyss brukar nynorsk i Bergen på same måten som elles i fylket. Dette fordi rutetilbudet i Bergen òg er til for kollektivreisande i Hordaland og administrasjonsspråket er nynorsk.

Nytt punkt 5:

5. Fylkestinget vedtek at alle dei fylkeskommunale vidaregåande skulane primært administrerer og marknadsfører seg på nynorsk.

Nytt punkt 6:

6. Fylkestinget vedtek at alle tekstar som fylkeskommunen betalar eksterne tekstprodusentar for, og som skal brukast i samanhengar der fylkeskommunale institusjonar brukar nynorsk, skal leverast på nynorsk av desse eksterne tekstprodusentane.»

Sigbjørn Framnes, Frp, sette fram slikt forslag:

«Alternativ:

Punkt 1

Hordaland fylkeskommune likestiller begge målformene.»

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 1 vart vedteke med som innstilling til fylkestinget 13 røyster (A/Sp/KrF/SV/MDG/V/H) mot 2 røyster (Frp) for Framnes sitt forslag.

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 2 og 3 vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

Oen sitt forslag vart vedteke oversendt på vegner av forslagsstillaren utan realitetsbehandling mot 5 røyster (Frp/H).

Innstilling til fylkestinget

1. Fylkestinget stadfestar at nynorsk er administrasjonsmålet i Hordaland fylkeskommune slik det er innarbeidd i reglement og retningslinjer.
2. Fylkestinget ber om at målvedtak og språk meir generelt i den nye fylkeskommunen vert teke opp i samanslåingsprosessen som er i gang.

3. Fylkestinget oppmodar den nye fylkeskommunen om å gjera vedtak om målform så snart som råd er etter samanslåinga 1.1.2020.

Saksprotokoll i fylkestinget - 12. og 13.06.2018

Sigbjørn Framnes, Frp, sette fram slikt forslag:

«Alternativ:

Punkt 1

Hordaland fylkeskommune likestiller begge målformene.»

Aud Karin Oen, SV, sette på vegner av SV, R og V slikt forslag:

«Tillegg:

Nytt punkt 4:

4. Fylkestinget vedtek at Skyss brukar nynorsk i Bergen på same måten som elles i fylket. Dette fordi rutetilbudet i Bergen òg er til for kollektivreisande i Hordaland og administrasjonsspråket er nynorsk.

Nytt punkt 5:

5. Fylkestinget vedtek at alle dei fylkeskommunale vidaregåande skulane primært administrerer og marknadsfører seg på nynorsk.

Nytt punkt 6:

6. Fylkestinget vedtek at alle tekstar som fylkeskommunen betalar eksterne tekstprodusentar for, og som skal brukast i samanhengar der fylkeskommunale institusjonar brukar nynorsk, bør leverast på nynorsk av desse eksterne tekstprodusentane.»

Røysting

Framnes sitt forslag fekk 7 røyster (Frp) og fall.

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Oen sitt forslag fekk 38 røyster (KrF, R, SV, Sp, V, A, MDG) og vart vedteke.

Vedtak

1. Fylkestinget stadfestar at nynorsk er administrasjonsmålet i Hordaland fylkeskommune slik det er innarbeidd i reglement og retningslinjer.
2. Fylkestinget ber om at målvedtak og språk meir generelt i den nye fylkeskommunen vert teke opp i samanslåingsprosessen som er i gang.
3. Fylkestinget oppmodar den nye fylkeskommunen om å gjera vedtak om målform så snart som råd er etter samanslåinga 1.1.2020.
4. Fylkestinget vedtek at Skyss brukar nynorsk i Bergen på same måten som elles i fylket. Dette fordi rutetilbudet i Bergen òg er til for kollektivreisande i Hordaland og administrasjonsspråket er nynorsk.
5. Fylkestinget vedtek at alle dei fylkeskommunale vidaregåande skulane primært administrerer og marknadsfører seg på nynorsk.
6. Fylkestinget vedtek at alle tekstar som fylkeskommunen betalar eksterne tekstprodusentar for, og som skal brukast i samanhengar der fylkeskommunale institusjonar brukar nynorsk, bør leverast på nynorsk av desse eksterne tekstprodusentane.

PS 52/18 Endingar i "Reglement om godtgjersle til folkevalde i Hordaland fylkeskommune"

Forslag til innstilling

Reglement om godtgjersle for folkevalde i Hordaland fylkeskommune pkt. 5.2.1. vert endra slik:(endringar i kursiv)

5.2.1. Skyss-, kost- og overnattingsgodtgjersle

For skyss- og kostgodtgjersle gjeld Statens reiseregulativ.

For møte i fylkesting, fylkesutval og andre fylkeskommunale organ nemnde under pkt. 3, gjeld dei vanlege reglane i regulativet med det unntak at representantar nemnde under pkt. 2 får kostgodtgjersle etter regulativet utan omsyn til kvar dei bur.

Det er høve for fylkeskommunale folkevalde representantar å nytta eige skyssmiddel for reiser til og frå møte.

Den folkevalde får dekka reiseutgifter frå heimstaden/arbeidsstaden.

Dersom den folkevalde på grunn av utdanning, verneplikt eller liknande oppheld seg ein annan stad enn heimstaden, vert det dekka reiseutgifter til og frå den staden ein oppheld seg som følgje av dette.

Fylkeskommunen dekkjer overnatting:

Når fylkeskommunale møte eller møte representanten deltek på vegner av fylkeskommunen går over fleire døger, eller representanten må møte på møte påfølgjande dag og reiseavstand til heimen er på 50 km med bil eller 1 time reise med kollektive transportmiddel (målt etter www.vegvesen.no/trafikk hos Statens vegvesen).

Fylkeskommunen dekkjer også overnatting når det ikkje er praktisk mogeleg å komme seg heim med kollektiv reise, eller at heimreise medfører urimeleg lang tidsbruk for representanten dersom representanten skal på fylkeskommunale oppdrag neste dag.

Fylkeskommunen kan dekkja overnatting dersom møtet varer så lenge ut over kvelden at representanten ikkje kan nå heim same dag.

Reglane gjeld tilsvarande for gruppemøte før fylkestingsmøte.

Fylkesordføraren tolkar regelverket og kan gjera unntak til dømes ved ekstremver, brot i samferdsletilbod, vegstenging eller særskilte behov som sjukdom med meir.

Fylkesordføraren skal på førehand godkjenna utanlandsreiser. For reiser i utlandet gjeld Statens reiseregulativ for utanlandsreiser.

Fylkesordføraren kan godkjenna unntak frå dette.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 31.05.2018

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

Innstilling til fylkestinget

Reglement om godtgjersle for folkevalde i Hordaland fylkeskommune pkt. 5.2.1. vert endra slik: (endringar i kursiv)

5.2.1. Skyss-, kost- og overnattingsgodtgjersle

For skyss- og kostgodtgjersle gjeld Statens reiseregulativ.

For møte i fylkesting, fylkesutval og andre fylkeskommunale organ nemnde under pkt. 3, gjeld dei vanlege reglane i regulativet med det unntak at representantar nemnde under pkt. 2 får kostgodtgjersle etter regulativet utan omsyn til kvar dei bur.

Det er høve for fylkeskommunale folkevalde representantar å nytta eige skyssmiddel for reiser til og frå møte.

Den folkevalde får dekka reiseutgifter frå heimstaden/arbeidsstaden.

Dersom den folkevalde på grunn av utdanning, verneplikt eller liknande oppheld seg ein annan stad enn heimstaden, vert det dekka reiseutgifter til og frå den staden ein oppheld seg som følgje av dette.

Fylkeskommunen dekkjer overnatting:

- Når fylkeskommunale møte eller møte representanten deltek på vegner av fylkeskommunen går over fleire døger, eller representanten må møte på møte påfølgjande dag og reiseavstand til heimen er på 50 km med bil eller 1 time reise med kollektive transportmiddel (målt etter www.vegvesen.no/trafikk hos Statens vegvesen).
- Fylkeskommunen dekkjer også overnatting når det ikkje er praktisk mogeleg å komme seg heim med kollektiv reise, eller at heimreise medfører urimeleg lang tidsbruk for representanten dersom representanten skal på fylkeskommunale oppdrag neste dag.
- Fylkeskommunen kan dekkja overnatting dersom møtet varer så lenge ut over kvelden at representanten ikkje kan nå heim same dag.
- Reglane gjeld tilsvarande for gruppemøte før fylkestingsmøte.
- Fylkesordføraren tolkar regelverket og kan gjera unntak til dømes ved ekstremver, brot i samferdsletilbod, vegstenging eller særskilte behov som sjukdom med meir.

Fylkesordføraren skal på førehand godkjenna utanlandsreiser. For reiser i utlandet gjeld Statens reiseregulativ for utanlandsreiser.

Fylkesordføraren kan godkjenna unntak frå dette.

Saksprotokoll i fylkestinget - 12. og 13.06.2018

Røysting

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Reglement om godtgjersle for folkevalde i Hordaland fylkeskommune pkt. 5.2.1. vert endra slik: (endringar i kursiv)

5.2.1. Skyss-, kost- og overnattingsgodtgjersle

For skyss- og kostgodtgjersle gjeld Statens reiseregulativ.

For møte i fylkesting, fylkesutval og andre fylkeskommunale organ nemnde under pkt. 3, gjeld dei vanlege reglane i regulativet med det unntak at representantar nemnde under pkt. 2 får kostgodtgjersle etter regulativet utan omsyn til kvar dei bur.

Det er høve for fylkeskommunale folkevalde representantar å nytta eige skyssmiddel for reiser til og frå møte.

Den folkevalde får dekka reiseutgifter frå heimstaden/arbeidsstaden.

Dersom den folkevalde på grunn av utdanning, verneplikt eller liknande oppheld seg ein annan stad enn heimstaden, vert det dekka reiseutgifter til og frå den staden ein oppheld seg som følgje av dette.

Fylkeskommunen dekkjer overnatting:

- Når fylkeskommunale møte eller møte representanten deltek på vegner av fylkeskommunen går over fleire døger, eller representanten må møte på møte påfølgjande dag og reiseavstand til heimen er på 50 km med bil eller 1 time reise med kollektive transportmiddel (målt etter www.vegvesen.no/trafikk hos Statens vegvesen).

- Fylkeskommunen dekkjer også overnatting når det ikkje er praktisk mogeleg å komme seg heim med kollektiv reise, eller at heimreise medfører urimeleg lang tidsbruk for representanten dersom representanten skal på fylkeskommunale oppdrag neste dag.
- Fylkeskommunen kan dekkja overnatting dersom møtet varer så lenge ut over kvelden at representanten ikkje kan nå heim same dag.
- Reglane gjeld tilsvarende for gruppemøte før fylkestingsmøte.
- Fylkesordføraren tolkar regelverket og kan gjera unntak til dømes ved ekstremver, brot i samferdsletilbod, vegstenging eller særskilte behov som sjukdom med meir.

Fylkesordføraren skal på førehand godkjenna utanlandsreiser. For reiser i utlandet gjeld Statens reiseregulativ for utanlandsreiser.

Fylkesordføraren kan godkjenna unntak frå dette.

PS 53/18 Bompengereforma - overføring av garantiar til Ferde AS

Forslag til innstilling

Hordaland fylkeskommune gjev sjølvskuldnargarantiar overfor Ferde AS til følgjande prosjekt:

1. Jondalstunnelen
Sjølvskuldnargaranti for lån på inntil 50 mill. kr.
Garantien omfattar i tillegg inntil 10 % av hovudstol til påløpne kostnader.
Maksimal garantiperiode er fram til utgangen av 2024.
2. Fastlandssambandet Halsnøy
Sjølvskuldnargaranti for lån på inntil 130 mill. kr.
Garantien omfattar i tillegg inntil 10 % av hovudstol til påløpne kostnader.
Maksimal garantiperiode er fram til utgangen av 2023.
3. Bømløpakken
Sjølvskuldnargaranti for lån på inntil 600 mill. kr.
Garantien omfattar i tillegg inntil 10 % av hovudstol til påløpne kostnader.
Maksimal garantiperiode er fram til utgangen av 2030.
4. Kvammapakken
Sjølvskuldnargaranti for lån på inntil 370 mill. kr.
Garantien dekkjer i tillegg inntil 10 % av hovudstol til påløpne kostnader.
Maksimal garantiperiode er fram til utgangen av 2030.
5. Vossapakken
Sjølvskuldnargaranti for lån på inntil 610 mill. kr.
Garantien omfattar i tillegg inntil 10 % av hovudstol til påløpne kostnader.
Maksimal garantiperiode er fram til utgangen av 2030.
6. Hardangerbrua
Sjølvskuldnargaranti for lån på inntil 1 430 mill. kr.
Garantien omfattar i tillegg inntil 10 % av hovudstol til påløpne kostnader.
Maksimal garantiperiode er fram til utgangen av 2029.
7. Nordhordlandspakken
Sjølvskuldnargaranti for lån på inntil 750 mill. kr.
Garantien omfattar i tillegg inntil 10 % av hovudstol til påløpne kostnader.
Maksimal garantiperiode er fram til utgangen av 2032.
8. Årsnes ferjekai
Sjølvskuldnargaranti for lån på inntil 16 mill. kr.
Garantien omfattar i tillegg inntil 10 % av hovudstol til påløpne kostnader.
Maksimal garantiperiode er fram til utgangen av 2026.

9. Ved garantistilling overfor Ferde AS fell tidlegare vilkår om aksjemajoritet og styrefleirtal i bompengeselskapa bort.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 31.05.2018

Følgjande representantar stilte spørsmål om dei var inhabile:

- Anne-Beth Njærheim, V, er styremedlem i Bømlo Vegselskap AS.
- Kari Bernardini, A, er styremedlem i Kvam Bompengeselskap AS.
- Synnøve Solbakken, A, er styreleiar i Bømlo Vegselskap AS.

Njærheim, Bernardini og Solbakken gjekk frå under vurderinga av spørsmålet om dei var inhabile. Fylkesutvalet vedtok samrøystes at Anne-Beth Njærheim, Kari Bernardini og Synnøve Solbakken var inhabil etter forvaltningslova § 6, 1. ledd e).

Anne-Beth Njærheim, Kari Bernardini og Synnøve Solbakken gjekk frå under behandlinga av saka. Det var 12 representantar til stades.

Røysting

Fylkesrådmannens sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

Innstilling til fylkestinget

Hordaland fylkeskommune gjev sjølvskuldnargarantiar overfor Ferde AS til følgjande prosjekt:

1. Jondalstunnelen
Sjølvskuldnargaranti for lån på inntil 50 mill. kr.
Garantien omfattar i tillegg inntil 10 % av hovudstol til påløpne kostnader.
Maksimal garantiperiode er fram til utgangen av 2024.
2. Fastlandssambandet Halsnøy
Sjølvskuldnargaranti for lån på inntil 130 mill. kr.
Garantien omfattar i tillegg inntil 10 % av hovudstol til påløpne kostnader.
Maksimal garantiperiode er fram til utgangen av 2023.
3. Bømlopakken
Sjølvskuldnargaranti for lån på inntil 600 mill. kr.
Garantien omfattar i tillegg inntil 10 % av hovudstol til påløpne kostnader.
Maksimal garantiperiode er fram til utgangen av 2030.
4. Kvammapakken
Sjølvskuldnargaranti for lån på inntil 370 mill. kr.
Garantien dekkjer i tillegg inntil 10 % av hovudstol til påløpne kostnader.
Maksimal garantiperiode er fram til utgangen av 2030.
5. Vossapakken
Sjølvskuldnargaranti for lån på inntil 610 mill. kr.
Garantien omfattar i tillegg inntil 10 % av hovudstol til påløpne kostnader.
Maksimal garantiperiode er fram til utgangen av 2030.
6. Hardangerbrua
Sjølvskuldnargaranti for lån på inntil 1 430 mill. kr.
Garantien omfattar i tillegg inntil 10 % av hovudstol til påløpne kostnader.
Maksimal garantiperiode er fram til utgangen av 2029.
7. Nordhordlandspakken
Sjølvskuldnargaranti for lån på inntil 750 mill. kr.
Garantien omfattar i tillegg inntil 10 % av hovudstol til påløpne kostnader.
Maksimal garantiperiode er fram til utgangen av 2032.
8. Årsnes ferjekai
Sjølvskuldnargaranti for lån på inntil 16 mill. kr.
Garantien omfattar i tillegg inntil 10 % av hovudstol til påløpne kostnader.

Maksimal garantiperiode er fram til utgangen av 2026.

9. Ved garantistilling overfor Ferde AS fell tidlegare vilkår om aksjemajoritet og styrefleirtal i bompengeselskapa bort.

Saksprotokoll i fylkestinget - 12. og 13.06.2018

Følgjande representantar stilte spørsmål om dei var inhabile:

- Kari Sørensen Bernardini, A
- Geir Angeltveit, V
- Stein Inge Ryssdal
- May Eva Sandvik, H
- Svein Halleraker, H
- Beate Husa, KrF
- Benthe Bondhus, Sp
- Alexander Fosse Andersen, Sp
- Anne-Beth Njærheim, V
- Øyvind Hardeland, A
- Linda Haugland Jondahl, A
- Synnøve Solbakken, A

Representantane gjekk frå under vurderinga av spørsmålet om dei var inhabile. Fylkestinget vedtok samrøystes at representantane var inhabile etter forvaltningslova § 6, 1. ledd e) og forvaltningslova § 6, 2.

Representantane gjekk frå under behandlinga av saka.

Elizabeth Toft Erichsen, V, møtte for Anne-Beth Njærheim i saka.

Det var 46 representantar til stades.

Røysting

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Hordaland fylkeskommune gjev sjølvskuldnargarantiar overfor Ferde AS til følgjande prosjekt:

1. Jondalstunnelen
Sjølvskuldnargaranti for lån på inntil 50 mill. kr.
Garantien omfattar i tillegg inntil 10 % av hovudstol til påløpne kostnader.
Maksimal garantiperiode er fram til utgangen av 2024.
2. Fastlandssambandet Halsnøy
Sjølvskuldnargaranti for lån på inntil 130 mill. kr.
Garantien omfattar i tillegg inntil 10 % av hovudstol til påløpne kostnader.
Maksimal garantiperiode er fram til utgangen av 2023.
3. Bømlopakken
Sjølvskuldnargaranti for lån på inntil 600 mill. kr.
Garantien omfattar i tillegg inntil 10 % av hovudstol til påløpne kostnader.
Maksimal garantiperiode er fram til utgangen av 2030.
4. Kvammapakken
Sjølvskuldnargaranti for lån på inntil 370 mill. kr.
Garantien dekkjer i tillegg inntil 10 % av hovudstol til påløpne kostnader.
Maksimal garantiperiode er fram til utgangen av 2030.
5. Vossapakken
Sjølvskuldnargaranti for lån på inntil 610 mill. kr.
Garantien omfattar i tillegg inntil 10 % av hovudstol til påløpne kostnader.
Maksimal garantiperiode er fram til utgangen av 2030.

6. Hardangerbrua
Sjølvskuldnargaranti for lån på inntil 1 430 mill. kr.
Garantien omfattar i tillegg inntil 10 % av hovudstol til påløpne kostnader.
Maksimal garantiperiode er fram til utgangen av 2029.
7. Nordhordlandspakken
Sjølvskuldnargaranti for lån på inntil 750 mill. kr.
Garantien omfattar i tillegg inntil 10 % av hovudstol til påløpne kostnader.
Maksimal garantiperiode er fram til utgangen av 2032.
8. Årsnes ferjekai
Sjølvskuldnargaranti for lån på inntil 16 mill. kr.
Garantien omfattar i tillegg inntil 10 % av hovudstol til påløpne kostnader.
Maksimal garantiperiode er fram til utgangen av 2026.
9. Ved garantistilling overfor Ferde AS fell tidlegare vilkår om aksjemajoritet og styrefleirtal i bompengeselskapa bort.

PS 54/18 Prinsipp for prising av kollektivtrafikken i Hordaland

Forslag til innstilling

Følgjande fire hovudprinsipp med underprinsipp vert lagt til grunn for prising av kollektivtrafikken i Hordaland:

1. **A: Generelt prisnivå og årlege prisjusteringar vert vidareført som i dag**
 - A1: *Lågare pris er ikkje det mest effektive verkemiddelet for å få fleire til å reise*
 - A2: *Årlege prisjusteringar gjer det mogleg å halde oppe det generelle prisnivået slik at ein sikrar inntektene til kollektivtrafikken*
 - A3: *Rabattar knytt til tal reiser er eit viktig verkemiddel for å få den einskilde til å reise meir*
2. **B: Prismodellen for buss og bybane i Hordaland skal gjere det enkelt for kunden**
 - B1: *Prismodellen for kollektivtrafikken i Hordaland skal gjere det enkelt for kunden å velje riktig billett*
 - B2: *Kundekategoriar og rabattar skal vere i samsvar med etablert bransjepraksis og nasjonale normer*
 - B3: *Prisstrukturen i Hordaland er basert på store, geografiske soner*
 - B4: *Billetter skal kunne kjøpast til lik pris i alle salskanalar og gjelde heile døgnet*
3. **C: Prismodell for båt i Hordaland skal gjere det enkelt for kunden**
 - C1: *Prismodellen for båt i Hordaland skal gjere det enkelt for kunden å velje riktig billett*
 - C2: *Kundekategoriar og rabattar skal vere i samsvar med etablert bransjepraksis og nasjonale normer*
 - C3: *Prisstrukturen for båt i Hordaland skal vere basert på ein avstandsbasert prismodell*
4. **D: Avvik frå hovudprinsipp kan nyttast når det vil gi stor effekt**
 - D1: *Hovudregelen om lik pris i alle salskanalar kan i kortare eller lengre periodar fråvikast som eit verkemiddel til å påverke kundane til å nytte nye og meir effektive salskanalar*
 - D2: *Hovudregelen om at alle billetter har same pris og gyldigheit i heile driftsdøgnet kan fråvikast for å oppnå spesifikke mål eller til fordel for meir dynamiske løysingar*
 - D3: *Pris for nye mobilitets- og tilleggstenester må spegle verdien for kunden.*

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 15.05.2018

Gustav Bahus (Frp) sette fram slik protokollmerknad:

«Frp si gruppe vil i denne saka arbeida med den fram mot fylkestinget. Saka er stor og viktig og krev full gruppehandsaming hos oss.»

Marthe Hammer (SV) sette fram slikt forslag:

«Alternativ:

Følgjande fire hovudprinsipp med underprinsipp vert lagt til grunn for prising av kollektivtrafikken i

Hordaland:

1. A: ~~Generelt prisnivå og årlege prisjusteringar vort vidareført som i dag~~

Erstatt overskrift med: *Pris og tilbod skal stimulere folk til å velje kollektivt framfor bil*

- A1: ~~Lågare pris er ikkje det mest effektive verkemiddelet for å få fleire til å reise.~~
Endra punkt A1: Låg pris er eit viktig verkemiddelet for å få fleire til å reise

~~Stryk punkt A2: Årlege prisjusteringar gjer det mogleg å halde oppe det generelle prisnivået slik at ein sikrar inntektene til kollektivtrafikken~~

- A3: Rabattar knytt til tal reiser er eit viktig verkemiddel for å få den einskilde til å reise meir
- *Nytt forslag til A4: Prisane på buss skal stimulere folk til velje buss framfor bil. Derfor må prisen stimulere kollektivtransportens konkurranseevne mot bilen. Så lenge prisane for å passere i bomringen i Bergen er gjennomgåande lågare enn einingstakst på buss gjennom store delar av døgnet, så skal bussprisane holdast nede.*
- *Nytt forslag til A5: Bompenginntektane skal brukast til drift av kollektivtransport. Generelt prisnivå og årlege justeringar av bussprisar må derfor justerast samtidig med justeringar for satsane i bompengeringen, og vris slik at bussprisane er lågare enn prisen for å passere i bomringen.*
- *Nytt forslag til A6: I fastsetjing av prisane skal ein sjele til prisnivå for kollektivtrafikk i dei andre største byane i Noreg.*

2. B: Prismodellen for buss og bybane i Hordaland skal gjere det enkelt for kunden

- B1: Prismodellen for kollektivtrafikken i Hordaland skal gjere det enkelt for kunden å velje riktig billett
- B2: Kundekategoriar og rabattar skal vere i samsvar med etablert bransjepraksis og nasjonale normer
- B3: Prisstrukturen i Hordaland er basert på store, geografiske soner
- B4: Billetter skal kunne kjøpast til lik pris i alle salskanalar og gjelde heile døgnet

3. C: Prismodell for båt i Hordaland skal gjere det enkelt for kunden

- C1: Prismodellen for båt i Hordaland skal gjere det enkelt for kunden å velje riktig billett
- C2: Kundekategoriar og rabattar skal vere i samsvar med etablert bransjepraksis og nasjonale normer
- C3: Prisstrukturen for båt i Hordaland skal vere basert på ein avstandsbasert prismodell

4. D: Avvik frå hovudprinsipp kan nyttast når det vil gi stor effekt

- D1: Hovudregelen om lik pris i alle salskanalar kan i kortare eller lengre periodar fråvikast som eit verkemiddel til å påverke kundane til å nytte nye og meir effektive salskanalar
- D2: Hovudregelen om at alle billetter har same pris og gyldigheit i heile driftsdøgnet kan fråvikast for å oppnå spesifikke mål eller til fordel for meir dynamiske løysingar

Tillegg til D2: Prisdifferansering som verkemiddel for å fordele tal reiser på ein større del av driftsdøgnet er ikkje ein aktuell problemstilling.

- D3: Pris for nye mobilitets- og tilleggstenester må spegle verdien for kunden.
- *Nytt punkt D4: Hovudregelen om lik pris i alle salskanalar kan fråvikast som eit verkemiddel for å stimulere til auka reiseliv og til å få fleire nye reisande på distriktsruter.»*

Geir Angeltveit (V) sette fram slikt forslag:

«Fylkesrådmannen sitt forslag, med slike endringar (understreka):

Endring tillegg A1:

Lågare pris er ikkje det mest effektive verkemiddelet for å få fleire til å reise/, men prising av kollektivtrafikken bør optimaliserast mot å bidra til flest mogeleg reisande.

Endring tillegg A2:

Årlege prisjusteringar gjer det mogleg å halde oppe det generelle prisnivået slik at ein sikrar inntektene til kollektivtrafikken/, men prisauke som følgje av justering skal alltid haldes låvere enn kostnadsutviklinga ved å velja bil på tilsvarande reiser.

Nytt punkt D4:

Prisstruktur og tenester skal vere enkle og oversiktlege for å legge til rette for auka bruk av kollektiv blant turistar og tilreisande.»

Rasmus Laupsa Rasmussen (A) sette på vegner av A, Sp, KrF og SV fram slikt forslag:

«Alternativ:

Partia ser ikkje trong for å slå fast prinsippa som er skissert i saksframlegget.»

Gustav Bahus (Frp) sette på vegner av Frp og V fram slikt forslag (a):

«Utval for miljø og samferdsel tek saka til førebels orientering og jobbar vidare med innspel og sjølve saka fram mot fylkestinget.»

Gustav Bahus (Frp) sette på vegner av Frp og V fram slikt forslag (b):

«Nytt punkt 4D:

Alle avvik frå hovudprinsippa som er skissert i saka skal politisk handsamast.»

Geir Angeltveit (V) sette fram slik protokollmerknad:

«Venstre vil merka seg at det kjem inn forslag om å gå vekk frå saka om innføring av prinsipp. Dette har me ikkje handsama i vår gruppe då det kom i møtet. Og me må difor drøfta det fram mot fylkesutvalet/fylkestinget.»

Røysting

Bahus sitt forslag (a) fekk 4 røyster (Frp, V, MDG) og fall.

Bahus sitt forslag (b) fekk 7 røyster (Frp, V, MDG, H) og fall.

Hammer sitt forslag fekk 1 røyst (SV) og fall.

Angeltveit sitt forslag fekk 1 røyst (V) og fall.

Rasmussen sitt forslag fekk 8 røyster (A, Sp, KrF, SV) og vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Fylkesrådmannen sitt forslag fekk 3 røyster (H) og fall.

Innstilling til fylkesutvalet

Partia ser ikkje trong for å slå fast prinsippa som er skissert i saksframlegget.

Protokollmerknad frå Frp

Frp si gruppe vil i denne saka arbeida med den fram mot fylkestinget. Saka er stor og viktig og krev full gruppehandsaming hos oss.

Protokollmerknad frå V

Venstre vil merka seg at det kjem inn forslag om å gå vekk frå saka om innføring av prinsipp. Dette har me ikkje handsama i vår gruppe då det kom i møtet. Og me må difor drøfta det fram mot fylkesutvalet/fylkestinget.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 31.05.2018

Sigbjørn Framnes, Frp, sette på vegner av Frp, H og MDG fram slikt forslag A):

«Alternativ:

Prinsipp for prising

1. Årlige prisjusteringer skal skje i budsjettprosessen.
2. Prisen for reiser må ligge på et nivå som gjør det attraktivt å velje kollektivt.
3. Det skal være enkelt for kunden å kjøpe billetter, samt skjønne rabattordninger.
4. Systemet må være sikkert slik at alle som reiser kollektivt betaler.
5. Priser kan harmoniseres om tjenlig. I så fall skal dette gjøres i samsvar med den årlige justeringen, og politisk behandles.
6. Ved sammenslåing av Sogn og Fjordane og Hordaland må det legges frem sak for felles prising/samordning.»

Sigbjørn Framnes, Frp, sette fram slikt forslag B):

«Alternativ:

7. Det bør ikke brukes bompenger til å subsidiere kollektiv transport.
8. Det skal ikke innføres rushtidspriser.»

Anne-Beth Njærheim, V, sette fram slikt forslag:

«Fylkesrådmannen sitt forslag, med slike endringar (understreka):

Endring tillegg A1:

Lågare pris er ikkje det mest effektive verkemiddelet for å få fleire til å reise/, men prising av kollektivtrafikken bør optimaliserast mot å bidra til flest mogeleg reisande.

Endring tillegg A2:

Årlege prisjusteringar gjer det mogleg å halde oppe det generelle prisnivået slik at ein sikrar inntektene til kollektivtrafikken/, men prisauke som følgje av justering skal alltid haldes låvere enn kostnadsutviklinga ved å velja bil på tilsvarande reiser.

Nytt punkt D4:

Prisstruktur og tenester skal vere enkle og oversiktlege for å legge til rette for auka bruk av kollektiv blant turistar og tilreisande.»

Aud Karin Oen, SV, sette fram slikt forslag:

«Partia ser ikkje trong for å slå fast prinsippa som er skissert i saksframlegget.»

Røysting

Njærheim sitt forslag fekk 1 røyst (V) og fall.

Framnes sitt forslag A) fekk 7 røyster (Frp/H/V/MDG) og fall.

Framnes sitt forslag B) fekk 2 røyster (Frp) og fall.

Oen sitt forslag fekk 9 røyster (SV/KrF/A/Sp/MDG) og vart vedteke som innstilling til fylkestinget.

Innstillinga fekk ingen røyster og fall.

Innstilling til fylkestinget

Fylkestinget ser ikkje trong for å slå fast prinsippa som er skissert i saksframlegget.

Saksprotokoll i fylkestinget - 12. og 13.06.2018

Geir Angeltveit, V, sette fram slikt forslag:

«Fylkesrådmannen sitt forslag, med slike endringar (understreka):

Endring tillegg A1:

Lågare pris er ikkje det mest effektive verkemiddelet for å få fleire til å reise/, men prising av kollektivtrafikken bør optimaliserast mot å bidra til flest moglege reisande.

Endring tillegg A2:

Årlege prisjusteringar gjer det mogleg å halde oppe det generelle prisnivået slik at ein sikrar inntektene til kollektivtrafikken/, men prisauke som følgje av justering skal alltid haldes låvere enn kostnadsutviklinga ved å velja bil på tilsvarende reiser.

Nytt punkt D4:

Prisstruktur og tenester skal vere enkle og oversiktlege for å legge til rette for auka bruk av kollektiv blant turistar og tilreisande.»

Astrid Aarhus Byrknes, KrF, sette på vegner av KrF, Sp, A og SV fram slikt forslag:

«Alternativ:

Fylkestinget ønskjer ikkje å realitetshandsame prinsippa i denne saka. Fylkestinget vil koma att ende til prising av kollektiv i årlege budsjettframlegg.»

Tom Sverre Tomren, MDG, sette på vegner av MDG, H og Frp fram slikt forslag:

«Alternativ:

Prinsipp for prising

1. Årlige prisjusteringar skal skje i budsjettprosessen.
2. Prisen for reiser må ligge på et nivå som gjer det attraktivt å velje kollektivt.
3. Det skal være enkelt for kunden å kjøpe billetter, samt skjønne rabattordningar.
4. Systemet må være sikkert slik at alle som reiser kollektivt betaler.
5. Priser kan harmoniseres om tjenlig. I så fall skal dette gjeres i samsvar med den årlige justeringen, og politisk behandles.
6. Ved sammenslåing av Sogn og Fjordane og Hordaland må det legges fram sak for felles prising/samordning.»

Sigbjørn Framnes, Frp, sette fram slikt forslag:

«Alternativ:

7. Det bør ikke brukes bompenger til å subsidiere kollektiv transport.
8. Det skal ikke innføres rushtidspriser.»

Røysting

Innstillinga fekk ingen røyster og fall.

Byrknes sitt forslag fekk 32 røyster (KrF, Sp, SV, R, A) og vart vedteke.

Tomren sitt forslag fekk 22 røyster (MDG, H, Frp) og fall.

Framnes sitt forslag fekk 7 røyster (Frp) og fall.

Angeltveit sitt forslag fekk 3 røyster (V) og fall.

Vedtak

Fylkestinget ønskjer ikkje å realitetshandsame prinsippa i denne saka. Fylkestinget vil koma att ende til prising av kollektiv i årlege budsjettframlegg.

PS 55/18 Revisjon av Bømlopakken

Forslag til innstilling

1. Fylkestinget sluttar seg til det føreslåtte opplegget for revisjon av Bømlopakken slik det er skissert i det faglege grunnlaget frå Statens vegvesen Region vest datert 14.05.2018. Dette inneber eit bompenggebidrag på 554 mill. 2018-kr til den reviderte pakken. Ramma for bompengar vert endeleg fastsatt etter KS2 av pakken. Fylkeskommunen skal bidra med 298 mill. 2018-kr og Bømlø kommune med 1,7 mill. kr i 2018.
2. Det vert lagt til grunn at utbygginga i den reviderte pakken skjer i 2018–2023.
3. Det skal etablerast fire nye bomstasjonar rundt Svortland sentrum i 2021. Bompenggeinnkrevjinga i bomstasjonen på Spissøya skal fortsette med endra takstar frå og med 2021. Bompenggeinnkrevjinga skal fortsette på ferjesambandet Buavåg-Langevåg til og med 2035.
4. Ved bruk av elektronisk brikke får køyretøy i takstgruppe 1 ein rabatt på 20 pst. Det blir ikkje gitt rabatt til køyretøy i takstgruppe 2. Det er lagt til grunn at nullutsløppskøyretøy skal ha inntil 50 pst. av taksten for konvensjonelle køyretøy.
5. Det er lagt til grunn innføring av eit månadleg passeringstak på 40 passeringar for begge takstgrupper. I tillegg blir det innført timesregel.
6. Når innkrevjinga i dei nye bomstasjonane startar, er det lagt til grunn ei gjennomsnittleg inntekt per passering på om lag 20-22 kr (i 2018-kr) i alle fem bomstasjonane. Dette tilsvarar om lag:
 - 38–45 kr for køyretøy i takstgruppe 1 (kjøretøy med tillatt totalvekt til og med 3500 kg samt køyretøy i køyretøykategori M1 med elektronisk brikke og gyldig avtale)
 - Kjøretøy i takstgruppe 2 (kjøretøy med tillatt totalvekt frå og med 3501 kg ekskl. køyretøy i køyretøykategori M1 med elektronisk brikke og gyldig avtale) betaler dobbel takst.
7. Endeleg takst- og rabattsystem skal leggjast fram for lokalpolitisk behandling i god tid før innkrevjinga tek til.
8. Bompenggeperioden er sett til 15 år frå innkrevjingstart i dei fire nye bomstasjonane.
9. Fram til innkrevjinga kan starte i det nye bompenggeopplegget, fortset innkrevjinga som før i eksisterande bomstasjon på Spissøya og i ferjesambandet Langevåg-Buavåg. Takst- og rabattsystemet i bomstasjonen på Spissøya skal snarleg leggjast om i tråd med føresetnadene i Prop. 1 S Tillegg 2 (2015-2016). Dette skal gjerast i eiga sak.
10. Under føresetnad av Kommunal- og moderniseringsdepartementets godkjenning, garanterer Hordaland fylkeskommune ved sjølvskuldnarkausjon for eit maksimalt låneopptak for bompengeselskapet, avgrensa til 867 mill. kr for heile Bømlopakken, med tillegg av 10 % av til ein kvar tid gjeldande hovudstol til dekning av eventuelle renter og omkostningar. Det samla garantibeløpet vert følgeleg 954 mill. kr. Garantien vert gitt med pant i bompengeselskapets rett til å krevje inn bompengar.
11. Garantien gjeld frå fyrste opptrekk på finansieringa i samband med rekvisisjonar frå Statens vegvesen i byggjeperioden, og gjennom innkrevjingsperioden på 15 år frå oppstart på innkrevjinga i dei nye bomstasjonane. Innkrevjingsperioden kan i særskilte tilfelle forlengast med inntil fem år. I tillegg skal garantien gjelde inntil to år, jf. garantiføresegna § 3. Samla garantitid vert, inkludert byggjeperioden, på inntil 25 år frå fyrste opptrekk på finansieringa i samband med rekvisisjonar frå Statens vegvesen. Garantisten sine utlegg kan dekkast gjennom ein auke av realkastane med inntil 20 % og ein forlenging av bompenggeperioden med inntil 5 år. Garantien gjeld inntil bompengeselskapets gjeld er nedbetalt og vert redusert i takt med nedbetalinga av lån. Det føresetast at garantien vert sikra 1. prioritet i retten til å krevje inn bompengar.
12. Ansvar for innkrevjing og delfinansiering av Bømlopakken med bompengar skal leggjast inn i det regionale bompengeselskapet Ferde AS i tråd med den nye organiseringa i bompengesektoren.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 31.05.2018

Følgjande representantar stilte spørsmål om dei var inhabile:

- Synnøve Solbakken, A, er styreleiar for Bømlo Vegselskap AS.
- Anne-Beth Njærheim, V, er styremedlem i Bømlo Vegselskap AS.

Solbakken og Njærheim gjekk frå under vurderinga av spørsmålet om dei var inhabile. Fylkesutvalet vedtok samrøystes at Synnøve Solbakken og Anne-Beth Njærheim var inhabile etter forvaltningslova § 6, 1. ledd e).

Synnøve Solbakken og Anne-Beth Njærheim gjekk frå under behandlinga av saka. Det var 13 representantar til stades.

Pål Kårbø, KrF, sette på vegner av KrF, A, Sp, SV, MDG, Frp og H slik protokollmerknad:

«Fylkesutvalet registrerer at det ikkje er samsvar vedrørende passeringstak og eventuell tidsregel i den fylkeskommunale og den kommunale sakshandsaminga.

Fylkesutvalet bed fylkesrådmannen avklara dette fram mot fylkestinget i juni.»

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart vedteke som innstilling til fylkestinget mot 2 røyster (Frp).

Innstilling til fylkestinget

1. Fylkestinget sluttar seg til det føreslåtte opplegget for revisjon av Bømlopakken slik det er skissert i det faglege grunnlaget frå Statens vegvesen Region vest datert 14.05.2018. Dette inneber eit bompengbidrag på 554 mill. 2018-kr til den reviderte pakken. Ramma for bompengar vert endeleg fastsatt etter KS2 av pakken. Fylkeskommunen skal bidra med 298 mill. 2018-kr og Bømlo kommune med 1,7 mill. kr i 2018.
2. Det vert lagt til grunn at utbygginga i den reviderte pakken skjer i 2018–2023.
3. Det skal etablerast fire nye bomstasjonar rundt Svortland sentrum i 2021. Bompenggeinnkrevjinga i bomstasjonen på Spissøya skal fortsette med endra takstar frå og med 2021. Bompenggeinnkrevjinga skal fortsette på ferjesambandet Buavåg-Langevåg til og med 2035.
4. Ved bruk av elektronisk brikke får køyretøy i takstgruppe 1 ein rabatt på 20 pst. Det blir ikkje gitt rabatt til køyretøy i takstgruppe 2. Det er lagt til grunn at nullutsleppskøyretøy skal ha inntil 50 pst. av taksten for konvensjonelle køyretøy.
5. Det er lagt til grunn innføring av eit månadleg passeringstak på 40 passeringar for begge takstgrupper. I tillegg blir det innført timesregel.
6. Når innkrevjinga i dei nye bomstasjonane startar, er det lagt til grunn ei gjennomsnittleg inntekt per passering på om lag 20-22 kr (i 2018-kr) i alle fem bomstasjonane. Dette tilsvarar om lag:
 - 38–45 kr for køyretøy i takstgruppe 1 (køyretøy med tillatt totalvekt til og med 3500 kg samt køyretøy i køyretøykategori M1 med elektronisk brikke og gyldig avtale)
 - Køyretøy i takstgruppe 2 (køyretøy med tillatt totalvekt frå og med 3501 kg ekskl. køyretøy i køyretøykategori M1 med elektronisk brikke og gyldig avtale) betaler dobbel takst.
7. Endeleg takst- og rabattsystem skal leggast fram for lokalpolitisk behandling i god tid før innkrevjinga tek til.
8. Bompengeperioden er sett til 15 år frå innkrevjingstart i dei fire nye bomstasjonane.
9. Fram til innkrevjinga kan starte i det nye bompengepellet, fortset innkrevjinga som før i eksisterande bomstasjon på Spissøya og i ferjesambandet Langevåg-Buavåg. Takst- og rabattsystemet i bomstasjonen på Spissøya skal snarleg leggast om i tråd med føresetnadene i Prop. 1 S Tillegg 2 (2015-2016). Dette skal gjerast i eiga sak.
10. Under føresetnad av Kommunal- og moderniseringsdepartementets godkjenning, garanterer Hordaland fylkeskommune ved sjølvskuldarnarkausjon for eit maksimalt låneopptak for

bompengeselskapet, avgrensa til 867 mill. kr for heile Bømlopakken, med tillegg av 10 % av til ein kvar tid gjeldande hovudstol til dekning av eventuelle renter og omkostningar. Det samla garantibeløpet vert følgjeleg 954 mill. kr. Garantien vert gitt med pant i bompengeselskapets rett til å krevje inn bompengar.

11. Garantien gjeld frå fyrste opptrekk på finansieringa i samband med rekvisisjonar frå Statens vegvesen i byggjeperioden, og gjennom innkrevjingsperioden på 15 år frå oppstart på innkrevjinga i dei nye bomstasjonane. Innkrevjingsperioden kan i særskilte tilfelle forlengast med inntil fem år. I tillegg skal garantien gjelde inntil to år, jf. garantiføresegna § 3. Samla garantitid vert, inkludert byggjeperioden, på inntil 25 år frå fyrste opptrekk på finansieringa i samband med rekvisisjonar frå Statens vegvesen. Garantisten sine utlegg kan dekkast gjennom ein auke av realtakstane med inntil 20 % og ein forlenging av bompengeperioden med inntil 5 år. Garantien gjeld inntil bompengeselskapets gjeld er nedbetalt og vert redusert i takt med nedbetalinga av lån. Det føresetast at garantien vert sikra 1. prioritet i retten til å krevje inn bompengar.
12. Ansvar for innkrevjing og delfinansiering av Bømlopakken med bompengar skal leggst inn i det regionale bompengeselskapet Ferde AS i tråd med den nye organiseringa i bompengesektoren.

Protokollmerknad frå KrF, A, Sp, SV, MDG, Frp og H

Fylkesutvalet registrerer at det ikkje er samsvar vedrørande passeringstak og eventuell tidsregel i den fylkeskommunale og den kommunale sakshandsaminga.

Fylkesutvalet bed fylkesrådmannen avklara dette fram mot fylkestinget i juni.

Saksprotokoll i fylkestinget - 12. og 13.06.2018

Følgjande representantar stilte spørsmål om dei var inhabile:

- Synnøve Solbakken, A, er styreleiar for Bømlo Vegselskap AS.
- Anne-Beth Njærheim, V, er styremedlem i Bømlo Vegselskap AS.
- Geir Angeltveit, V, er varamedlem til styret i Bømlo Vegselskap AS.
- Svein Halleraker, H, er varamedlem til styret i Bømlo Vegselskap AS.

Solbakken, Njærheim, Halleraker og Angeltveit gjekk frå under vurderinga av spørsmålet om dei var inhabile. Fylkesutvalet vedtok samrøystes at Synnøve Solbakken, Anne-Beth Njærheim og Svein Halleraker var inhabile etter forvaltningslova § 6, 1. ledd e). Geir Angeltveit vart ikkje funne inhabil etter forvaltningslova § 6, 2.

Synnøve Solbakken, Anne-Beth Njærheim og Svein Halleraker, gjekk frå under behandlinga av saka.

Elizabeth Toft Erichsen, V, møtte for Anne-Beth Njærheim i saka.

Det var 55 representantar til stades.

Pål Kårbø, KrF, sette fram slikt forslag:

«Endring:

Punkt 1

Fylkestinget sluttar seg til det føreslåtte opplegget for revisjon av Bømlopakken slik det er skissert i det faglege grunnlaget frå Statens vegvesen Region vest datert 14.05.2018, med dei justeringane som kjem fram i prioriteringstabell nedanfor og endring i passeringstak frå 40 til 30 som kjem fram av vedtakspunkt 5. Finansieringsplan inneber eit bompengedrag på 554 mill. 2018-kr til den reviderte pakken. Ramma for bompengar vert endeleg fastsatt etter KS2 av pakken. Fylkeskommunen skal bidra med 298 mill. 2018-kr og Bømlo kommune med 1,7 mill. kr i 2018.

Det vert lagt til grunn følgjande prioritering:

Pri.	Veg	Vegstrekning	Planstatus	Kostnads- overslag 2018 -kr
1	Fv 541	Sakseid – Hestaneset	Reguleringsplan vedtatt	410
2	Fv 542	Notland – Mosterhamn	Reguleringsplan venta godkjent våren 2018	33
3	Fv 541	Sakseid-Ekornsæter	Reguleringsplan venta godkjent hausten 2018	204
4	Fv 12	Sakseid – Grønnevik	Ikkje behov for reguleringsplan	11
5	Fv 23	Tørmødsetre – Gilje	Ikkje behov for reguleringsplan	15
		Ramme til mindre utbetringar	Ikkje behov for reguleringsplan	108
		Bomstasjonar	Manglar reguleringsplan	16
		Sluttrekninger ferdigstilte prosjekt	Ferdig bygd	57
Totale kostnader Bømløpke II				854
Reserveliste				
6	Fv 17	Olakjosen – Laurhammerkjosen	Ikkje behov for reguleringsplan	25
7	Fv 15	Grindheimsvegen/Totlandsvegen	Manglar reguleringsplan	51
8	Fv 541	Kulleseid – rasteplass	Reguleringsplan vedtatt	5
9	Ny	Tverråno – Hollunds dalen	Manglar reguleringsplan	102
10	Fv 19	Rubbestadneset – Rølsnes (Brubakken-Stongervåg)	Manglar reguleringsplan	43
11	Fv 542	Miljøgate Svortland	Reguleringsplanarbeidet starta	31
12	Fv 23	Tverråno – Alvsvåg	Reguleringsplanarbeidet starta	72
Totalkostnader reserveliste				329

Alternativ:

Punkt 5

Det vert lagt til grunn innføring av eit månadleg passeringstak på 30 passeringar for begge takstgrupper. Hordaland fylkeskommune sluttar seg til at det vert innført timesregel på 60 minutt, men ber om at Statens vegvesen vurderer om det kan innførast halvtimesregel.»

Røysting

Det var 53 representantar til stades.

Kårbø sitt forslag punkt 1 fekk 45 røyster (A, KrF, Sp, SV, V, MDG, H) og vart vedteke mot 8 røyster (Frp, R). Innstillinga punkt 1 fekk ingen røyster og fall.

Kårbø sitt forslag punkt 5 vart samrøystes vedteke.

Innstillinga punkt 2-4 og 6-12 vart vedteke mot 1 røyst (R).

Vedtak

1. Fylkestinget sluttar seg til det føreslåtte opplegget for revisjon av Bømlopakken slik det er skissert i det faglege grunnlaget frå Statens vegvesen Region vest datert 14.05.2018, med dei justeringane som kjem fram i prioriteringstabell nedanfor og endring i passeringstak frå 40 til 30 som kjem fram av vedtakspunkt 5. Finansieringsplan inneber eit bompenggebidrag på 554 mill. 2018-kr til den reviderte pakken. Ramma for bompengar vert endeleg fastsatt etter KS2 av pakken. Fylkeskommunen skal bidra med 298 mill. 2018-kr og Bømlø kommune med 1,7 mill. kr i 2018.

Det vert lagt til grunn følgjande prioritering:

Pri.	Veg	Vegstrekning	Planstatus	Kostnads- overslag 2018 -kr
1	Fv 541	Sakseid - Hestaneset	Reguleringsplan vedtatt	410
2	Fv 542	Notland - Mosterhamn	Reguleringsplan venta godkjent våren 2018	33
3	Fv 541	Sakseid-Ekornsæter	Reguleringsplan venta godkjent hausten 2018	204
4	Fv 12	Sakseid - Grønnevik	Ikkje behov for reguleringsplan	11
5	Fv 23	Tormodsetre - Gilje	Ikkje behov for reguleringsplan	15
		Ramme til mindre utbetringar	Ikkje behov for reguleringsplan	108
		Bomstasjonar	Mangler reguleringsplan	16
		Sluttrekninger ferdigstilte prosjekt	Ferdig bygd	57
Totale kostnader Bømløpakke II				854
Reserveliste				
6	Fv 17	Olakjosen - Laurhammerkjosen	Ikkje behov for reguleringsplan	25
7	Fv 15	Grindheimsvegen/Totlandsvegen	Mangler reguleringsplan	51
8	Fv 541	Kulleseid - rasteplass	Reguleringsplan vedtatt	5
9	Ny	Tverråno - Hollunds dalen	Manglar reguleringsplan	102
10	Fv 19	Rubbestadneset - Rolfsnes (Brubakken-Stongervåg)	Mangler reguleringsplan	43
11	Fv 542	Miljøgate Svortland	Reguleringsplanarbeidet starta	31
12	Fv 23	Tverråno - Alvsvåg	Reguleringsplanarbeidet starta	72
Totalkostnader reserveliste				329

2. Det vert lagt til grunn at utbygginga i den reviderte pakken skjer i 2018–2023.
3. Det skal etablerast fire nye bomstasjonar rundt Svortland sentrum i 2021. Bompenggeinnkrevjinga i bomstasjonen på Spissøya skal fortsette med endra takstar frå og med 2021. Bompenggeinnkrevjinga skal fortsette på ferjesambandet Buavåg-Langevåg til og med 2035.
4. Ved bruk av elektronisk brikke får køyretøy i takstgruppe 1 ein rabatt på 20 pst. Det blir ikkje gitt rabatt til køyretøy i takstgruppe 2. Det er lagt til grunn at nullutsløppskøyretøy skal ha inntil 50 pst. av taksten for konvensjonelle køyretøy.
5. Det vert lagt til grunn innføring av eit månadleg passeringstak på 30 passeringar for begge takstgrupper. Hordaland fylkeskommune sluttar seg til at det vert innført timesregel på 60 minutt, men ber om at Statens vegvesen vurderer om det kan innførast halvtimesregel.
6. Når innkrevjinga i dei nye bomstasjonane startar, er det lagt til grunn ei gjennomsnittleg inntekt per passering på om lag 20-22 kr (i 2018-kr) i alle fem bomstasjonane. Dette tilsvarar om lag:
 - 38–45 kr for køyretøy i takstgruppe 1 (kjøretøy med tillatt totalvekt til og med 3500 kg samt køyretøy i køyretøykategori M1 med elektronisk brikke og gyldig avtale)
 - Kjøretøy i takstgruppe 2 (kjøretøy med tillatt totalvekt frå og med 3501 kg ekskl. kjøretøy i køyretøykategori M1 med elektronisk brikke og gyldig avtale) betaler dobbel takst.
7. Endeleg takst- og rabattsystem skal leggast fram for lokalpolitisk behandling i god tid før innkrevjinga tek til.
8. Bompenggeperioden er sett til 15 år frå innkrevjingstart i dei fire nye bomstasjonane.
9. Fram til innkrevjinga kan starte i det nye bompenggeopplegget, fortset innkrevjinga som før i eksisterande bomstasjon på Spissøya og i ferjesambandet Langevåg-Buavåg. Takst- og rabattsystemet i bomstasjonen på Spissøya skal snarleg leggast om i tråd med føresetnadene i Prop. 1 S Tillegg 2 (2015-2016). Dette skal gjerast i eiga sak.

10. Under føresetnad av Kommunal- og moderniseringsdepartementets godkjenning, garanterer Hordaland fylkeskommune ved sjølvskuldarnarkausjon for eit maksimalt låneopptak for bompengeselskapet, avgrensa til 867 mill. kr for heile Bømlopakken, med tillegg av 10 % av til ein kvar tid gjeldande hovudstol til dekning av eventuelle renter og omkostningar. Det samla garantibeløpet vert følgjeleg 954 mill. kr. Garantien vert gitt med pant i bompengeselskapets rett til å krevje inn bompengar.
11. Garantien gjeld frå fyrste opptrekk på finansieringa i samband med rekvisisjonar frå Statens vegvesen i byggjeperioden, og gjennom innkrevjingsperioden på 15 år frå oppstart på innkrevjinga i dei nye bomstasjonane. Innkrevjingsperioden kan i særskilte tilfelle forlengast med inntil fem år. I tillegg skal garantien gjelde inntil to år, jf. garantiføresegna § 3. Samla garantitid vert, inkludert byggjeperioden, på inntil 25 år frå fyrste opptrekk på finansieringa i samband med rekvisisjonar frå Statens vegvesen. Garantisten sine utlegg kan dekkast gjennom ein auke av realkastane med inntil 20 % og ein forlenging av bompengeperioden med inntil 5 år. Garantien gjeld inntil bompengeselskapets gjeld er nedbetalt og vert redusert i takt med nedbetalinga av lån. Det føresetast at garantien vert sikra 1. prioritet i retten til å krevje inn bompengar.
12. Ansvaret for innkrevjing og delfinansiering av Bømlopakken med bompengar skal leggst inn i det regionale bompengeselskapet Ferde AS i tråd med den nye organiseringa i bompengesektoren.

PS 56/18 Evaluering og endringar i rammeavtalen med Statens vegvesen

Forslag til innstilling

Fylkestinget sluttar seg til fylkesrådmannen sitt framlegg til justert rammeavtale med vedlegg, slik at denne kan inngåast med verknad frå 01.08.2018.

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 15.05.2018

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

Fylkestinget sluttar seg til fylkesrådmannen sitt framlegg til justert rammeavtale med vedlegg, slik at denne kan inngåast med verknad frå 01.08.2018.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 31.05.2018

Røysting

Innstillinga vart samrøystes vedteken som innstilling til fylkestinget.

Innstilling til fylkestinget

Fylkestinget sluttar seg til fylkesrådmannen sitt framlegg til justert rammeavtale med vedlegg, slik at denne kan inngåast med verknad frå 01.08.2018.

Saksprotokoll i fylkestinget - 12. og 13.06.2018

Røysting

Det var 56 representantar til stades.

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

Fylkestinget sluttar seg til fylkesrådmannen sitt framlegg til justert rammeavtale med vedlegg, slik at denne kan inngåast med verknad frå 01.08.2018.

PS 57/18 Strategisk utviklingsplan for Vestland fylkeskommune - oppstart av førebunade arbeid for regional planstrategi

Forslag til vedtak

1. Fylkestinget gir fellesnemnda fullmakt til å starte opp førebunade arbeid med regional planstrategi for den nye fylkeskommunen slik det er skissert i saksframlegget.
2. Fylkestinget utset oppstart av revisjon av regional plan for næring og lokalsamfunnsutvikling , regional plan for klima og energi og regional plan for kraftutbygging og ny regional plan for areal-, natur- og kulturminneressursar til nytt fylkesting er konstituert. Arbeid med kunnskapsgrunnlag for desse planane kan starte.

Saksprotokoll i fylkestinget - 12. og 13.06.2018

Natalia Golis, MDG, sette fram slikt forslag A):

«Endring (markert med understreking):

Punkt 2

Fylkestinget utset oppstart av revisjon av regional plan for næring og lokalsamfunnsutvikling , regional plan for klima og energi og regional plan for kraftutbygging og ny regional plan for areal-, natur- og kulturminneressursar til nytt fylkesting er konstituert. Arbeid med kunnskapsgrunnlag for desse planane bør likevel startes opp og arbeides med fortløpande fremover i samarbeid med Sogn og Fjordane.»

Natalia Golis, MDG, sette fram slikt forslag B):

«Tillegg:

Nytt punkt 3

Fylkestinget ber fellesnemnda komme tilbake til desembermøte med orientering om framdrifta for arbeidet.»

Røysting

Det var 55 representantar til stades.

Innstillinga punkt 1 vart samrøystes vedteke.

Golis sitt forslag A) fekk 3 røyster (MDG) og fall.

Innstillinga punkt 2 vart samrøystes vedteke.

Golis sitt forslag B) fekk 3 røyster (MDG) og fall.

Vedtak

1. Fylkestinget gir fellesnemnda fullmakt til å starte opp førebunade arbeid med regional planstrategi for den nye fylkeskommunen slik det er skissert i saksframlegget.
2. Fylkestinget utset oppstart av revisjon av regional plan for næring og lokalsamfunnsutvikling , regional plan for klima og energi og regional plan for kraftutbygging og ny regional plan for areal-, natur- og kulturminneressursar til nytt fylkesting er konstituert. Arbeid med kunnskapsgrunnlag for desse planane kan starte.

PS 58/18 Årsmelding 2017 Hordaland fylkeskommune

Forslag til innstilling

Fylkestinget tek «Årsmelding 2017 Hordaland fylkeskommune» til orientering.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 31.05.2018

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

Innstilling til fylkestinget

Fylkestinget tek «Årsmelding 2017 Hordaland fylkeskommune» til orientering.

Saksprotokoll i fylkestinget - 12. og 13.06.2018

Røysting

Det var 56 representantar til stades.

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Fylkestinget tek «Årsmelding 2017 Hordaland fylkeskommune» til orientering.

PS 59/18 Årsmeldingar for fylkesvegane i Hordaland og Bergensprogrammet 2017

Forslag til innstilling

Fylkestinget tar *Årsmelding for fylkesvegane i Hordaland 2017* og *Årsmelding 2017 for Bergensprogrammet* til orientering.

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 15.05.2018

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

Fylkestinget tar *Årsmelding for fylkesvegane i Hordaland 2017* og *Årsmelding 2017 for Bergensprogrammet* til orientering.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 31.05.2018

Røysting

Innstillinga vart samrøystes vedteken som innstilling til fylkestinget.

Innstilling til fylkestinget

Fylkestinget tar *Årsmelding for fylkesvegane i Hordaland 2017* og *Årsmelding 2017 for Bergensprogrammet* til orientering.

Saksprotokoll i fylkestinget - 12. og 13.06.2018

Marthe Hammer, SV, sette på vegner av SV fram slikt oversendingsforslag til fylkesrådmannen:

«Pilotprosjekt med raud asfalt for syklistar

Eit kortsiktig og enkelt tiltak for å betre tilhøve for syklistar er raud asfalt. Raud asfalt er på veg til å verte ein standard i andre sykkelbyar. Ein har over lengre tid ikkje klart å nytte midlane avsatt til sykkeltiltak gjennom bergensprogrammet. Ein bør sjå om det lar seg gjennomføre å nytte ubrukne sykkelmidlar i 2018 til pilotprosjekt med raud asfalt.»

Røysting

Det var 56 representantar til stades.

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Hammer sitt forslag vart samrøystes vedteke oversendt på vegner av forslagsstillaren utan realitetsbehandling.

Vedtak

Fylkestinget tar *Årsmelding for fylkesvegane i Hordaland 2017* og *Årsmelding 2017 for Bergensprogrammet* til orientering.

PS 60/18 Kollektivstrategi for Hordaland - årsrapport 2017

Forslag til innstilling

Fylkestinget tek Kollektivstrategi for Hordaland – årsrapport 2017 til orientering.

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 14.03.2018

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling ti fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

Fylkestinget tek Kollektivstrategi for Hordaland – årsrapport 2017 til orientering.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 11.04.2018

Sigbjørn Framnes, Frp, sette fram slikt forslag:

«Alternativ:

Km-produksjon i anbudsområda må også verte vist i årsproduksjon (ref. tabell side 27). Dette for lettare samanlikning med tidlegare år. Vert lagt fram for fylkestinget

Fylkestinget tek elles årsmeldinga til orientering.»

Røysting

Framnes sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Innstillinga fekk ingen røyster og fall.

Innstilling til fylkestinget

Km-produksjon i anbudsområda må også verte vist i årsproduksjon (ref. tabell side 27). Dette for lettare samanlikning med tidlegare år. Vert lagt fram for fylkestinget

Fylkestinget tek elles årsmeldinga til orientering.

Saksprotokoll i fylkestinget - 12. og 13.06.2018

Røysting

Det var 55 representantar til stades.

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

Km-produksjon i anbudsområda må også verte vist i årsproduksjon (ref. tabell side 27). Dette for lettare samanlikning med tidlegare år. Vert lagt fram for fylkestinget

Fylkestinget tek elles årsmeldinga til orientering.

PS 61/18 Regionalt forskingsfond Vestlandet - Årsmelding 2017

Forslag til innstilling

Fylkestinget godkjenner årsmeldinga til Regionalt forskingsfond Vestlandet for 2017

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 31.05.2018

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

Innstilling til fylkestinget

Fylkestinget godkjenner årsmeldinga til Regionalt forskingsfond Vestlandet for 2017.

Saksprotokoll i fylkestinget - 12. og 13.06.2018

Marthe Hammer, SV stilte spørsmål om ho var inhabil. Hammer gjekk frå under vurderinga av spørsmålet om ho var inhabil. Fylkestinget vedtok samrøystes at Marthe Hammer ikkje var inhabil.

Røysting

Det var 56 representantar til stades.

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

Fylkestinget godkjenner årsmeldinga til Regionalt forskingsfond Vestlandet for 2017.

PS 62/18 Årsmelding for kontrollutvalet for 2017

Forslag til innstilling

Fylkestinget godkjenner årsmelding 2017 for kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 07.05.2018

Handsaming i møte

Forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Innstilling

Fylkestinget godkjenner årsmelding 2017 for kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune.

Saksprotokoll i fylkestinget - 12. og 13.06.2018

Røysting

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

Fylkestinget godkjenner årsmelding 2017 for kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune.

PS 63/18 Årsmelding for klagenemnda - 2017

Forslag til innstilling

Fylkestinget tek Årsmelding 2017 for klagenemnda til orientering.

Saksprotokoll i klagenemnda - 10.04.2018

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Innstilling til fylkesutvalet

Fylkestinget tek Årsmelding 2017 for klagenemnda til orientering.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 03.05.2018

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Innstilling til fylkestinget

Fylkestinget tek Årsmelding 2017 for klagenemnda til orientering.

Saksprotokoll i fylkestinget - 12. og 13.06.2018

Røysting

Det var 56 representantar til stades.

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

Fylkestinget tek Årsmelding 2017 for klagenemnda til orientering.

PS 64/18 Søknad om fritak frå politiske verv i Hordaland fylkeskommune grunna flytting

Forslag til innstilling

Paloma Farlora får fritak frå vervet som varamedlem til fylkestinget, for resten av denne valperioden 2015-2019.

Saksprotokoll i Valnemnda - 12.06.2018

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

Innstilling til fylkestinget

Paloma Farlora får fritak frå vervet som varamedlem til fylkestinget, for resten av denne valperioden 2015-2019.

Saksprotokoll i fylkestinget - 12. og 13.06.2018

Røysting

Det var 56 representantar til stades.

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

Paloma Farlora får fritak frå vervet som varamedlem til fylkestinget, for resten av denne valperioden 2015-2019.

PS 65/18 Søknad om permisjon frå politiske verv i Hordaland fylkeskommune

Forslag til innstilling

1. Elise Loftheim får permisjon frå verv som varamedlem til fylkestinget, varamedlem i utval for opplæring og helse og varamedlem i Styret for Fagskolen i Hordaland, i tida 01.05.2018 – 21.12.2018.
2. For den tida Elise Loftheim har permisjon gjer fylkestinget slike val:
 - a) Varamedlem til utval for opplæring og helse
 - b) Varamedlem til Styret for Fagskolen i Hordaland:

Saksprotokoll i Valnemnda - 12.06.2018

Silja Ekeland Bjørkly (H) gjorde framlegg om Christer Lilleskare Olsen som varamedlem til utval for opplæring og helse.

Silja Ekeland Bjørkly (H) gjorde framlegg om Caroline Sandven Taule som varamedlem til Styret for Fagskolen i Hordaland.

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 1 vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget. Silja Ekeland Bjørkly sine forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

Innstilling til fylkestinget

1. Elise Loftheim får permisjon frå verv som varamedlem til fylkestinget, varamedlem i utval for opplæring og helse og varamedlem i Styret for Fagskolen i Hordaland, i tida 01.05.2018 – 21.12.2018.
2. For den tida Elise Loftheim har permisjon gjer fylkestinget slikt val:

Varamedlem til utval for opplæring og helse: Christer Lilleskare Olsen
Varamedlem til Styret for Fagskolen i Hordaland: Caroline Sandven Taule

Saksprotokoll i fylkestinget - 12. og 13.06.2018

Røysting

Det var 56 representantar til stades.

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

3. Elise Loftheim får permisjon frå verv som varamedlem til fylkestinget, varamedlem i utval for opplæring og helse og varamedlem i Styret for Fagskolen i Hordaland, i tida 01.05.2018 – 21.12.2018.
4. For den tida Elise Loftheim har permisjon gjer fylkestinget slikt val:

Varamedlem til utval for opplæring og helse: Christer Lilleskare Olsen
Varamedlem til Styret for Fagskolen i Hordaland: Caroline Sandven Taule

PS 66/18 Søknad om fritak frå fylkeskommunale verv - Henriette Tyse Nygård

Forslag til innstilling

1. Henriette Tyse Nygård får fritak frå verva som varamedlem til fylkestinget og varamedlem til utval for kultur, idrett og regional utvikling for resten av denne valperioden 2015-2019.
2. For resten av denne valperioden gjer fylkestinget slikt val:

- Varamedlem til utval for kultur, idrett og regional utvikling:

Saksprotokoll i Valnemnda - 12.06.2018

Benthe Bondhus (Sp) gjorde framlegg om Benthe Bondhus som varamedlem til utval for kultur, idrett og regional utvikling.

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 1 vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.
Benthe Bondhus sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

Innstilling til fylkestinget

1. Henriette Tyse Nygård får fritak frå verva som varamedlem til fylkestinget og varamedlem til utval for kultur, idrett og regional utvikling for resten av denne valperioden 2015-2019.
2. For resten av denne valperioden gjer fylkestinget slikt val:
 - Varamedlem til utval for kultur, idrett og regional utvikling: Benthe Bondhus

Saksprotokoll i fylkestinget - 12. og 13.06.2018

Røysting

Det var 56 representantar til stades.

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

1. Henriette Tyse Nygård får fritak frå verva som varamedlem til fylkestinget og varamedlem til utval for kultur, idrett og regional utvikling for resten av denne valperioden 2015-2019.
2. For resten av denne valperioden gjer fylkestinget slikt val:
 - Varamedlem til utval for kultur, idrett og regional utvikling: Benthe Bondhus

PS 67/18 Søknad om fritak fra verv som varamedlem i utval for opplæring og helse

Forslag til innstilling

1. Eirik Stene Wichstad får fritak frå vervet som varamedlem i utval for opplæring og helse, for resten av denne valperioden 2015-2019.
2. For resten av denne valperioden 2015-2019 gjer fylkestinget slikt val:

Varamedlem til utval for opplæring og helse

Saksprotokoll i Valnemnda - 12.06.2018

Terje Kollbotn (R) gjorde framlegg om Ingeborg Hordvik som varamedlem til utval for opplæring og helse.

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 1 vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.
Terje Kollbotn sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

Innstilling til fylkestinget

1. Eirik Stene Wichstad får fritak frå vervet som varamedlem i utval for opplæring og helse, for resten av denne valperioden 2015-2019.
2. For resten av denne valperioden 2015-2019 gjer fylkestinget slikt val:

Varamedlem til utval for opplæring og helse: Ingeborg Hordvik

Saksprotokoll i fylkestinget - 12. og 13.06.2018

Terje Kollbotn, R, sette fram slikt forslag:

«Alternativ:

Punkt 2 går ut.»

Røysting

Det var 56 representantar til stades.

Innstillinga med Kollbotn sitt forslag vart samrøystes vedteken.

Vedtak

Eirik Stene Wichstad får fritak frå vervet som varamedlem i utval for opplæring og helse, for resten av denne valperioden 2015-2019.

PS 68/18 Søknad om fritak ut valperioden

Forslag til innstilling

1. Synnøve Lie Johannesen får fritak frå verv som varamedlem til fylkestinget, varamedlem i utval for opplæring og helse og varamedlem i valnemnda, for resten av denne valperioden 2015-2019.
2. For resten av denne valperioden 2015-2019, gjer fylkestinget slike val:
 - a) Varamedlem til utval for opplæring og helse:
 - b) Varamedlem til valnemnda:

Saksprotokoll i Valnemnda - 12.06.2018

Terje Kollbotn (R) gjorde framlegg om Jeanette Syversen som varamedlem til utval for opplæring og helse.
Terje Kollbotn (R) gjorde framlegg om Arild Borgen som varamedlem til valnemnda.

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 1 vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.
Terje Kollbotn sine forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

Innstilling til fylkestinget

1. Synnøve Lie Johannesen får fritak frå verv som varamedlem til fylkestinget, varamedlem i utval for opplæring og helse og varamedlem i valnemnda, for resten av denne valperioden 2015-2019.
2. For resten av denne valperioden 2015-2019, gjer fylkestinget slike val:

Varamedlem til utval for opplæring og helse: Jeanette Syversen
Varamedlem til valnemnda: Arild Borgen

Saksprotokoll i fylkestinget - 12. og 13.06.2018

Terje Kollbotn, R, sette fram slikt forslag:

«Alternativ:

Punkt 2

2. For resten av denne valperioden 2015-2019 gjer fylkestinget slikt val:

a) Varamedlem til utval for opplæring og helse: Jeanette Syversen

I den tida Syversen er fast medlem for Solbjørg Marjala i den tida ho har permisjon (fram til 01.11.2018), vert Ingeborg Hordvik vald (fram til 01.11.2018).

b) Varamedlem til valnemnda: Arild Borgen

Røysting

Det var 56 representantar til stades.

Innstillinga med Kollbotn sitt forslag vart samrøystes vedteken.

Vedtak

1. Synnøve Lie Johannesen får fritak frå verv som varamedlem til fylkestinget, varamedlem i utval for opplæring og helse og varamedlem i valnemnda, for resten av denne valperioden 2015-2019.

2. For resten av denne valperioden 2015-2019 gjer fylkestinget slikt val:

a) Varamedlem til utval for opplæring og helse: Jeanette Syversen

I den tida Syversen er fast medlem for Solbjørg Marjala i den tida ho har permisjon (fram til 01.11.2018), vert Ingeborg Hordvik vald (fram til 01.11.2018).

b) Varamedlem til valnemnda: Arild Borgen

PS 69/18 Søknad om fritak frå verv som vararepresentant for Yrkesopplæringsnemnda

Forslag til innstilling

1. Linn Cecilie Moholt får fritak frå vervet som varamedlem i Yrkesopplæringsnemnda frå arbeidsgjevarorganisasjonane, for resten av denne valperioden 2015-2019.

2. For resten av denne valperioden gjer fylkestinget slikt val:

- Varamedlem til Yrkesopplæringsnemnda frå arbeidsgjevarorganisasjonane:

Saksprotokoll i Valnemnda - 12.06.2018

Roald Kvamme (Ap) gjorde framlegg om Tom Lilleskare (frå Frank Mohn, Flatøy) som varamedlem til Yrkesopplæringsnemnda frå arbeidsgjevarorganisasjonane.

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 1 vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

Roald Kvamme sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

Innstilling til fylkestinget

1. Linn Cecilie Moholt får fritak frå vervet som varamedlem i Yrkesopplæringsnemnda frå arbeidsgjevarorganisasjonane, for resten av denne valperioden 2015-2019.

2. For resten av denne valperioden gjer fylkestinget slikt val:

- Varamedlem til Yrkesopplæringsnemnda frå arbeidsgjevarorganisasjonane: Tom Lilleskare

Saksprotokoll i fylkestinget - 12. og 13.06.2018

Røysting

Det var 56 representantar til stades.

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

3. Linn Cecilie Moholt får fritak frå vervet som varamedlem i yrkesopplæringsnemnda frå arbeidsgjevarorganisasjonane, for resten av denne valperioden 2015-2019.

4. For resten av denne valperioden gjer fylkestinget slikt val:

- Varamedlem til yrkesopplæringsnemnda frå arbeidsgjevarorganisasjonane: Tom Lilleskare

PS 70/18 Verdsarvråd for verdsarvstaden Bryggen. Val av to medlem og to varamedlem

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet sluttar seg til den føreslåtte organiseringa av verdsarv arbeidet på Bryggen, med eit verdsarvråd, fagråd, og verdsarvkoordinator. Fylkesutvalet vil velje to politiske representantar til verdsarvrådet, frå posisjon og opposisjon, kvar med ein vararepresentant. Det vert gjort nytt val av politiske representantar etter kvart fylkestingsval.
2. Dei følgjande vert valt som medlem i verdsarvrådet for Bryggen frå Hordaland fylkeskommune for resten av inneverande fylkesvalperiode:

Medlemmer: Varamedlemmer:

.....
.....

Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 24.05.2018

Det vart gjort framlegg om slik endring i punkt 1, andre setning: «Fylkesutvalet» vert endra til «Hordaland fylkeskommune».

Kjell Håland (A) sette fram slikt forslag:

«Punkt 2 i saka går til behandling i valnemnda.»

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 1 med endringa i andre setning vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Håland sitt forslag punkt 2 vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Det vart ikkje røysta over fylkesrådmannen sitt forslag punkt 2.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkesutvalet sluttar seg til den føreslåtte organiseringa av verdsarv arbeidet på Bryggen, med eit verdsarvråd, fagråd, og verdsarvkoordinator. Hordaland fylkeskommune vil velje to politiske representantar til verdsarvrådet, frå posisjon og opposisjon, kvar med ein vararepresentant. Det vert gjort nytt val av politiske representantar etter kvart fylkestingsval.
2. Punkt 2 i saka går til behandling i valnemnda.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 31.05.2018

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

1. Fylkesutvalet sluttar seg til den føreslåtte organiseringa av verdsarv arbeidet på Bryggen, med eit verdsarvråd, fagråd, og verdsarvkoordinator. Hordaland fylkeskommune vil velje to politiske representantar til verdsarvrådet, frå posisjon og opposisjon, kvar med ein vararepresentant. Det vert gjort nytt val av politiske representantar etter kvart fylkestingsval.
2. Punkt 2 i saka går til behandling i valnemnda.

Saksprotokoll i Valnemnda - 12.06.2018

Roald Kvamme (Ap) gjorde framlegg om Kjell Håland som medlem i verdsarvrådet for verdsarvstaden Bryggen frå Hordaland fylkeskommune:

Silja Ekeland Bjørkly (H) gjorde framlegg om Mona Røsvik Strømme som medlem.

Roald Kvamme (Ap) gjorde framlegg om Beate Husa som varamedlem.

Silja Ekeland Bjørkly (H) gjorde framlegg om Geir Kjell Andersland som varamedlem.

Røysting

Roald Kvamme sine forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

Silja Ekeland Bjørkly sine forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

Innstilling til fylkestinget

Dei følgjande vert valt som medlem i verdsarvrådet for Bryggen frå Hordaland fylkeskommune for resten av inneverande fylkesvalsperioden:

Medlemmer:

Kjell Håland

Mona Røsvik Strømme

Varamedlemmer:

Beate Husa

Geir Kjell Andersland

Saksprotokoll i fylkestinget - 12. og 13.06.2018

Røysting

Det var 56 representantar til stades.

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

Dei følgjande vert valt som medlem i verdsarvrådet for Bryggen frå Hordaland fylkeskommune for resten av inneverande fylkesvalsperioden:

Medlemer:

- Kjell Håland
- Mona Røsvik Strømme

Varamedlemer:

- Beate Husa
- Geir Kjell Andersland

PS 71/18 Varsling for politikarar

Forslag til innstilling

Fylkestinget ber fylkesrådmannen utarbeidet forslag til rutinar for varsling for politisk nivå.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 04.06.2018

Handsaming i møte

Utvalet drøfta saka.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Innstilling

Fylkestinget ber fylkesrådmannen utarbeide forslag til rutinar for varsling for politisk nivå.

Saksprotokoll i fylkestinget - 12. og 13.06.2018

Røysting

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

Fylkestinget ber fylkesrådmannen utarbeide forslag til rutinar for varsling for politisk nivå.

PS 72/18 Flytting av bomstasjonar

Forslag til innstilling

Fylkestinget vedtek å flytte bomstasjonane Fv 243 Tellevikvegen, Fv 172 Skageveien/ Grimseidvegen og Fv 580 Hardangervegen som føreslått i saka.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 12.06.2018

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

Innstilling til fylkestinget

Fylkestinget vedtek å flytte bomstasjonane Fv 243 Tellevikvegen, Fv 172 Skageveien/ Grimseidvegen og Fv 580 Hardangervegen som føreslått i saka.

Saksprotokoll i fylkestinget - 12. og 13.06.2018

Røysting

Det var 56 representantar til stades.

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

Fylkestinget vedtek å flytte bomstasjonane Fv 243 Tellevikvegen, Fv 172 Skageveien/ Grimseidvegen og Fv 580 Hardangervegen som føreslått i saka.

PS 73/18 Godtgjersle til folkevalde - justering av satsane i 2018

Forslag til innstilling

Fylkestinget godkjenner at godtgjerslene for politisk arbeid vert auka med 2,8 % pr. 1. mai 2018 og at utrekningssgrunnlaget for politiske verv (fylkesvaraordføraren si godtgjersle) vert fastsett til kr 936 900.

Satsane for tapt arbeidsforteneste og møtegodtgjersle vert auka med 2,8 %.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 12.06.2018

Fylkesrådmannen sitt forslag vart vedteke som innstilling til fylkestinget mot ei røyst (SV).

Innstilling til fylkestinget

Fylkestinget godkjenner at godtgjerslene for politisk arbeid vert auka med 2,8 % pr. 1. mai 2018 og at utrekningsgrunnlaget for politiske verv (fylkesvaraordføraren si godtgjersle) vert fastsett til kr 936 900.

Satsane for tapt arbeidsforteneste og møtegodtgjersle vert auka med 2,8 %.

Saksprotokoll i fylkestinget - 12. og 13.06.2018

Røysting

Det var 56 representantar til stades.

Innstillinga vart vedteken mot 4 røyster (SV, R).

Vedtak

Fylkestinget godkjenner at godtgjerslene for politisk arbeid vert auka med 2,8 % pr. 1. mai 2018 og at utrekningsgrunnlaget for politiske verv (fylkesvaraordføraren si godtgjersle) vert fastsett til kr 936 900.

Satsane for tapt arbeidsforteneste og møtegodtgjersle vert auka med 2,8 %.

PS 74/18 Tilsetjingssak - kst fylkesrådmann

Tilsetjingsutvalet sitt forslag til innstilling

1. Ingrid Kristine Holm Svendsen vert konstituert i stillinga som fylkesrådmann for perioden frå og med 14. juni 2018 til og fram til og med 31. desember 2019.
2. Fylkestinget delegerer fullmakt til varafylkesordførar Pål Kårbø og gruppeleiar Silja Bjørkly å gjere avtale om løn og andre vilkår for stillinga.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 12.06.2018

Tilsetjingsutvalet sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

Innstilling til fylkestinget

1. Ingrid Kristine Holm Svendsen vert konstituert i stillinga som fylkesrådmann for perioden frå og med 14. juni 2018 til og fram til og med 31. desember 2019.
2. Fylkestinget delegerer fullmakt til fylkesvaraordførar Pål Kårbø og gruppeleiar Silja Bjørkly å gjere avtale om løn og andre vilkår for stillinga.

Saksprotokoll i fylkestinget - 12. og 13.06.2018

Røysting

Det var 56 representantar til stades.

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

1. Ingrid Kristine Holm Svendsen vert konstituert i stillinga som fylkesrådmann for perioden frå og med 14. juni 2018 til og fram til og med 31. desember 2019.

2. Fylkestinget delegerer fullmakt til fylkesvaraordfører Pål Kårbø og gruppeleiar Silja Bjørkly å gjere avtale om løn og andre vilkår for stillinga.